

Ingunn Skalstad

**Naturen som arena for utforskning og læring av  
naturfaglege tema i barnehagen og i barneskulen**





Ingunn Skalstad

# **Naturen som arena for utforskning og læring av naturfaglege tema i barnehagen og i barneskulen**

Ei doktoravhandling innanfor  
**Økologi**

© Ingunn Skalstad 2021

Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag

**Universitetet i Søraust-Noreg**

Bø, 2021

**Doktoravhandlinger ved Universitetet i Søraust-Noreg nr. 94**

ISSN: 2535-5244 (trykt)

ISSN: 2535-5252 (online)

ISBN: 978-82-7206-596-5 (trykt)

ISBN: 978-82-7206-595-8 (online)



Denne publikasjonen er lisensiert med ein Creative Commons lisens. Du kan kopiere, distribuere og spre verket i kva som helst format eller medium. Du må føre opp korrekt kreditering, gi ei lenke til lisensen, og

indikere om det er gjort endringar. Sjå dei fullstendige lisensvilkåra på <https://creativecommons.org/licenses/by-nc-sa/4.0/deed.no>

Trykk: Universitetet i Søraust-Noreg

## Føreord

Det er mange som fortener ein takk no når arbeidet med denne doktoravhandlinga nærmar seg slutten. Det har vore fire svært lærerike, interessante, utviklende og arbeidskrevjande år. Eg har hatt behov for både fagleg rettleiing, oppmuntrande ord og også tålmod av dei som er rundt meg for å kome i mål med dette arbeidet.

Eg vil rette ein stor takk til hovudrettlaiaen min, Berit Bungum, for svært god rettleiing og støtte i arbeidet med denne doktoravhandlinga. Takk for kritisk lesing av manuskript og for gode råd undervegs. Du har vore ein effektiv og grundig lesar. Eg har lært mykje om korleis artiklar skal skrivast og korleis ein best kan svare reviwarar som etterspør meir enn eg kan få plass til i eit allereie alt for langt manuskript. Takk også for hyggelege samtalar om både stort og smått, ikkje minst om det gode livet i Sogn.

Takk til medrettlaiaen min, Eli Munkebye, som eg og har skrive to av artiklane saman med. Takk for grundig lesing av diverse manuskript og for konstruktive og kritiske kommentarar undervegs. Det har vore svært lærerikt å diskutere teori, kategoriseringar og analysar med deg. Takk for at du har delt kunnskapen din med meg. Eg har sett stor pris på både dei faglege og ikkje-faglege samtalane me har hatt. Det har vore både hyggeleg og lærerikt.

Betre rettleiarar enn dykk, Berit og Eli, skal ein leite lenge etter. De er fantastiske!

Takk til barnehagelærarar, lærarar og til barna som har tatt del i denne studien. Det har vore svært lærerikt, og ei stor glede, å få høve til å vere saman med dykk på utedagane og å kunne fordjupe seg i dei mange samtalane mellom dykk og barna. Eit meir spanande, morosamt og interessant datamateriale skal ein leite lenge etter.

Takk til Anja Gabrielsen for mange gode råd undervegs og for konstruktive innspel og lesing av manuskript. Det har vore godt å ha deg som «mentor» under doktorgradsarbeidet, og eg er takknemleg for at du har delt erfaringane dine med meg.

Ein stor takk til Liv Gardsjord Lofthus for lån av actionkamera, for gode og hyggelege samtalar og for lesing av artiklar og essay undervegs.

Takk til Anette Hagen og Åsve Murtnes for mange muntre stunder saman i den trivelege «stipendiatgangen». Det er alltid ei glede å vere saman med dykk og også heilt uvurderleg å kunne dele både opp- og nedturar med dykk.

Takk til naturfagskollegaene mine ved USN for heirop og for at de har hatt forståing for at eg har mura meg inne i fire år. Takk til dykk og til instituttleiar Kjetil Reier-Røberg for å ha lagt så godt til rette for at eg har kunna jobbe mest mogeleg samanhengande med doktorgraden. Eg ser fram til å kunne ta større del i både det sosiale og faglege fellesskapet med dykk.

Takk til Elin Leirvoll Aschim for lesing av manuskript midt i julestria.

Takk til gode vene for at de har heia på meg og for at de ikkje har gitt meg opp når dette har stått på som verst og eg ikkje ein gong har klart å svare på hyggelege sms-ar frå dykk. Det skal bli betre! Eg lovar!

Takk til pappa for korrekturlesing undervegs og for at du har oppmuntra meg når arbeidet har gått tregt. Du har heile vegen vist interesse for arbeidet mitt. Og til mamma – eg skulle ønske du framleis var her. Du viste stort engasjement og interesse for arbeidet mitt og eg sette pris på dei mange telefonsamtalane med deg. Eg saknar deg!

Takk til moster Oddfrid for oppmunrande sms-ar undervegs. Til familien elles, både i vest og aust: eg ser fram til å vere meir saman med dykk i tida framover!

Til slutt vil eg takke min kjære mann, Ole-André, og våre fem gutar Ole, Sture, Philip August, Snorre og Torje Benjamin som har vist stort tålmod med meg desse åra. Takk for all støtte og oppmuntringar de har gitt meg undervegs. Det er kvardagen saman med dykk som betyr aller mest!

Bø, desember 2020.

Ingunn Skalstad

## Samandrag

Barn lærer best når læringa tek utgangspunkt i noko barna sjølve er interesserte eller engasjerte i, og når dei får ta aktivt del i eigen læringsprosess. Naturen er ein arena som synest å stimulerer barn si nysgjerrigkeit for naturfaglege tema, både i barnehagen og i skulen. Det er også ein arena der det ligg godt til rette for at barn kan ta aktivt del i eiga læring m.a. gjennom å ta del i utforskande aktivitetar. Samstundes viser forsking at ein i barnehagen i liten grad klarar å utnytte barna sine oppdaginger og opplevingar ute i naturen på ein slik måte at ein legg til rette for gode læringssituasjonar. I skulen opplever ein at elevar si interesse for naturfag minkar med alderen.

I denne doktorgradsavhandlinga undersøker eg korleis lærarar i barnehagen og i barneskulen kan stimulere til og følgje opp barn si nysgjerrigkeit over og utforsking av naturfaglege tema ute i naturen slik at barna utviklar ei djupare interesse for og kunnskap om naturfaglege tema. Avhandlinga omfattar tre artiklar som presenterer resultat frå tre ulike undersøkingar som rettar fokus mot, og belyser ulike aspekt rundt hovudproblemstillinga. I den første artikkelen er hovudfokus retta mot utforskande naturfaglege samtalar, i den andre artikkelen vert barn sine naturfaglege spørsmål undersøkt, medan i den tredje artikkelen er fokus retta mot korleis barn si interesse for naturfaglege tema utviklar seg. Alle dei tre undersøkingane tek utgangspunkt i barn som engasjerer seg i og tek del i ulike utforskande aktivitetar knytt til naturfaglege tema ute i naturen, og der barna er i samhandling og dialog med lærar og/eller andre barn.

Datamaterialet som ligg til grunn for dei tre studiane omfattar observasjonar og videoopptak med tilhøyrande transkript frå totalt to barnehagar (4-6-åringar) og seks skular (2.-4. trinn) i Sør-Noreg ein dag barnegruppene og klassane hadde fokus på naturfaglege tema ute i naturen. Data er samla inn ved hjelp av actionkamera festa til overkroppen til tre barn og lærarar i kvar barnehage og skule. Datamaterialet i artikkel II som omhandlar 3. og 4. trinn i skulen er innhenta av medforfattar Eli Munkebye, og er i form av lydopptak innhenta ved hjelp av lydopptakar festa til lærar.

Gjennom denne doktorgradsstudien kjem det fram at for at barn som tek del i utforskande aktivitetar ute i naturen skal utvikle naturfaglege kunnskapar og interesse

for naturelementa dei oppdagar og utforskar, er det avgjerande at læraren gir barna både tid og høve til å få førstehandserfaringar med naturelementa. Det er då viktig at læraren og kan stimulere barna til utforskning og undring, ettersom det i denne studien kjem tydeleg fram at både barna sine førstehandserfaringar og eigne naturfaglege spørsmål er sentralt i barna si kunnskapsbygging.

Det er også sentralt at læraren presenterer ny faktakunnskap for barna, og koplar denne til barnet sine tidlegare erfaringar og kunnskapar, t.d. gjennom utforskande samtalar. Naturfaglege faktakunnskapar kan t.d. presenterast i form av tilleggsinformasjon eller ved å svare på barn sine spørsmål. Samstundes viser funna i denne avhandlinga at det er avgjerande at læraren kan kjenne att kva interessefase barna er i, ettersom kva støtte barnet treng (i form av fagleg ekspertise og sosial og kognitiv kongruens), varierer mellom dei ulike fasane. Funna i denne studien viser også at naturen kan vere ein god arena for å legge til rette for gode læringssituasjonar med utgangspunkt i barna sine eigne funn, oppdaginger og interesse.

Denne avhandlinga bidreg med kunnskapar som vil vere av betyding for lærarar i barnehagen og i barneskulen som ønsker å legge til rette for at barna si utforskning av plantar, insekt og andre naturelement også skal auke barna sine naturfaglege kunnskapar om og interesse for naturelement.

Nøkkelord: utforskande aktivitetar, naturen som arena for utforskning og læring, barnehage og barneskule, naturfaglege læringsmulegheiter

## Abstract

The best way for children to learn is when the learning is based on something that interests or engages them and when they take an active part in their own learning process. Children's encounters with nature seem to stimulate children's curiosity in natural science topics, both in kindergarten and in school. It may also facilitate children's participation in their own learning e.g. by taking part in exploratory activities. Research shows, however, that teachers in kindergarten to a small extent take advantage of the children's discoveries and experiences in natural outdoor environments in a way that facilitates good learning opportunities. In regards to schoolchildren, the children's interest in natural science seem to decrease by age.

In this thesis, I examine how teachers in kindergarten and in primary school can support children's curiosity and exploration of nature phenomena when situated in a natural outdoor environment so that children develop a deeper interest in and knowledge of natural science topics. This thesis comprises three articles that present results from three different studies that focus on and shed light on various aspects of the main aim of this thesis. The first article focuses on exploratory dialogue. In the second article, children's questions are examined, and in the third article, focus is on how children's interest in natural science topics develops. All the three studies are based on children that are engaged in and take part in various exploratory activities related to natural science topics outside in the nature, and where the children interact and take part in dialogues with a teacher and/or other children.

The data material on which the three studies are based on includes observations and video recordings with related transcripts from two different kindergartens (4-6 year olds) and six schools (2<sup>nd</sup> to 4<sup>th</sup> grade) in Southern Norway one day when the groups of children or the classes are focusing on natural science topics outside in the nature. Data is collected by means of chest mounted action cameras on three children and teacher(s) in each kindergarten or school. The data material in article II from 3<sup>rd</sup> and 4<sup>th</sup> grade is retrieved by co-author Eli Munkebye, and consists of audio recordings collected by the teacher holding an audio recorder.

Together, the three studies that make up the work in this thesis shows that in order for children who take part in exploratory activities in a natural outdoor environment to develop natural science knowledge and interest in the nature elements they discover and explore, it is crucial that the teacher gives the children both time and opportunity to gain first-hand experience with the nature elements. The results also show that the children's first-hand experiences and scientific questions are central for the children's knowledge building. Therefore, it is important that the teacher is able to stimulate the children to explore and wonder.

It is also essential that the teacher presents new factual natural science knowledge to the children and relate this to the children's previous experiences and knowledge, e.g. through exploratory dialogues. Factual knowledge may be presented in form of e.g. additional information or by answering the children's questions. At the same time, the findings in this study show that it is essential that the teacher is able to identify the children's phase of interest, as the support needed by the child (in form of subject matter expertise and social and cognitive congruence), varies between the different phases. The findings also show that being situated in a natural outdoor environment may facilitate good learning opportunities based on the children's own findings, discoveries and interest.

The knowledge contributed by this thesis is of importance for teachers in kindergarten and elementary school that want to facilitate for children's explorations of plants, insects and other nature elements to increase their knowledge of and interest in nature elements.

Key words: exploratory activities, explorations and learning in natural outdoor environments, kindergarten and primary school, learning opportunities in natural science topics

## Innhaldsliste

<b>1</b>	<b>Introduksjon .....</b>	<b>1</b>
1.1	Tema og disposisjon .....	1
1.2	Bakgrunn for studien .....	2
1.3	Overordna problemstilling .....	6
1.3.1	Dei tre artiklane og deira bidrag til den overordna problemstillinga.....	6
1.4	Motivasjon og vitskapsteoretisk posisjonering .....	7
1.5	Avklaringar .....	8
<b>2</b>	<b>Oversikt over tidlegare forsking .....</b>	<b>11</b>
2.1	Naturen som utgangspunkt for utforskning og læring i barnehagen og i skulen	11
2.1.1	Naturen som arena for oppleving, leik og undring i barnehagen .....	11
2.1.1.1	Positive effektar av å ta i bruk i naturen i barnehagen.....	12
2.1.1.2	Korleis brukar barnehagen naturen? .....	12
2.1.2	Naturen som læringsarena i skulen .....	13
2.1.2.1	Uteskule og uteundervisning .....	14
2.1.2.2	Kvífor ta i bruk naturen som læringsarena i skulen? .....	15
2.1.2.3	Utandørssettingar fremjar undring og utforskning.....	17
2.1.2.4	Utfordringar med uteundervisning.....	17
2.2	Utforskning og utforskande arbeidsmåtar i naturfag .....	18
2.2.1	Utforskande arbeidsmåtar i skulen.....	19
2.2.1.1	Eksempel på utforskande arbeidsmåtar.....	21
2.2.1.2	Ferdigheiter knytt til å ta i bruk utforskande arbeidsmåtar .....	21
2.2.1.3	Effektar av utforskande arbeidsmåtar i skulen .....	22
2.2.2	Utforskning i barnehagen .....	24
2.2.2.1	Barnehagelæraren si rolle i utforskande aktivitetar .....	25
2.3	Betydinga av samtalen for læring av naturvitenskapleg kunnskap .....	26
2.3.1	Barn sine kvardagsoppfatningar .....	27
2.3.2	Den utforskande samtalen .....	28
2.3.2.1	Korleis utvide og utvikle samtalen? .....	29
2.3.2.2	Førekommst av utforskande samtalar i barnehagen og i skulen.....	29

<b>3 Teoretiske perspektiv på læring.....</b>	<b>31</b>
3.1 Sosiokulturelt læringssyn .....	32
3.2 Erfaringsbasert læring .....	33
<b>4 Den empiriske studien.....</b>	<b>35</b>
4.1 Forskingsdesign .....	35
4.2 Presentasjon av deltakarane og beskriving av feltarbeidet .....	36
4.2.1 Utval av deltakarar .....	36
4.2.2 Beskriving av dei ulike barnehagane og skulane.....	37
4.2.2.1 Barnehage 1 .....	37
4.2.2.2 Barnehage 2 .....	38
4.2.2.3 Skule 1 .....	39
4.2.2.4 Skule 2 .....	40
4.3 Datainnsamling .....	41
4.4 Bakgrunn for val av metode.....	43
4.4.1 Actionkamera som forskingsverktøy i naturfagutdanninga .....	44
4.4.1.1 Fordelar med bruk av actionkamera som forskingsverktøy.....	45
4.4.1.2 Utfordringar med bruk av actionkamera som forskingsverktøy .....	45
4.4.2 Val av kamera.....	46
4.4.3 Utval av barn som skal ha på seg kamera .....	47
4.4.4 Møte med barna i forkant av datainnsamlinga.....	47
4.4.5 Eigne erfaringar ved bruk av actionkamera .....	48
4.4.5.1 Erfaringar med praktisk gjennomføring .....	48
4.4.5.2 Erfaringar med det tekniske utstyret .....	49
4.4.6 Etiske refleksjonar rundt bruk av actionkamera i datainnsamlinga.....	49
4.4.6.1 Barna si intimsone .....	49
4.4.6.2 Barn utan samtykke frå føresette .....	49
4.4.7 Møte med andre barnegrupper eller turgårar.....	50
4.4.8 Observasjon av lærar.....	50
4.5 Rolla som observatør.....	51
4.6 Dataanalyse.....	52

4.6.1	Transkripsjon.....	53
4.6.2	Utval av samtalar .....	54
4.6.3	Analytisk rammeverk .....	55
4.7	Truverd, avgrensingar og etiske refleksjonar i forskinga .....	56
4.7.1	Validitet .....	57
4.7.1.1	Indre validitet .....	57
4.7.1.2	Ytre validitet.....	58
4.7.2	Reliabilitet .....	59
4.8	Etiske refleksjonar.....	61
4.8.1	Etiske utfordringar knytt til observasjon av lærar.....	61
<b>5</b>	<b>Oppsummering av artiklane .....</b>	<b>63</b>
5.1	Artikkkel I.....	63
5.2	Artikkkel II.....	64
5.3	Artikkkel III.....	66
<b>6</b>	<b>Diskusjon og implikasjonar.....</b>	<b>69</b>
6.1	Naturen som arena for undring, utforskning og læring.....	69
6.2	Korleis støtte barn si interesse- og kunnskapsutvikling i utforskande aktivitetar ute i naturen?.....	71
6.2.1	Sosial kongruens .....	71
6.2.2	Kognitiv kongruens .....	73
6.2.3	Fagleg ekspertise .....	74
6.2.4	Fagleg ekspertise, sosial kongruens og kognitiv kongruens i barnehagen og i skulen.....	75
6.3	Barn si naturfaglege kunnskapsbygging i utforskande aktivitetar ute i naturen	76
6.3.1	Barn sine oppdagingar og spørsmål som utgangspunkt for kunnskapsbygging	77
6.3.2	Førstehandserfaringar og naturfaglege faktakunnskapar som grunnlag for vidare tolking.....	78
6.3.2.1	Korleis svare på barna sine spørsmål? – Fakta eller undring – eller kanskje begge deler?.....	79
6.3.3	Betydinga av samtalen for barna si læring .....	82

6.4	Utfordringar og avgrensingar.....	84
6.5	Konklusjonar og implikasjonar .....	85
6.5.1	Implikasjonar for barnehagen.....	85
6.5.2	Implikasjonar for skulen .....	86
6.5.3	Implikasjonar for barnehagelærar- og lærarutdanninga.....	86
6.5.3.1	Sosial kongruens og kognitiv kongruens .....	87
6.5.3.2	Aktiv bruk av naturen i barnehage- og lærarutdanninga .....	89
6.5.4	Overgangen frå barnehage til skule.....	89
<b>Referansar</b>	<b>.....</b>	<b>91</b>

# 1 Introduksjon

## 1.1 Tema og disposisjon

- Barn 1: *Ein babyfrosk!*  
Barn 2: *Eg trur eg har den! Den hoppa ut!*  
Barn 3: *Få sjå, få sjå, få sjå.*  
Barn 4: *Kan vi vise det til dei andre?*  
Alle barna: *Vi har fanga frosk, vi har fanga frosk!*

Denne avhandlinga handlar om kva som kjenneteiknar situasjonar der barn i barnehagen og i barneskulen utforskar og viser interesse for naturelement ute i naturen, og kva støtte pedagogane kan gje for at barna sine naturfaglege erfaringar, kunnskapar og interesse kan bli utvikla vidare.

Aktivitetar, samtalar og samhandling mellom barn og pedagogar er registrert ved bruk av actionkamera festa til enkelte av barna og til pedagogane i to ulike barnehagar og elevar og lærar ved 2. trinn ved to ulike barneskular. Datamaterialet i artikkel II omfattar også lydopptak av samtalar mellom lærarar og elevar ved 3. trinn og 4. trinn ved fire ulike barneskular. Alle opptaka er gjort ein dag barnehagen/klassen hadde fokus på naturfaglege tema/naturfagundervisning ute i naturen.

Avhandlinga omfattar to hovuddelar, der kappa utgjer den første delen, og dei tre artiklane utgjer den siste delen. I kappa, som er sett saman av sju kapittel vert studien presentert, og teoretiske og metodologiske perspektiv vert utdjupa og drøfta.

I dette første kapitlet, *introduksjon*, vert motivasjon, bakgrunn, mål og overordna problemstilling for avhandlinga presentert. Det vert også gitt ei kort oppsummering av forskingsspørsmåla i dei tre artiklane. I kapittel 2 gir eg ein oversikt over tidlegare forsking knytt til tre hovudtema: *naturen som utgangspunkt for utforskning og læring, utforskande læring og utforskande arbeidsmåtar, og betydinga av samtalen* for læring av naturvitenskapleg kunnskap. I det påfølgjande kapitlet (kapittel 3) vert teoretiske perspektiv på læring i naturfag løfta fram.

I kapittel 4 presentere eg den empiriske studien. Der gjer eg greie for dei metodologiske vurderingane eg har gjort meg og etiske aspekt knytt til desse. Vidare drøftar eg truverda og etiske forhold knytt til studien. Deretter gir eg, i kapittel 5, ei oppsummering av hovudfunna i dei tre artiklane. I kapitlet seks diskuterer eg funna i dei tre artiklane i samanheng med den overordna målet med avhandlinga. Her vert også avhandlinga sitt bidrag til forskingsfeltet drøfta. Til sist i avhandlinga vert dei tre artiklane er presenterte, der artikkkel I har fokus på *utforskande naturfaglege samtalar*, artikkkel II omhandlar *barn sine naturfaglege spørsmål* og artikkkel III har fokus på *korleis barn sin interesse for naturelement utviklar seg* når barn tek del i utforskande aktivitetar ute i naturen.

## 1.2 Bakgrunn for studien

Barnehagen og skulen har ulike mandat og har dermed også ulikt fokus på både kva barna skal lære og på korleis læringa føregår. Medan barnehagen sin tradisjon byggjer på ei sosialpedagogisk tilnærming til læring der leik, læring, utvikling, oppseding og omsorg utgjer ein heilskap, og der ein ser på læring som ein prosess, har skulen i større grad vore meir målstyrt og hatt fokus på fagleg læring (Kunnskapsdepartementet, 2008).

I rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) kjem det tydeleg fram at barnet si nysgjerrigkeit og utforsking vert veklagt, og at desse er står sentralt i barnet sine læringsprosessar. Under overskrifta «Barnehagen skal fremje læring» står det m.a. at (utdrag):

*Nysgjerrigkeit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.*

Eit fag som i særleg stor grad har hatt tradisjon for å ha eit fagleg og målretta fokus i skulen er naturfag. Naturfagundervisninga i skulen har tradisjonelt sett vore orientert mot eit syn på naturvitenskapen der denne blir sett på som eit produkt der naturfaglege fenomen, omgrep og idear har blitt presenterte som «fakta» og teoriar som er udiskutable. Dette kjem fram i både Driver, Asoko, Leach, Mortimer og Scott(1994) og

McComas, Almazroa og Clough (1998) sine undersøkingar frå 1990-talet, og også i Sjøberg (2014). Med innføringa av skulereforma *Kunnskapsløftet* og nye læreplanar i 2006 har det derimot også blitt eit auka fokus på utforskning og utforskande læring i naturfagundervisninga i skulen. Dette kjem m.a. fram med innføringa av hovudområdet *Forskarspiren* i læreplanen for naturfag (NAT1-03) der ein i større grad enn tidlegare har forsøkt å trekke inn naturvitenskapen sin eigenart og metodar (Utdanningsdirektoratet, 2013). Dette fokuset har blitt vidareført i den nye læreplanen i naturfag (NAT01-04), som vart innført hausten 2020 (Utdanningsdirektoratet, 2019). Der kjem det m.a. fram at:

*Elevene skal oppleve naturfag som et praktisk og utforskende fag. Elevene skal gjennom opplevelse, undring, utforskning og erfaring forstå verden omkring seg i et naturvitenskapelig perspektiv.*

Utforskande læring er kjenneteikna av at elevane, i staden for å «memorere» svar på spørsmål læraren stiller, sjølv skal formulere spørsmål og også sjølv finne svara (Sjøberg, 2014). Elevane er dermed aktive i eigen læringsprosess.

Når ein tek i bruk utforskande arbeidsmåtar i undervisninga er det, i følgje Knain og Kolstø (2019) og Knutsen (2015), viktig at læraren klarar å skape undring og stimulerer elevane til å stille eigne spørsmål. Desse spørsmåla kan vere gode utgangspunkt for vidare læring i naturfag og barnet vil kunne oppleve større interesse og engasjement for faget sidan læringa tek utgangspunkt i noko barnet sjølv er interessert i og undrar seg over. Dette er med på å gi barna eit eigarforhold til temaet (Knain & Kolstø, 2019).

Her spelar også den *utforskande samtaLEN* ei viktig rolle. Gjennom den utforskande samtaLEN opnar pedagogen opp for at elevane får høve til å kome fram med kvardagsoppfatningar dei har om eit tema, for seinare å sjå korleis desse relaterer til det naturfaglege perspektivet (Munkebye, 2012; 2014; Scott, Mortimer & Aguiar, 2006). På denne måten er den utforskande samtaLEN også med på å gje elevane eit eigarforhold til problemstillinga, noko som er sentralt når ein tek i bruk utforskande arbeidsmåtar i undervisninga (Knutsen, 2015).

Samstundes viser studiar at det er stor variasjon i kor stor grad utforskande samtalar/dialogar finn stad i skulen (Munkebye, 2012), og at førekomensten av utforskande samtalar var høgare blant førskulebarna enn hos dei eldre barna (6-8 år) (Matre, 2000). Det viser seg også at skuleelevar stiller betydeleg færre spørsmål enn barn i førskulealder (t.d. Dillon, 1988; Chin & Brown, 2002; Chouinard, Harris & Maratsos, 2007). Det er difor eit behov for meir kunnskap om korleis lærarar kan fremje barn si nysgjerrighet, mellom anna gjennom å stimulere barna til å stille spørsmål eller til å ta del i utforskande samtalar om naturfaglege tema. Samstundes er det også viktig å undersøke korleis ein kan fremje barn si interesse for naturfag i situasjonar der barna ikkje stiller spørsmål.

Utandørssettingar som t.d. ulike naturmiljø, synest å stimulere barn si nysgjerrigkeit både i barnehagen (t.d. Skarstein & Skarstein, 2020; Waters & Maynard, 2010) og i skulen (t.d. Jordet, 2010; Mygind 2005; Mygind, Bølling & Barfod, 2019). Barn sitt møte med naturen og naturelement kan dermed opne opp for situasjonar der barn kan utforske og få kunnskapar om naturen og naturfaglege tema som har utgangspunkt i noko barnet sjølv viser interesse for.

Samstundes kjem det fram at nordiske barnehagar nyttar naturen til oppleving, leik og undring, og i mindre og varierande grad legg til rette for situasjonar som fremjar læring av naturfaglege tema (Ejbye-Ernst, 2012; Hammer, 2012; Lynngård, 2015; Thulin & Gustavsson, 2017). I følgje Driver et al. (1994) og Hatch (2010) kan ein ikkje kan forvente at barn og elevar på eiga hand kan tilegne seg kunnskap gjennom eigne observasjonar, utforsking og eksperimentering ettersom kunnskap er eit kulturprodukt og spring ikkje ut av observasjonar i seg sjølv. For at elevane skal klare å skape mening og forståing for innhaldet i dei naturfaglege omgrepa og fenomena er det difor viktig å leggje vekt på at elevane får presentert denne kunnskapen på ein slik måte at denne opplevast relevant og meiningsfull for barna (Driver et al., 1994; Scott et al., 2006), t.d. gjennom utforskande samtalar.

Forsking viser også at undervisning som byggjer på barn si interesse verkar motiverande på barna/elevane si læring (Deci, 1992; Hidi, 1990). Fleire forskrarar har også funne at interesse kan utvikle seg frå å vere ei begynnande og situert interesse til å bli ei djupare

og meir vedvarande interesse (t.d. Dewey, 1913; Hidi & Renninger, 2006; Krapp, 2002). Vidare viser det seg at hands-on aktivitetar og naturelement kan vere igangsetjarar for barn si interesse for ulike naturfaglege tema eller element som t.d. dyr og plantar (t.d. Dohn, 2013; Jung, Zimmerman & Land, 2019; Renninger & Hidi, 2020).

Rotgans og Schmidt (2011) fann at dersom studentar (19-20 år) si begynnande interesse for eit tema skal kunne utvikle seg vidare og bli til ei djupare og vedvarande interesse, krev dette m.a. at læraren har evne til å skape eit godt sosialt klima (sosial kongruens), kan kople nytt fagstoff til studentane sine eksisterande kunnskapar og erfaringar på ein forståeleg måte (kognitiv kongruens) og at læraren innehavar faglege kunnskapar om temaet (fagleg ekspertise). Desse undersøkingane er utførte i klasseromsamanheng med fokus på problembasert læring. Det vil vere av stor betyding å ha kunnskapar om kor vidt desse faktorane kan bidra til utvikling av også yngre barn si interesse i utforskande aktivitetar knytt til naturfaglege tema ute i naturen.

Det viser seg dermed at utforskning har ein sentral plass både i naturfaget i barnehagen og i skulen, og at naturen, særleg i barnehagen og i småskulen, vil kunne vere ein god læringsarena i så måte.

Samstundes er det behov for meir kunnskap om korleis lærarar kan fremje barn si nysgjerrigkeit og korleis dei skal følgje opp og støtte barna i dei utforskande situasjonane slik at det kan bli skapt gode naturfaglege læringsmulegheiter. Det er også viktig å undersøke korleis pedagogar kan følgje opp barnet sin nysgjerrigkeit og begynnande interesse for eit naturfagleg tema slik at denne utvikle seg til å bli ei djupare og meir vedvarande interesse.

Ved å undersøke situasjonar der barnehagebarn og Barneskuleelevar tek del i utforskande aktivitetar ute i naturen vil det kunne gje verdifull kunnskap om korleis pedagogar kan stimulere barn til å ta del i utforskande samtalar og stille spørsmål. Det vil også kunne gi auka kunnskap om korleis utforskande situasjonar ute i naturen kan utviklast til å gje barna ei djupare interesse for naturfaglege tema.

Studien som vert presentert i denne avhandlinga bidreg til forskingsfeltet ved å undersøke korleis pedagogar, gjennom å støtte barnet si utforskning av naturelement ute i naturen, kan skape gode naturfaglege læringssituasjonar med utgangspunkt i barna sine førstehandserfaringar, nysgjerrigkeit og interesser.

## 1.3 Overordna problemstilling

Den overordna problemstillinga for denne studien er:

Korleis kan lærarar stimulere til og følgje opp barn (4-8 år) si nysgjerrigkeit over og utforskning av naturfaglege tema ute i naturen slik at barna utviklar ei djupare interesse for og kunnskap om naturfaglege tema?

### 1.3.1 Dei tre artiklane og deira bidrag til den overordna problemstillinga

Dei tre artiklane bidreg med til å gje svar på hovudproblemstillinga på ulike måtar.

*Artikel I, «*Oi! Sjå på den!* - Funn av naturelement som utgangspunkt for utforskande naturfaglege samtalar mellom barn (5-6 år) og pedagogar»,* bidreg med kunnskap om kva situasjonar som kan vere gode utgangspunkt for utforskande naturfaglege samtalar mellom barn (5-6 år) og pedagogar der naturen er erfarings- og læringsarena, og kva som synest å fremje utviklinga av desse samtalane.

Forskingsspørsmåla i artikkelen er:

- 1) Kva er det kommunikative prosjektet i dei naturfaglege samtala som finn stad der naturen er erfarings- og læringsarena?
- 2) Kva initierer dei utforskande naturfaglege samtala mellom barn og pedagogar, der barnet tek initiativet til samtalen?
- 3) Kva pedagogiske strategiar synest å fremje utviklinga av utforskande naturfaglege samtala der naturen er erfarings- og læringsarena?

*Artikel II, «Young children's questions about science topics when situated in a natural outdoor environment: A qualitative study from kindergarten and primary school»,* bidreg med kunnskap om kva som kjenneteiknar settingar der barn i barnehagen og i

barneskulen stiller spørsmål til læraren om naturfaglege tema der naturen er læringsarena.

Forskingsspørsmåla i artikkel II er:

- 1) What characterizes the children's questions about nature science topics asked to the teacher when situated in a natural outdoor environment?
- 2) Which contexts facilitate children's questions about subject matter in a natural outdoor environment?
- 3) How might different contexts in a natural outdoor environment affect children's question-asking in school?

*Artikkel III*, «How to support young children's interest development during exploratory natural science activities in outdoor environments», bidreg med kunnskap om korleis lærarar kan støtte nysgjerrigheita barn har for naturfaglege tema ute i naturen kan utvikle seg til å bli ei vedvarande interesse.

Forskingsspørsmåla i artikkel III er:

- 1) How does children's (4-8 years) interest in nature elements appear and develop during exploratory activities in a natural outdoor environment?
- 2) How can teachers support young children (4-8 years) in developing their interest in science topics from being a triggered to a more-developed interest?

## **1.4 Motivasjon og vitskapsteoretisk posisjonering**

Interessa mi for det som er temaet for denne avhandlinga, barn som utforskar naturen, har utspring i erfaringar eg har gjort meg i møte med små barn som viser glede over å vere i aktivitet ute i naturen, og som uttrykker stor begeistring når dei oppdagar edderkoppar, froskar og fine steinar undervegs. Eg har og latt meg fascinere av all kunnskapen enkelte av barna synest å ha om både dyr og ulike naturfenomen og som gir tydeleg uttrykk for at dei ønsker å vite meir om det dei finn eller er opptatt av. Naturen synest å vere ei kjelde til både interesse og læringslyst, noko som også kom tydeleg fram når eit av barna etter å ha begynt på skulen, uttrykte at han sakna å vere i aktivitet ute i

naturen og sa at «eg lærer best når eg *gjer* noko». Dette danna grunnlaget for at eg i denne avhandlinga ønska å ha fokus på nettopp barn som er i aktivitet og utforskar ute i naturen, og på korleis naturen kan vere ein arena for både utforskning og læring av naturfag i barnehagen og i småskulen.

Møtet med barn som så tydeleg gir uttrykk for at dei lærer best når dei er i aktivitet har gjort meg også meir bevisst mitt eige syn på læring. Sjølv har eg, gjennom eige naturvitakaplege utdanningsløp, hatt eit tradisjonelt syn på naturfagleg læring der kunnskap vert overført frå lærar til elev utan særleg samhandling eller dialog med andre. Dette synet, som samsvarar med eit positivistisk læringssyn, har derimot endra seg, først i møte med eigne barn som opplever dei lærer best når dei er i aktivitet, og seinare gjennom arbeidet med avhandlinga der eg har sett kor stor betyding barna sine førstehandserfaringar med naturelementa har, og kor sentral dialogen og samhandlinga med m.a. læraren er for barna si læring. Dette samsvarar med sentrale aspekt ved eit sosiokulturelt læringssyn og med Dewey sine idear om læring, som begge representerer ulike teoriar innan sosialkonstruktivismen (Postholm, 2010).

## 1.5 Avklaringar

Sidan denne avhandlinga omfattar undersøkingar frå både barnehage og skule, har eg valt å nytte omgrep som kan nyttast hos begge. Eg nytta difor omgrepet «Naturen som læringsarena» for det som i skulen vert kalla «uteundervisning», ettersom «arena» vert brukt i både rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) og i læreplan for naturfag (Utdanningsdirektoratet, 2019). Sidan barnehagen i større grad har fokus på erfaring og utforskning, vert også «Naturen som arena for utforskning» og «Naturen som erfarringsarena» brukt i avhandlinga, alt etter kva målet med aktivitetane er.

Når eg nytta ordet *lærar* omfattar dette både lærarar i barnehagen og i skulen. Der eg ser det er nødvendig å skilje mellom lærarar i barnehagen frå lærarar i skulen nytta eg termene *barnehagelærar* og *lærar i skulen*.

Når ikkje anna er spesifisert, omfattar ordet *barn* både barn i barnehagen og elevar i skulen.

Med «natur» forstår eg eit naturområde utanfor barnehagen eller skulen sitt område som ikkje er skapt av menneske og som i liten grad er påverka av menneskeleg inngripen (t.d. ein skog eller ei elv). I artikkel II og III nyttar eg det engelske omgrepene «Natural outdoor environment» (jf. Waters & Maynard, 2010).

Omgrepet «naturelement» vert brukt om både levande og ikkje-levande objekt frå naturen, t.d. plantar, dyr, steinar eller kongler.



## 2 Oversikt over tidlegare forsking

I dette kapitlet presenterer eg ein oversikt over tidlegare forsking knytt til tre forskingsfelt som er særleg sentrale i denne studien, og som dannar eit bakteppe for dei tre artiklane. Det første temaet omhandlar *Naturen som utgangspunkt for utforsking og læring i barnehagen og i skulen*. Her har eg gjort eit utval av litteratur for å belyser ulike aspekt knytt til korleis barnehagar og skular i Noreg nyttar seg av naturen som læringsarena, og kva effektar bruken av naturen som erfarings- og læringsarena har i barnehagen og i skulen.

Det det andre temaet dreier seg om *utforskande læring og utforskande arbeidsmåtar i naturfag*. Litteraturen som vert presentert er valt ut for gje eit innblikk i kva som kjenneteiknar utforskande arbeidesmåtar i barnehagen og i skulen, og kva effektar utforskande arbeidsmåtar har for barn si læring. Kva eg legg i omgrepet *utforskande aktivitetar* vert også utdjupa.

Det tredje temaet omhandlar *korleis naturfag vert formidla i barnehagen og i skulen*. Dette temaet utdjupar litteraturen og forskinga som er presentert i artikkel I knytt til m.a. utforskande samtalar.

### 2.1 Naturen som utgangspunkt for utforsking og læring i barnehagen og i skulen

Noreg og andre nordiske land har lang tradisjon for å ta i bruk naturen som ein arena for leik og utforsking i barnehagen, og også som ein læringsarena i skulen. I det følgjande vil eg gjere greie for korleis naturen vert nytta i høvesvis barnehagen og i skulen, og belyse ulike aspekt knytt til dette.

#### 2.1.1 Naturen som arena for oppleveling, leik og undring i barnehagen

I Noreg har ein god tilgang til naturområde og ein har også sterke friluftstradisjonar. Dette kjem også til syne i norske barnehagar der ein, i følgje Lysklett (2013), har tradisjon for å leike ute, gå turar og vere i naturen. Undersøkingar viser også at, i tillegg til at barnehagen

sitt uteområde i snitt utgjer ca. 47 m<sup>2</sup> per barn, har 1 av 4 barnehagar også tilgang til eit eige naturområde (referanseområde) utanfor barnehagen som dei besøker jamleg (Moser og Martinsen, 2010). Det kjem også fram at barn i norske barnehagar brukar uteområdet i stor grad (70% av sommarhalvåret og 30% i vinterhalvåret). Om lag 15% av dei tradisjonelle barnehagane nyttar områda utanfor barnehagen minst annankvar dag (Lysklett & Berger, 2017). Tilsvarende tal for naturbarnehagar er om lag 76% (ibid.). Omgrepet «naturbarnehagar» omfattar, i følgje Lysklett (2013) fleire typar barnehagar, m.a. gardsbarnehagar og friluftsbarnehagar, og har likskapar med det danske «naturbørnehave/skovbørnehave» og det svenske «Ur och skur» (Ejbye-Ernst, 2012).

#### *2.1.1.1 Positive effektar av å ta i bruk i naturen i barnehagen*

Studiar viser at barnehagebarn som er i aktivitet ute i naturen/utandørs får ei betre motoriske utvikling (Fjørtoft, 2001) og eit auka aktivitetsnivå samanlikna med innandørsaktivitetar (Giske Tjensvoll & Dyrstad, 2010), noko som har ein positiv effekt på barna si fysiske helse (Mjaavatn & Fjørtoft, 2008). Det viser seg også at barn som oppheld seg i eit naturmiljø får ein auka kognitiv funksjon og klarar lettare å konsentrere seg (Wells, 2000). Desse funna vert også stadfesta av Ejbye-Ernst (2012), som i sin doktorgrad presenterer ein gjennomgang av forsking og utviklingsarbeid utført blant nordiske naturbarnehagar i tidsrommet 1996-2010. Her kjem det også fram at ved å opphalde seg i naturbarnehagar verkar dette rekreativt på barna, både fysisk og psykisk (Ejbye-Ernst, 2012). I undersøkingar kjem det fram at både barnehagepersonalet, barna og foreldra ser det som verdifullt at barna i barnehagen får vere i, og får erfaringar med, naturen (Søbstad, 2004).

#### *2.1.1.2 Korleis brukar barnehagen naturen?*

Kaarby og Tandberg (2017) utførte i 2014 ei spørjeundersøking knytt til korleis barnehagelærarar i norske barnehagar jobbar med fagområda «Kropp, rørsle og helse» og «Natur, miljø og teknologi» med 1-3-åringane på barnehagen sitt uteområde/i naturen. I denne undersøkinga kjem det fram at 44.4% av barnehagelærarane (N = 405) svara at dei «svært ofte» jobbar med å gje barna erfaringar med å vere i naturen, medan berre 20.2% svara at dei «svært ofte» jobba med å legge til rette for aktivitetar som

stimulerer til oppdaging og «artikulering» av fenomen i naturen (Kaarby & Tandberg, 2017). Høvesvis 42.2% og 53.0% svara at dei «ganske ofte» har fokus på dette, medan 46.4% av lærarane svara at dei «svært ofte» jobbar med å gje barna erfaringar med ulike rørsler i naturen. Resultata i spørjeundersøkinga viste også at lærarane i større grad har kunnskapar som støttar dei i å arbeide med erfaringar knytt til rørsle og sanseerfaringar enn til å gje barna varierte erfaringar med naturen (Kaarby & Tandberg, 2017). Resultata indikerer at barnehagelærarane i mindre grad legg til rette for læringsaktivitetar utandørs (Kaarby & Tandberg, 2017). Forfattarane peikar på at dette kan føre til at barnehagelærarane ikkje utnyttar dei læringsmulegheitene som oppstår. Også Moser og Martinsen (2010) stiller spørsmål om kor vidt det å vere ute i seg sjølv er tilstrekkeleg for at læringa og utviklinga i barnehagen er i tråd med dei nasjonale retningslinjene, og oppmodar barnehagane til ein kritisk refleksjon rundt det pedagogiske innhaldet i utandørsaktivitetane.

Også Hammer (2012) og Lynngård (2015) fann at norske barnehagar nyttar naturen til oppleving, leik og undring, og i mindre og varierande grad legg til rette for situasjonar som fremjar læring av naturfaglege tema, noko som også samsvarar med funn frå danske og svenske barnehagar (Ejbye-Ernst, 2012; Thulin & Gustavsson, 2017). I Ejbye-Ernst (2012) sine undersøkingar kjem det fram at pedagogane i danske naturbarnehagar legg vekt på (og verdset) her-og-no-opplevingar, og meiner at «naturen formidlar seg sjølv i det direkte møtet med mellom barn og natur» (s. 9). Det vert ikkje lagt vekt på å formidle kunnskap om naturen eksplisitt, og det faglege innhaldet får lite fokus, noko som m.a. kan føre til at lærarane støttar opp om barna sine kvardagsførestillingar heller enn å kople desse til vitskaplege oppfatningar og omgrep (ibid.).

### 2.1.2 Naturen som læringsarena i skulen

Det vert brukt mange ulike nemningar for undervisning som føregår utanfor klasserommet (Thorburn & Allison, 2010). Kva innhald ein legg i dei ulike omgrepa, og korleis undervisninga vert praktisert vil variere m.a. ut frå kva som er føremålet med undervisninga og kvar denne finn stad (Dyment, 2005). Eg vil i det følgjande gjere greie

for ulike definisjonar og innhald i omgrepa *uteskule* og *uteundervisning*, og presentere tidlegare forsking knytt til feltet.

### 2.1.2.1 *Uteskule og uteundervisning*

I Noreg og Danmark er omgrepet *uteskule/udeskole* mykje brukt (t.d. Barfod, 2018; Bentsen, Jensen, Mygind & Randrup, 2010; Jordet, 2010). I følgje Jordet (2010), er uteskule ei samlenemning for undervisning og læringsaktivitetar som føregår utanfor klasserommet, dvs. i skulen sitt nærmiljø og i lokalsamfunnet. Ved å ta i bruk t.d. ulike natur- og bymiljø, museum eller lokale arbeidsplassar som læringsarenaer vil dette kunne vere eit verdifullt supplement til klasseromsundervisninga. Læringsaktivitetane skal vere målretta og gjennomførast regelmessig og kan ha ein allmenndannande funksjon der ein jobbar med fleire mål og innhaldsområde frå læreplanen, eller dei kan vere meir avgrensa og retta mot t.d. fagspesifikke mål (Jordet, 2010). Eit tilsvarande omgrep finn ein i det svenske «utomhuspedagogik» (Szczepanski, Malmer, Nelson & Dahlgren, 2006). Mygind (2005) nyttar termen *naturklasse*, som kan sjåast på som ei undergruppe til udeskole og omfattar udeskole som blir praktisert i settingar ute i naturen.

I engelskspråkleg litteratur har omgrepet «outdoor learning», slik det vert definert av Rickinson et al. (2004), ein viss likskap med uteskule-omgrepet. «Outdoor learning» vert her definert som «learning that accrues or is derived from activities undertaken in outdoor locations beyond the school classroom»). Dette omfattar tre former for uteundervisning: a) feltarbeid og utandørsbesøk (t.d. parkar, vitensentra) b) utandørs opplevingsaktivitetar (outdoor adventure education» og c) prosjekt på skuleområdet eller i lokalsamfunnet (Rickinson et al., 2004). Det som derimot skil denne definisjonen frå *uteskule*, er m.a. eit større fokus på undervisning i naturmiljø og mindre grad i lokalsamfunnet, og at opplevingsaktivitetane i stor grad er styrte av instruktørar som legg vekt på opplevelingar heller enn læring (Beames & Brown, 2014; Humberstone & Stan, 2011).

Eaton (1998), derimot, legg større vekt på at elevane skal ha eit fagleg utbytte av uteundervisninga og definerer «outdoor education» som «all school-related academic education which takes place outdoors». Denne definisjonen samsvarar, i følgje Fägerstam

(2012), med «outdoor education» slik dette omgrepet gjerne vert nytta i Skandinavia, der uteundervisninga ofte er skulebasert læring utanfor klasserommet («school-based learning out of the classroom»).

### ***2.1.2.2 Kvifor ta i bruk naturen som læringsarena i skulen?***

Som det kjem fram i delkapitlet over, er dei ulike forståingane av uteundervisning knytt til at det er variasjon i både kva som er innhaldet i og føremålet med uteundervisninga, og også til omfanget og kvar undervisninga føregår.

Dette medfører at det også er ulike funn knytt til kva effektar uteundervisning har i skulen, og det er difor viktig å ta omsyn til desse ulikskapane når ein skal vurdere effekten uteundervisning har i skulen. Litteraturen som eg har valt å presentere her, er i hovudsak knytt til naturfag og naturrelaterte tema.

Mange undersøkingar peikar på at undervisning som føregår utanfor klasserommet har ein positiv effekt på elevane, både når det gjeld kognitivt, affektivt og fysisk/åferdsmessig. Dette kjem m.a. fram i ein review-studie gjennomført av Rickinson et. al. (2004) som omhandlar forsking på uteundervisning som er publisert på engelsk i perioden 1993-2003. Litteraturen viser at uteundervisning har positiv innverknad på elevane både når det gjeld læringsmulegheiter, haldningar, og også på mellommenneskelege og sosiale forhold (Rickinson et al., 2004). Uteundervisning synest også å ha positiv påverknad på elevane si fysiske helse (ibid).

Desse funna vert bekrefta i nordisk forsking. I ein svensk studie utført av Szczepanski et al. (2006) kjem det fram at lærarar opplever at utedmiljø (utomhuspedagogik) fører til betre helse og læring hos elevane, og Bentsen, Mygind og Randrup (2009) presenterer tidlegare forsking på dansk uteskule som viser at elevar som deltek i undervisning i eit naturmiljø har eit høgare fysisk aktivitetsnivå enn på ein «vanleg» skuledag. Dette vert stadfesta i ein norsk studie utført av Grønningssæter, Hallås, Kristiansen & Nævdal (2007).

I 2014/2015 vart ein dansk kvasi-eksperimentell tverrfagleg intervensjonsstudie (TEACHOUT) gjennomført (Nielsen et al. 2016). Dette prosjektet hadde som mål å undersøke korleis uteskole påverkar elevane (3.-6. klasse) sin fysiske aktivitet, sosiale forhold, motivasjon, trivsel og akademiske læring. Prosjektet omfatta 19 uteskoleklassar og 19 parallelle tradisjonelle klassar frå til saman 16 ulike danske skular (totalt 834 barn, 9-13 år).

Resultat frå ulike studiar knytt til TEACHOUT-prosjektet viser m.a. at uteskole synest å betre elevane si helse og læring (Mygind, et al. 2019), og at elevar som jamnleg tek del i uteskule (2-7 timer per veke) opplever større grad av sosial trivsel samanlikna med andre elevar (Bølling, Niclasen, Bentsen & Nielsen, 2019). Dette gjeld i særleg stor grad elevar med låg sosioøkonomisk status (Bølling et al. 2019), men resultata skil seg frå dei som Gustafsson, Szczepanski, Nelson og Gustafsson (2012) fann i sine undersøkingar, som viser at enkelte aspekt knytt til sosial trivsel ikkje nødvendigvis kan relaterast til jamleg bruk av uteskule. Uteskole viser seg også å ha ein viss positiv effekt på elevane si tilknyting til kvarandre også utanfor skulen (Bølling et al. 2019).

I følgje Mygind et al. (2019), opnar uteskule opp for uformelle samtalar og felles opplevingar mellom elevar og lærarar, noko som fører til eit styrka forhold mellom elev og lærar. Dette synest å vere særleg verdifullt for elevar som ikkje er akademisk sterke eller som ikkje finn seg til rette i klasseromsetting. Mygind et al. (2019), fann i sine undersøkingar at uteskule verkar motiverande på elevane og fører til eit auka læringsutbytte ved at elevane kan ta i bruk alle sansane, skapar nye sosiale relasjonar og kombinerer fysisk aktivitet og læringsaktivitetar. Samstundes peika lærarane på at det er viktig at ute- og inneundervisninga er gjensidig kopla til kvarandre og at desse har dei same akademiske måla (Mygind et al. 2019). Også Mogk og Goodwin (2012) framheva betydinga av å ha eit mål for undervisninga som sentralt for at uteundervisninga skal ha ein verdi pedagogisk sett. I Ayotte-Beaudet, Potvin, Lapierre og Glackin (2017) sin gjennomgang av artiklar som omhandlar uteundervisning (barnehage til vidaregåande skule), kjem det fram at naturfagundervisning som føregår utandørs kan gje eit større læringsutbytte samanlikna med undervising som vert gjennomført i klasserommet. Fleire undersøkingar viser at ved å gje barn og unge opplevingar og erfaringar ute i naturen kan

dette bidra til at barna utviklar miljøvenlege haldningar og handlingar (Chawla & Cushing, 2007; Fägerstam, 2012; Gabrielsen & Korsager, 2018).

#### *2.1.2.3 Utandørssettingar fremjar undring og utforskning*

Lærarane erfarte også at elevane som var i ein utandørssetting ofte var meir nysgjerrige samanlikna med når dei var i klasserommet (Mygind et al. 2019). Dette samsvarar med Herholdt (2005) og Mygind (2005) sine funn, som viser at når undervisninga føregår i ein utandørs kontekst er det verbale språket til elevane i stor grad spørjande og utforskande medan når undervisninga føregår inne, er det verbale språket til elevane i hovudsak deskriktivt og refererande. Dette samsvarar med Jordet (2010) som hevdar at dei meir frie og uformelle rammene utanfor klasserommet gjer at det ofte oppstår spontane og uførutsette hendingar som er med på å vekke nysgjerrigkeit og skapar engasjement hos elevane. Undervisning som føregår ute vert, i følgje Mygind (2005), i mindre grad lærarstyrt og oppgåvene vert i større grad barne/-elevsentrerte.

#### *2.1.2.4 Utfordringar med uteundervisning*

Sjølv om forsking viser at uteundervisning har positive effektar både når det gjeld fagleg, sosialt og helsemessig utbyte, viser det seg likevel at ein i Noreg i liten grad tek i bruk uteundervining i skulen. I ei evaluering av undervisning i natur- og miljøfag etter Reform 97 i norsk skule, kom det fram at eit fleirtal av elevane opplever at dei lærer mykje når dei har uteundervisning, og at dei synest det er morosamt. Samstundes kjem det også fram at uteundervisning vert lite brukt i skulen, men at både elevar og lærarar ønsker meir uteundervisning (Almendingen, Klepaker & Tveita, 2003). Det førekjem derimot ingen nyare undersøkingar på utbreiinga av uteskule og uteundervisning i Noreg. I den danske skulen, derimot, viser ei undersøking utført av Barfod, Ejbye-Ernst, Mygind og Bentsen (2016) at det har vore ein auke i førekomsten av uteskule dei seinare åra.

Fleire undersøkingar frå ulike land viser at lærarane møter mange utfordringar rundt bruk av uteundervisning. M.a. mangel på tid til planlegging, mangel på ressursar og støtte frå leiinga og lite fleksible timeplanar og mange læringsmål var nemnt som hinder (Bentsen et al. 2010; Mygind et al. 2019; Rickinson et al. 2004). I ein studie av Glackin (2018) kjem

det fram at lærarar kjenner seg usikre når dei skal undervise ute. Dette skuldast m.a. at dei opplever ein manglende kontroll, både over elevar og kva utbyttet av undervisninga vil bli. Også eit auka press på testing i skulen (Ayotte-Beaudet et al., 2017; Mygind et al. 2019) og læraren si manglende tru på seg sjølv og på eigen kunnskap vart nemnd som utfordrande (Dyment 2005; Glackin 2018; Rickinson et al. 2004). Almendingen et al. (2003) peikar på at mangel på naturfagleg kompetanse hos læraren kan vere ei mogeleg orsak til at relativt få lærarar i den norske skulen tek i bruk uteundervisning.

## 2.2 Utforskning og utforskande arbeidsmåtar i naturfag

Som presentert i det innleiande kapitlet i denne avhandlinga, så har *utforskning og undring* ein sentral plass i den norske barnehagen, og har i den seinare tid også fått eit sterkare fokus i naturfaget i skulen. I Rammeplan for barnehagen, under fagområdet «Natur, miljø og teknologi», står det m.a. at (utdrag) (Kunnskapsdepartementet, 2017):

- *Barnehagen skal legge til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitenskaplege fenomen, føle tilhøyrsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.*
- *Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna*
  - *får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen*
  - *får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover*

I den nye læreplanen for naturfag som vart innført hausten 2020 (Utdanningsdirektoratet, 2019, s. 2) står det om naturfaget sin relevans og verdiar at:

*Naturfag skal bidra til undring, nysgjerrighet, skaperglede, engasjement og nytenkning hos elevene ved at de får arbeide praktisk og utforskende med faget.*

I denne avhandlinga undersøker eg barn som tek del i aktivitetar der dei får høve til å utforske ulike naturelement som plantar, dyr, søleddammar eller steinar. Desse aktivitetane har eg kalla *utforskande aktivitetar* og kan relaterast til utforskande arbeidsmåtar og utforskande læring.

Når eg i denne studien nyttar omgrepet «utforskande aktivitetar» omfattar dette aktivitetar der barna observerer og undersøker nærmare ulike naturelement dei finn eller oppdagar ute i naturen. Desse aktivitetane kan vere av kortvarig art, t.d. når eit barn finn ein larve på stien, eller dei kan vere planlagde av lærar på førehand, t.d. når barna skal bli kjent med kva insekt som finst i elva, og tek i bruk håv for å fange insekta for så å observere dyra i ein plastbalje med vatn etterpå. Dei ulike aktivitetane som lærarane legg til rette for, opnar opp for at barna kan få øving i ulike ferdigheter som er sentrale når ein tek i bruk utforskande arbeidsmåtar: t.d. å undersøke, samanlikne, identifisere. Ettersom aktivitetane skjer i grupper saman med andre barn, og i samhandling med lærar, ligg det også til rette for at barna får øving i å stille spørsmål, presentere hypotesar etc.

### 2.2.1 Utforskande arbeidsmåtar i skulen

Det viser seg at det er stor variasjon i kva ein legg i omgrepet utforskande undervisning og det førekjem dermed fleire ulike definisjonar av utforskande undervisning og utforskande undervisarbeidsmåtar både hos forskrarar og i ulike nasjonale styringsdokument og læreplanar. Crawford (2014) presenterer følgjande definisjon av utforskande undervisning («teaching science as inquiry»):

*Teaching science as inquiry involves engaging students in using critical thinking skills, which includes asking questions, designing and carrying out investigations, interpreting data as evidence, creating arguments, building models, and communicating findings, in the pursuit of deepening their understanding by using logic and evidence about the natural world.*

(Crawford, 2014, s. 51)

Utforskande undervisning omfattar, i følgje Crawford (2014) både *metodane* som vert tatt i bruk for å involvere elevane i å utforme og utføre undersøkingane, og *læringsutbyttet* elevane får ved å ta del i utforskinga. Dette inkluderer både å lære fagstoff gjennom å ta del i undersøkingane og å lære om betydinga utforsking har innan naturvitenskapen. Dette omfattar også at eleven får forståing for kva naturvitenskapen sin eigenart («nature of science») er. Crawford (2014) sin definisjon er også nytta i det norske

forskningsprosjektet *Forskerfötter og leserötter* (Ødegaard, Haug, Mork & Sørvik, 2014), som har fokus på elevar i barneskulen.

I eit anna norsk forskningsprosjekt, ElevForsk, som rettar seg mot ungdoms- og vidaregåande skule, presenterer Knain og Kolstø (2019, s. 19) utforskande arbeidesmåtar som ein stegvis prosess kjenneteikna av følgjande tre punkt:

- Arbeidet bygger på eit spørsmål som er formulert innleiingsvis.
- Elevane samlar inn og brukar data og informasjon for å utvikle, etterprøve og velje mellom mogelege svar.
- Elevane arbeider med å formulere eigne resultat og forklaringar og å hente inn, vurdere og vidareutvikle kunnskap i ein utforskande prosess.

I følgje Knain og Kolstø (2019) er det viktig at spørsmåla eller problemstillingane som dannar utgangspunktet for utforskkinga, tek utgangspunkt i elevane sine eigne tankar og erfaringar og relevante kjelder. Gjennom å ta i bruk utforskade arbeidsmåtar utviklar elevane kompetansar som er sentrale når ein arbeider naturvitenskapleg, t.d. å stille spørsmål, søke bevis og utvikle forslag til svar. Knain og Kolstø peikar også på at for at elevane skal kunne utvikle ferdigheiter som t.d. å argumentere og forklare, er det viktig at den utforskande prosessen er skjer i samhandling med andre.

Kolstø (2016) peikar på likskapane mellom naturvitenskapleg kunnskapsutvikling som ein prosess og Dewey (1910) sin doble refleksjonsmodell, og i den samanheng peikar Mestad (2019) på tre ulike moment knytt til dette. Det eine handlar om at når ein i utforskande arbeid tek utgangspunkt i eit spørsmål innleiingsvis, utgjer dette drivkrafta i den utforskande prosessen. Spørsmålet skal både skape engasjement hos barna, men også gje retning for den vidare utforskkinga og kva utbyttet av denne er. Eit spørsmål utgjer det Dewey (1910) kallar eit følt problem «*felt problem*». Læring som tek utgangspunkt i erfaringar og observasjonar vert av Dewey (1910) omtala som ein dobbel refleksjonsmodell («double movement of reflection»). I dette ligg det at når ein ser eller opplever noko ein ikkje med ein gong forstår eller veit kva er, men som skapar eit ønske om å forstå, vil dette nye ein opplever eller ser stå fram som eit problem etter utfordring (Dewey 1910; Kolstø, 2016). Dette nye barnet som opplever vil då utgjere det Dewey

omtalar som eit «følt problem». Barnet vil då prøve å finne forklaringar på dette følte problemet basert på observasjonar og fakta vil barnet gjere seg ei forklaring. Etter denne første refleksjonen, som Dewey kalla *induksjon*, vil barnet då gå vidare til ein ny refleksjonsrunde der han/ho prøver ut konsekvensar av forklaringa og vurderer kor vidt forklaringa stemmer eller ikkje. Så lenge ikkje eventuelle andre observasjonar tilseier at forklaring ikkje stemmer, vil barnet kunne slå seg til ro med denne første forklaringa.

#### *2.2.1.1 Eksempel på utforskande arbeidsmåtar*

Turner, Keogh, Naylor og Lawrence (2014) beskriv ulike måtar ein kan jobbe utforskande på: Observasjon over tid, identifisere og klassifisere, sjå etter mønster, ulike måtar ein kan teste på, og å ta i bruk sekundærkjelder for å finne svar på spørsmåla. I barneskulen har metoden «Nysgjerrigpermetoden» blitt mykje brukt (sjå t.d. Broström & Frøkjær 2016; Knain og Kolstø, 2019). Dette er eit eksempel på ein utforskande arbeidsmåte og er ein forenkla variant av den hypotetisk-deduktive metoden. Nysgjerrigpermetoden er sett saman av seks ulike steg:

1. Dette lurer eg på
2. Kvifor er det slik?
3. Legg ein plan for undersøkinga
4. Ut for å hente opplysningar
5. Dette har eg funne ut
6. Fortel til andre

#### *2.2.1.2 Ferdigheter knytt til å ta i bruk utforskande arbeidsmåtar*

Når barna tek del i utforskande arbeidsmåtar, tek dei i bruk ulike ferdigheter, som t.d. å undersøke, stille spørsmål, samle og analysere data, utvikle forklaringar og løyse problem (Turner et al. 2014). I følgje Turner et al. (2014) utviklar barna sine naturvitskaplege utforskande ferdigheter ved at barna gradvis vert meir autonome i å ta avgjerdsler og aktivitet og at dei vert meir systematiske og nøyaktige når dei samlar, analyserer og rapporter bevis. Vidare vil også barna sine antakingar og forklaringar i større grad bygger naturvitskaplege idear.

For at barna skal kunne utvikle desse ferdighetene er det viktig at dei får høve til å ta i bruk ferdighetene sine i kontekstar som er passande og utfordrande (Turner et al. 2014). T.d. ved å etter kvart gå frå å undersøke enkle til meir komplekse eller abstrakte idear og frå å undersøke noko barna er kjende med, til å undersøke det som er meir ukjent for dei. Det kan også vere å gå frå å undersøke konkrete ting dei kan sjå eller halde, til å undersøke noko som er for lite, for stort, for langt borte eller som er abstrakt til å sjå, halde og manipulere. Etter som barna vert eldre kan dei sjølv vurdere kva undersøkingar dei kan ta i bruk for å finne svar på spørsmål eller løyse problem (Turner et al. 2014).

I Fagfornyinga opnar kjerneelementet «Naturvitenskapelige praksiser og tenkemåter» for at ein i skulen kan legge vekt på ulike enkeltkompetanar knytt til utforskande arbeidsmåtar (Knain og Kolstø, 2019). Dette gjer at mogeleg å bruke tid på dei enkelte ferdighetene som t.d. å trekke slutningar og teste hypotese. Samstundes er det viktig at elevane forstår kva føremål dei ulike handlingane og ferdighetene har i ein større samanheng (Knain og Kolstø, 2019).

### *2.2.1.3 Effektar av utforskande arbeidsmåtar i skulen*

Det har blitt gjort mange undersøkingar på utforskande undervisning og bruk av utforskande arbeidsmåtar i skulen. Mange av forskingsresultata viser at utforskande arbeidsmåtar synest å ha positive effektar på elevane si naturfaglege læring. Samstundes er det viktig å ta omsyn til m.a. korleis «utforskande» har blitt definert i dei ulike undersøkingane (Anderson, 2002; Crawford, 2014) og kva målet med undervisninga er (Anderson, 2002; Knain og Kolstø, 2019). Læringsutbytet elevane får avheng også av kor godt lærarar støttar og rettleiar elevane (Knain og Kolstø, 2019).

Dette kjem m.a. fram i ein reviewstudie utført av Minner, Levy og Century (2010) som fann at når læraren støttar elevane i å aktivt ta del i eigen læringsprosess gjennom naturvitenskaplege undersøkingar, og oppmodar og elevane til aktiv tenking og til å dra konklusjonar frå data, aukar den konseptuelle forståinga til elevane. Kirschner, Sweller og Clark (2006), derimot, er kritiske til effekten av utforskande undervisning. Dei baserer seg på ei forståing av utforskande arbeid der det er eleven sjølv som bestemmer

problemstilling og metode, utan støtte frå lærar. Hmelo-Silver, Duncan og Chinn (2007) sa seg ueinige i denne kritikken ettersom dei, i motsetnad til Kirschner et al. (2006) hevdar at effektivt utforskande arbeid er kjenneteikna av stor grad av struktur og tilrettelegging frå lærar.

Furtak, Seidel, Iverson og Briggs (2012) fann at styrte utforskande settingar verkar meir effektivt på elevane si læring samanlikna med m.a. tradisjonell undervisning. Settingar der elevane skulle utvikle og grunngje forklaringar og presentere og diskutere desse i klassen viste seg å ha særleg stor effekt i så måte. I ein review-studie frå tyrkisk secondary school (dvs. ungdomsskule og vidaregåande), fann Aktamis Hıgde og Özden (2016) at utforskande undervisning hadde større positive effektar både på studentane si faglege læring, ferdigheter i naturvitskapleg metode og haldningar samanlikna med i tradisjonell undervisning. Effekten var størst når det gjeld fagleg læring. Også den internasjonale undersøkinga TIMMS (2015) viser at bruk av utforskande arbeidsmåtar i undervisninga verkar positivt på elevane sine prestasjonar i naturfag (Bergem, Kaarstein & Nilsen, 2016), og lærarar i barneskulen som har nytta nyskjerrigpermetoden, fortell at metoden bidreg til at arbeidet vert meiningsfylt og interessant for elevane.

Også fleire norske studiar viser at utforskande arbeidsmåtar har positiv effekt på elevar si læring. Dette kjem m.a. fram i prosjektet *Forskerfötter og leserötter*, der utforskande læringsaktivitetar («forskarspireaktivitatar») og grunnleggjande ferdigheter vert integrert på ein naturleg måte (Ødegaard et al. 2014). Her viser resultata at elevane (2. - 5. trinn) fekk eit auka læringsutbytte når det gjeld forståing av omgrep og ordforråd i naturfag, og leseforståing av naturfaglege tekstar. Læraren si støtte i form av å legge til rette for diskusjonar som er designa for å tilegne seg informasjon gjennom tekst er sentralt i så måte. Prosjektet har også vist seg å skape engasjement hos både lærarar og elevar.

Utforskande arbeidsmåtar synest også å vekke engasjement og interesse hos elevar i ungdoms- og vidaregåande skule. Dette kjem m.a. fram i prosjektet, *Elever som forskere i naturfag* (ElevForsk), der ein gjennom ulike undersøkingar har hatt fokus på utforskande arbeidsmåtar. Resultata frå dei ulike ElevForsk-prosjekta tyder på at elevane fekk auka kunnskapar om m.a. naturvitskaplege praksisar og tenkemåtar, og dei fekk også

kunnskapar om eiga læring (Kolstø & Knain, 2019). Nøkkelen til engasjement trur ein ligg i at arbeidet med dei ulike problemstillingane elevane jobba med tok utgangspunkt i eigne spørsmål, observasjonar og informasjon som utfordra til undring og vurdering. Også aktiv bruk av støttestrukturar (t.d. logg, forskarmøte, mal for skriving) og stor bruk av dialog og skriving i grupper, klasse og med lærar er viktige nøkkelfaktorar (Kolstø & Knain, 2019; Knain, Bjønnness & Kolstø, 2019). I følgje Mestad og Kolstø (2014) må støttestrukturane læraren tek i bruk i utforskande aktivitetar bidra til at elevane tenkjer og gjer seg vurderingar sjølv ved hjelp av eige språk. Mestad (2019) peikar på at når lærarane skal støtte elevar som tek del i utforskande arbeidsmåtar, handlar det om å hjelpe elevar til å strukturere og fokusere, om å opne opp for elevane si eiga tenking, formulering og vurdering og om å kople erfaringar til idear og omgrep. Dersom elevane forstår det slik at læraren vil fram til eit bestemt svar kan dette føre til at aktiviteten stoppar opp, samstundes som bidreg til at elevane ikkje får høve til utvikle eiga tenking med utgangspunkt i sitt eige autentiske språk (Mestad, 2019; Mestad og Kolstø, 2014).

I følgje Crawford (2014) viser det seg at enkelte lærarar ikkje tek i bruk utforskande undervisning m.a. fordi dei manglar tru på eigne evner til å gjennomføre denne forma for undervisning eller fordi dei opplever press frå andre om at dei bør halde seg til tradisjonelle måtar å undervise på for å få gode resultat på testar.

## 2.2.2 Utforskning i barnehagen

Barn si nysgjerrigkeit, undring og utforskning har ein sentral plass i dei nordiske barnehagane. Utforskingsa i barnehagen bygger, i følgje Broström og Frøkjær (2016), opp under barna sin naturlege nysgjerrigkeit, og det vert lagt vekt på at ein skal ta vare på barna skal sanse og utforske verda rundt seg (Broström & Frøkjær, 2016; Elfström, Nilsson, Sterner, Wehner-Godée, 2016). Siraj-Blatchford (2001; 2006), som har undersøkt barn i britiske barnehagar, nyttar omgrepet *emergent science* om det pedagogiske arbeidet med naturvitenskap i barnehagen. *Emergent science* omfattar alle dei utforskande aktivitetane barna tek del i saman med andre, og som bidreg til at barna får eit positivt forhold til, og ei begynnande forståing for naturen og ulike naturvitenskaplege fenomen (Broström, 2015; Siraj-Blatchford, 2006). I følgje Siraj-Blatchford (2001; 2006) er barn si

utforskning er nært knytt opp til leik, og kan utgjere ein integret del av leiken eller ein eigen, men samstundes nært beslektet aktivitet. Siraj-Blatchford hevda også at ein bør legge til rette for at barna skal få høve til å leike «forskarar» men påpeikar samstundes at det er viktig at læraren støttar barna i leiken.

Barna si utforskning, som ofte skjer spontant, har, i følgje m.a. Broström og Frøkjær (2016) og Elfström et al. (2016), likskapar med naturvitenskapleg metode, og kan t.d. starte med at barna oppdagar, opplever eller ser noko dei undrar seg over. Deretter observerer og undersøker barna det dei har funne eller sett, og dei samanliknar seg ofte med andre. Vidare i prosessen samlar, ordnar, sorterer og prøver barna ut. Hypotesane og meiningane barna kjem med i ein utforskande prosess kan, i følgje Elfström et al. (2016), vere svært fantasifulle, og ikkje alltid så lette å kjenne att.

#### *2.2.2.1 Barnehagelæraren si rolle i utforskande aktivitetar*

Medan det har blitt gjort mykje forsking knytt til kva effektar bruk av utforskande arbeidsmåtar har på elevar si læring i naturfag, synest dette ikkje å ha vore fokus når det gjeld forsking på barnehagefeltet. Dette kan ha samanheng med at ein i dei nordiske barnehagane tradisjonelt sett har hatt ei sosialpedagogisk tilnærming til læring i barnehagen, der ein har fokus på heilskapleg og Barnesentrert tilnærming til læring, og ikkje på akademisk læring slik mange land utanfor Norden har tradisjon for (Broström, 2015). I dei seinare åra har det derimot blitt eit auka fokus på fag, inkludert naturvitenskaplege tema, også i dei nordiske barnehagane (ibid), og det synest å vere eit aukande fokus på kva rolle barnehagelæraren har i dei utforskande aktivitetane barna tek del i.

Barn sine spørsmål står sentralt når det gjeld utforskande arbeidsmåtar, og vert også framheva som viktige utgangspunkt for naturfagleg læring i barnehagen (Broström og Frøkjær, 2016). Thulin (2010) peikar difor på at det er viktig å stimulere barna til sjølv å stille spørsmål og Ejbye-Ernst (2012) legg vekt på at det er viktig at barnehagelæraren m.a. støttar barnet i å vere eksperimenterande og nysgjerrige overfor omgivnadene. Barnehagelæraren kan m.a. stimulere barna til å stille spørsmål ved å legge til rette for at barna får nye inntrykk og nye måtar å sjå verda på (Broström & Frøkjær, 2016). Ved å t.d. stille produktive spørsmål, dvs. spørsmål som stimulere til handling (t.d. *å sjå nærmere*

etter, samanlikne og oppdage skilnader etc.), kan barnehagelæraren stimulere barna til vidare utforskning (Elfström et al. 2016). I barnehagen er nettopp det å samanlikne og sjå likskapar og ulikskapar sentralt og bidreg til at barna får nye inntrykk og nye måtar å sjå verda på (Broström & Frøkjær, 2016).

Betydinga av ein barnehagelærar som stimulerer barna til å undre seg og til å utforske kjem også fram i Fischer og Madsen (2002) sine undersøkingar frå ein dansk barnehage. Dei fann at barn som er engasjerte i å undersøke ei konkret materiale går gjennom ulike merksemdfasar, og at barna i varierande grad er mottakeleg for innspel frå læraren. I den første fasen, *opplevingsfasen*, er merksemda retta mot sjølve opplevinga og barna er ikkje mottakelege for innspel frå dei vaksne, med mindre han/ho tek ei rolle som medundrar og medoppdagar og undrar seg saman med barna. Vidare kjem *undersøkingsfasen* og *refleksjonsfasen*. Det er først i refleksjonsfasen at barna stiller spørsmål og lyttar til informasjon eller historier frå den vaksne (Fischer og Madsen, 2002). Informasjonen må vere relatert til barna sine erfaringar, og ikkje vere i form av fakta.

Samstundes som barn si undring og utforskning vert lagt vekt på i barnehagen, er det sentralt at barnehagelærarane kan knyte ny fagleg kunnskap til barna sine eksisterande erfaringar og kunnskapar. I følgje Broström og Frøkjær (2016) er det då sentralt å få barna til å tenke og formulere mogelege hypotesar sjølv. Forfattarane hevdar vidare at barnehagelærar bør unngå å gje barna faktasvar eller å kome med eit svar eller ei løysing for raskt, sidan dette vil kunne hindre vidare aktivitet (Broström, 2015).

## **2.3 Betydinga av samtalen for læring av naturvitenskapleg kunnskap**

Ulike undersøkingar framhevar bruken av dialog som ein viktig faktor når det gjeld å få til god læring. Dette kjem m.a. fram i Scott et al. (2006) sine undersøkingar som synte at når elevane tok del i dialogar verka dette potensielt motiverande. Også Wells og Arauz (2006) understrekar betydinga av dialog, og hevdar at læring skjer på best mogeleg måte når barn deltek aktivt i samtalar om faglege tema som opptek dei og som gir dei mening.

Dialog er også eit sentralt kjenneteikn på utforskande arbeidsmåtar (jf. Crawford, 2014; Knain & Kolstø, 2019), og er ein sentral støttestruktur.

I følgje Vygotsky (1978) lærer barn gjennom dialog og samhandling med andre, og når læringa opplevast som lystbetont, meiningsfull, trygg og passe utfordrande for dei. Barn i barnehagealder skaffar seg kunnskap om omgivnadene gjennom samhandling og samtalar med andre. Språk og samtalar ser difor ut til å vere av stor betyding når det gjeld å tilegne seg kunnskap. Vidare hevdar Vygotsky (1934/1986) at omgrep får eit rikare innhald når språkbruken er forankra i personlege erfaringar. I følgje Jordet (2010) stimulerer møtet med naturen og naturelement barna til å ta i bruk sansane. Dei kjenner på, observerer, luktar og skaffar seg på denne måten kunnskapar og førstehandserfaringar. Desse sanseimpulsane er med på å utfordre barna til å artikulere seg. Eit barn som opplever gjennom sansane, vert stimulert til «å finne orda» (Jordet, 2010).

Når det gjeld betydninga av samtalen rundt praktiske aktivitetar i naturfagundervisninga, fann Leach og Scott (2003) at det er ei manglande forståing for den sentrale rolla læraren har når det kjem til å presentere dei naturvitskaplege ideane og styre diskursen i klasserommet. I ein studie utført i den norske skulen fann Ødegaard og Arnesen (2010) at det førekjem noko praktisk arbeid i naturfagundervisninga, men dette vert ikkje brukt systematisk som samtalearena. Dei fann heller ikkje at det førekjem faglege samtaler mellom elevar og lærar som hjelper til å skape bru mellom praksis og teori, noko m.a. Scott et al. (2006) framhevar som viktig i naturfagundervisninga.

### 2.3.1 Barn sine kvardagsoppfatningar

Erfaringane og bakgrunnskunnskapane barna innehavar om ulike naturvitskaplege tema er med på å skape ulike kvardagsoppfatningar som pedagogen kan dra nytte av i naturfagundervisninga. Vygotsky (1934/1986) legg vekt på at barnet sine kvardagsoppfatningar må knytast opp til faglege perspektiv. Dersom barna sine kvardagsførestillingane skil seg mykje frå dei vitskaplege forklaringane, kan det, i følgje Driver et al. (1994), føre til at elevane opplever det vanskeleg å lære, og forfattarane

framhevar difor nettopp den dialogiske prosessen som avgjørende for at barna skal kunne tilegne seg dei naturvitenskaplege omgrepa, fenomena og kunnskapsmåtane. Også Scott et al. (2006) understrekar at for å gjøre læring meiningsfull for barnet, er det viktig at ein som pedagog klarer å skape samanheng mellom ulike måtar å tenkje og snakke på, som t.d. mellom kvardagsførestillingar og naturfaglege syn på grunnleggjande fenomen. Ei form for samtale der nettopp barna sine kvardagsførestillingar står sentralt er den *utforskande samtalen*.

### 2.3.2 Den utforskande samtalen

Det vert brukt ulike nemningar med noko ulikt innhald for samtalar som eg her kallar *utforskande samtalar*, mellom anna «sustained shared thinking» (SST). Begge desse to omgrepa er nært knytt opp til Vygotsky (1978) sin teori om «zone of proximal development», som seier at læring føregår i sona mellom det barnet kan mestre på eiga hand, og det potensielle utviklingsnivået til barnet. For å nå det potensielle utviklingsnivået treng barnet støtte frå andre med meir kompetanse enn barnet. SST har av Siraj-Blatchford, Sylva, Mutton, Gilden og Bell (2002, s. 2) blitt definert som:

*An episode in which two or more individuals ‘work together’ in an intellectual way to solve a problem, clarify a concept, evaluate activities, extend a narrative etc. Both parties must contribute to the thinking and it must develop and extend the understanding.*

Denne definisjonen av SST har fleire likskapar med Munkebye (2012) sin definisjon av utforskande samtalar som eg nyttar i denne avhandlinga. Munkebye (2012) sin definisjon tek utgangspunkt i kva som er det kommunikative prosjektet, dvs. føremålet føremålet med samtalen (Linell, 1998; Matre, 2000). Samtalar som har som føremål å utforske, ordne og bearbeide, vert av Matre (2000) klassifisert som *heuristiske*. Det er desse samtalane Munkebye (2012; 2014) kallar utforskande samtalar, og som også eg nyttar i denne avhandlinga.

I Munkebye (2012) sine undersøkingar kjem det fram at pedagogen gjennom den utforskande samtalen opnar opp for at elevane får høve til å kome med sine kvardagsoppfatningar rundt eit naturfagleg tema. Desse kvardagsoppfatningane kan pedagogen seinare i undervisninga knyte opp til naturfaglege perspektiv og omgrep. Den utforskande samtalen er på denne måten med på å bygge bru mellom det elevane allereie kan og det dei endå ikkje kan, men har høve til å lære. I følgje Scott et al. (2006) bidreg dette til å gje elevane eit eigarforhold til temaet, og gir elevane erfaring med å bruke omgrep.

### *2.3.2.1 Korleis utvide og utvikle samtalen?*

Læraren kan utvide og utvikle samtalen ved å ta i bruk m.a. opne tilbakemeldingar i form av t.d. oppfølgingsspørsmål (Wells & Arauz, 2006). Opne og gjerne personsentrerte spørsmål har ein viktig funksjon med at dei opnar opp for at barnet kan kome med sine eigne tankar og erfaringar om temaet (jf. Elfström et al., 2016). Personsentrerte spørsmål er kjenneteikna av at ein legg til ord som «trur du» i setninga. På denne måten inviterer ein barnet til å kome med eigne tankar, kunnskapar og erfaringar utan at det opplever at svaret vert vurdert som «rett» eller «feil» (Elfström et al., 2016).

Gjennom aktiv bruk av nettopp opne og personsentrerte spørsmål i den utforskande samtalen vil pedagogen få innsikt i kva barnet innehavar av kunnskapar, erfaringar og kvardagsførestillingar, som ho/han kan i den vidare samtalen kan knyte opp til nye kunnskapar og omgrep (jf. Munkebye, 2012; Siraj-Blatchford & Sylva, 2004; Vygotsky 1934/1986).

### *2.3.2.2 Førekomst av utforskande samtalar i barnehagen og i skulen*

I ein studie av grupper av barn i alderen fem til åtte år, kjem det fram at førekomsten av utforskande samtalar var høgare blant førskulebarna enn hos dei eldste barna (Matre, 2000). Skilnaden mellom dei yngste og dei eldste barna vart forklart gjennom sosiale og kulturelle skilnader mellom barnehage og skule, der pedagogen i skulen får tildelt/tek ei meir sentral rolle samanlikna med pedagogen i barnehagen. Når det gjeld samtalar som finn stad i skulen, viser fleire studiar at det er ei overvekt av authoritative og

lærardominerte samtalar i klasserommet, og at dialogisk interaksjon føregår i liten grad (Scott et al., 2006). Når det gjeld samtalar som føregår på læringsarenaer utanfor klasserommet viser det seg at det er stor variasjon i kor utforskande den naturfaglege dialogen mellom lærarar og elevar er (Munkebye, 2012). Dialogar der elevane bidreg med minimale responsar, og læraren evaluerer elevane sine bidrag, er dominerte av læraren, medan dialogar der lærarane tok i bruk autentiske spørsmål og oppfølgingsspørsmål, vart meir likeverdige ved at både lærar og elevar bidrog til samtalens.

### 3 Teoretiske perspektiv på læring

I dette kapitlet presenterer eg ulike teoretiske perspektiv på læring som har vore vesentlege for arbeidet som vert presentert i denne avhandlingen.

I likskap med dei andre nordiske landa, har den norske barnehagen ei heilskapleg tilnærming til læring som er kjenneteikna av at ein legg vekt på sosial læring og sosialisering og ikkje først og fremst kognitive ferdigheiter (Bae, 2018; Karila, 2012; Lillemyr & Pramling Samuelsson, 2018). I følgje Bae (2018) er ei *heilskapleg tilnærming til læring* kjenneteikna av at omsorg, leik, læring og danning sjåast i samanheng. Dette omfattar m.a. at barna lærer i *multimodale prosessar der mange sansar vert tatt i bruk samstundes, gjennom førstehandserfaringar der både mentale, følelsesmessige, kroppslege og sansemessige inntrykk verkar saman* (Bae, 2018, s. 87-88). Ei heilskapleg tilnærming til læring er også, i følgje Bae (2018), kjenneteikna av at ein legg vekt på sosial læring og sosialisering og ikkje først og fremst kognitive ferdigheiter. Denne tilnærminga til læring har, i følgje Korsvold (2005), utspring i den sosialpedagogiske tradisjonen, og kan relaterast til ei sosiokulturell tilnærming til læring.

Når det gjeld naturfagutdanninga i skulen har det konstruktivistiske synet på læring lenge stått sentralt, der kunnskap vert sett på som noko som vert aktivt bygd opp av den lærande sjølv og som ikkje kan overførast direkte frå lærar til den lærande (Driver et. al., 1994). Konstruktivismen utgjer, i følgje Prawat (1996) seks ulike teoriar som er å finne mellom dei to vitskaplege tradisjonane *realismen* (også kalla positivismen) og *rasjonalismen* (også kalla kognitivismen). Piaget sin skjema-teori, som orienterer seg i retning av rasjonalismen, utgjer den eine ytterkanten, medan informasjonsprosesseringsteorien utgjer den andre ytterkanten, og representerer realismen. Dei fire teoriane som er å finne mellom desse ytterpunktene utgjer, i følgje Prawat (1996) dei sosialkonstruktivistiske teoriane, og omfattar Mead sin symbolske interaksjonisme, Dewey sine teoriar, sosiokulturell teori og sosialkonstruksjonisme. Dei konstruktivistiske teoriane omfattar ulike retningar der m.a. betydinga av samhandling med andre individ knytt til læring vert ulikt vektlagt.

Medan ein i naturfagdidaktisk forsking tidlegare har hatt eit individuelt syn på læring der den lærande konstruerer/bygger kunnskap ut frå eigne erfaringar med omverda, har synet på læring i seinare tid (siden 1990-talet) endra seg i ein retning der ein i større grad ser på læring som eit resultat av dialog og samhandling med andre (t.d. Leach & Scott, 2003; Lemke, 1990). Det individuelle synet på læring er basert på Piaget sine kognitivt orienterte teoriar, medan det personlege synet har opphav i Vygotsky og sosiokulturelt syn på læring (Leach & Scott, 2003).

Gjennom dei tre artiklane i denne avhandlinga kjem det tydeleg fram at barna sine førstehandserfaringar med omgivnadene (naturen) og dialogen og samhandlinga med læraren, og med andre barn, er sentralt for å skape gode læringssituasjonar og for å fremje barn si interesse for naturelement. Dette samsvarar med sentrale aspekt ved sosiokulturelt syn på læring og med Dewey sine idear, som begge representerer ulike teoriar innan sosialkonstruktivismen (Prawat, 1996). Dei sosiokulturelle tilnærmingane til læring, saman med Dewey sine idear og teoriar knytt til erfaringsbasert læring vil difor bli utdjupa i dette kapitlet.

### **3.1 Sosiokulturelt læringssyn**

Sosiokulturell læringsteori byggjer på den russiske psykologen Lev S. Vygotsky sine tankar og idear (sjå t.d. Mortimer & Scott, 2003). Han presenterte m.a. teorien om «den proksimale utviklingsson» («zone of proximal development»), der læring føregår i sona mellom det barnet kan mestre på eiga hand og det potensielle utviklingsnivået til barnet. For å nå det potensielle utviklingsnivået treng barnet støtte frå andre med meir kompetanse enn barnet. Vygotsky (1934/1986) legg også vekt på at barnet sine kvardagsoppfattingar må knytast opp til faglege perspektiv, noko som kjem fram i særleg stor grad i artikkelen I og II. Pedagogen si rolle som ein som støttar og rettleiar barnet heller enn som kunnskapsformidlar kjem her tydeleg fram.

Behovet for støtte frå læraren for at kunnskap kan utviklast kjem fram i artikkelen I gjennom betydinga av dei utforskande samtalane som «brubyggar» mellom barna sine erfaringar og bakgrunnskunnskapar og ny fagleg kunnskap. I artikkelen III er læraren si støtte i form av

kognitiv kongruens, sosial kongruens og faglege kunnskap er avgjerande for at barn si interesse for også kunnskap om naturelement skal utvikle seg vidare. Dialogen og samhandlinga med andre er sentralt i alle dei tre artiklane.

Men også barna sine førstehandserfaringar med naturen og naturelement og utforskninga av desse står sentralt i denne avhandlinga. Alle barna tek del i utforskande aktivitetar knytt til ulike naturelement og naturfenomen. Utforskande læring har utspring i John Dewey (1938) sine idear om erfaringsbasert læring, noko som vil bli utdjupa i det følgjande delkapitlet.

### **3.2 Erfaringsbasert læring**

Dewey sto for ein praktisk epistemologi og utforma si eiga form for filosofisk pragmatisme som han kalla instrumentalisme, der tenking, kunnskap og innsikt er instrument eller hjelpemiddel for handling (Imsen, 2005). Dewey var kritisk til den tradisjonelle undervisninga der læring i stor grad gjekk føre seg i form av overføring av kunnskap som fanst i bøker og som læraren allereie innehadde. Han sto sjølv for ein praktisk epistemologi og meinte elevane heller burde lære gjennom erfaringar (Dewey, 1938).

Dewey skil mellom erfaringar som er av betydning pedagogisk sett og dei som ikkje er det. I den samanheng understreka han betydninga av to viktige prinsipp: *kontinuitet* og *interaksjon*. For at ei erfaring skal ha ein verdi pedagogisk sett, må denne bli knytt til tidlegare erfaringar og samstundes ha konsekvensar for framtidige erfaringar. Det må vere ein kontinuitet. Vidare må erfaringane bli knytte opp til ei overføring mellom individet og det som utgjer omgivnadene rundt han eller henne. Det kan t.d. vere personar han eller ho samtalar med, bøker eller materiale knytt til eksperiment han eller ho utfører. M.a.o. interaksjon mellom eit individ, objekt og andre personar (Dewey, 1938).

Sjølv om Dewey tilhøyrer ein pragmatisk filosofi, vert han òg rekna for å høyre til sosialkonstruktivismen (Garrison, 1995). Sentralt i sosialkonstruktivismen er tanken om at samfunnsmessige fenomen ikkje er evige og uforanderlege, men har derimot blitt til gjennom historiske og sosiale prosessar. Dette medfører at sosialkonstruktivismen også

rommar eit forandringsperspektiv. I dette ligg det at dersom dei samfunnsmessige fenomena er historisk og sosialt skapte, betyr det at dei også er historisk foranderlege (Rasborg, 2004). Dette samsvarar med Dewey sitt prinsipp om kontinuitet for at ei erfaring skal vere av pedagogisk verdi (sjå over).

Garrison (1995) viser til fleire likskapar med epistemologien i Dewey sin pragmatisme og sosialkonstruktivismen. M.a. spelar språket og bruk av verktøy ei viktig rolle for å skape mening. Vidare er sosiale handlingar/samspel vesentleg for å skape mening. Dewey sitt fokus på erfaringsbasert læring danna grunnlaget for utforskande læring og bruk av utforskande undervisning som undervisningsmetode. Han peika på at det er viktig å ta utgangspunkt i eit spørsmål som er meiningsfullt slik eleven ser det, og deretter undersøke dette praktisk. Læring oppstår først når det er eit kreativt samspel mellom å gjere noko og å tenkje, der den som lærer, prøver ut ulike måtar å forstå hendingane og observasjonane på (Anderson, 2002, Dewey, 1966).

## 4 Den empiriske studien

I dette kapitlet gjer eg greie for bakgrunnen for dei empiriske data som vert presenterte i dei tre artiklane. Avgrensingar og etiske avvegingar knytt til datainnsamling, metode og analyse vert også presentert og drøfta. Først gir eg ei beskriving av forskingsdesign og bakgrunnen for val av metode. Deretter utdjupar eg metodane som er tatt i bruk for å samle inn data i form av samtalar og samhandling mellom barn og pedagogar som er i aktivitet ute i ulike naturområde. Vidare gjer eg greie for utval av datamateriale og analyse, og presenterer og drøftar ulike fordelar og avgrensingar knytt til dette. Til slutt vert kvaliteten på forskinga og etiske avvegingar diskutert.

### 4.1 Forskingsdesign

Det overordna målet med denne studien er å bidra med ny kunnskap om korleis lærarar i barnehagen og i småskulen kan skape gode naturfaglege læringsmulegheiter ute i naturen med utgangspunkt i barna sine eigne opplevingar og erfaringar med naturen og naturelement.

Gjennom dei tre artiklane vert ulike aspekt knytt til korleis lærarar kan følgje opp barna sine initiativ til samtalar, spørsmål eller interesser belyst, og gir dermed eit utfyllande bilet av korleis lærarane kan følgje opp barna sine funn og engasjement i og for naturelement. Fokus er dermed retta mot korleis barna best kan tilegne seg kunnskap, og ikkje i kor stor grad dei lærer. Studien har dermed ei kvalitativ forskingstilnærming, der forskaren prøver å danne seg eit heilskapleg bilet av deltakarane sine perspektiv når det gjeld eit bestemt forskingsområde (Denzin & Lincoln, 2018).

Kvalitativ forsking er ein situert aktivitet, som inneber at forskaren er på forskingsfeltet, og gjer denne verkelegheita synleg (Denzin & Lincoln, 2018). Samhandling mellom barn og lærarar, og med omgivnadene rundt, er difor sentrale element i denne avhandlinga, og samsvarar dermed med den kvalitativ forskingstradisjonen. Kvalitativ forsking inneber eit nært samarbeidsforhold mellom forskar og deltakarane i forskingsstudien (Guba & Lincoln, 1988).

Dei tre artiklane har dels same datagrunnlag (sjå tabell 1), og analyse av dialogar og samhandling mellom barn og pedagogar er sentralt i alle dei tre artiklane.

Problemstillingane og forskingsspørsmål er ulike, men tek alle utgangspunkt i situasjonar og kontekstar som føregår i naturlege omgivnader og går i djupna på ulike fenomen. Dei ulike studiane gir detaljerte beskrivingar av dei ulike fenomena som vert undersøkte i den konteksten der dei førekjem. Dette samsvarar med case-studie som forskingsdesign slik denne vert definert av Yin (2014, s. 16):

*A case study is an empirical inquiry that investigates a contemporary phenomenon (the «case») in depth and within its real-world context, especially when the boundaries between phenomenon and context may not be clearly evident.*

I følgje Stake (1995) er kasusstudiar eit system bunde i tid og stad. Ein case kan vere ein person, eit klasserom, ein aktivitet eller t.d. eit program. Hendingar eller prosessar passar derimot i mindre grad definisjonen av ein case, slik denne vert definert av Stake (1995). I artikkelen er utgjer dei naturfaglege samtalane som føregår mellom barn og pedagogar i ein barnehage ein «case». Artikkelen omhandlar spørsmål barn frå ulike barnehagar og skuler stiller over eit visst tidsrom i ein bestemt setting, og kan dermed seiast å vere ein multi-case studie. Dette gjeld også artikkelen der barn si interesseutvikling vert undersøkt.

## 4.2 Presentasjon av deltakarane og beskriving av feltarbeidet

### 4.2.1 Utval av deltakarar

I denne studien har eg fokus på dei eldste barna i barnehagen og dei yngste elevane i skulen. Sidan det i det første skuleåret på skulen er mykje fokus på å få barna integrerte i skulekvardagen, har eg valt å ta utgangspunkt i elevar på 2. trinn i Barneskulen, sidan desse elevane har fått eit år til å tilpasse seg skulesystemet. Utval av deltakarar har blitt gjort ut frå kjennskap til barnehagar og skular ein visste hadde tilgang til, og også tok aktivt i bruk naturen som erfarings- og læringsarena. Utvalet er også dels gjort av praktiske årsakar med tanke på reiseavstand.

## 4.2.2 Beskriving av dei ulike barnehagane og skulane

I denne avhandlinga har eg følgd to ulike barnehagegrupper (4-6 år) og to barneskuleklassar (2. trinn) ein dag gruppa/klassen tok del i ulike aktivitetar ute i eit naturområde i barnehagen/skulen sitt nærområde. Eg gir her ei beskriving av dei ulike aktivitetane barna tok del i og konteksten rundt desse.

### 4.2.2.1 Barnehage 1

Barnehage 1 er ein kommunal barnehage som ligg i utkanten av eit byggefelt med naturen like utanfor gjerdet. Barnehagen brukar å vere på tur om lag ein gong i veka. Denne tidlege junidagen gjekk turen til eit område barnehagegruppa ikkje hadde besøkt på lenge, så området kan seiast å vere nytt for barna (2 jenter og 6 gutter, 5-6 år). Det var to barnehagelærarar med på turen denne dagen, der den eine var leiande pedagog og hadde hovudansvaret for planlegginga og gjennomføringa av turen. Begge pedagogane har fagleg fordjuping utover grunnutdanninga, der den eine hadde fordjuping i naturfaglege tema. Målet for turen var å «utforske naturen».

Størstedelen av vegen opp til «basen» i skogen gjekk på ein skogsveg gjennom eit relativt ope skogsområde. Det var mykje prat både mellom barna og mellom barna og pedagogane. Turen (som tok ca 30 min) var prega av at ein hadde god tid og både barn og vaksne stoppa opp for å undersøke både blomar, froskar, søledammar, steinar og tre. Framme ved sjølve baseområdet (der det var stokkar å sitje på), fekk barna, etter å ha hatt ein matpause, leike fritt innafør eit område på om lag 30x40 meter. Området låg i ein open furuskog med innslag av enkelte lauvtre. Det var variert vegetasjon (mose, lav, blåbærlyng m.m.) og det var og ei maurtue på området. Barna viste stort engasjement og glede over å vere på tur. Dei plukka blomar, undra seg over ei «revehole» dei fann, plukke lav som dei brukte som «nisseskjegg», studerte maur i maurtua og fann døde biller under barken på ein trestokk.

Pedagogane hadde ei observerte barna i leiken og tok innimellom del i samtalar med barna. Det var i all hovudsak barna som styrte aktivitetane, men det hende pedagogane gjorde barna merksame på noko dei trudde kunne interessere barna og tok også enkelte

gonger del i utforskinga (t.d. ved maurtua). Barna hadde tilgang til faktabøker som pedagogane la fram då barna kom fram til basen. Under måltidet vart bøkene mykje brukt av barna, men i liten grad utanom måltidet. Pedagogane tok derimot sjølv i bruk bøkene undervegs.

Etter 1 t og 40 minutt med fri leik ved basen gjekk turen tilbake til barnehagen. På vegen oppsøke pedagogane og barna m.a. ein liten froskedam og studerte insekt i ulike vassdammar. Utedagen var prega av stor grad av ro og harmoni mellom både barn og vaksne, og det var tydeleg at både barn og vaksne treivst med å vere på tur.

#### **4.2.2.2 Barnehage 2**

Barnehage 2 er ein privat barnehage som ligg tett opp til eit frilufts- og skogsområde. Dei brukar uteområdet fast og er mykje ute og har fleire faste plassar dei besøker. Barnehagegruppa på 9 barn (4 gutter og 5 jenter, 4-5 år), ein pedagog og ein assistent skulle denne septemberdagen besøke eit skogsområde (ca. 15 min gange frå barnehagen) der det er bygd opp gapahuk/overbygde sitjeplassar med bålpass.

Turen inn til basen gjekk raskt ettersom barna visste kvar dei skulle og tydeleg gav uttrykk for at dei ville kome fort fram. Det var difor få stopp på vegen, bortsett frå nokre bokre barn som fann fleire sniglar som dei plukka med seg. Desse vart seinare undersøkte når dei kom fram til basen der dei skulle vere. Sjølve «basen» ligg i kanten av ein granskog. Inne i skogen er det husker og ulike tauverk barna kan klatre og rutsje i. Det er og ei maurtue eit stykke inn i skogen og ein natursti/ei løype med ulike QR-kodar og plansjar barna kan følgje.

Målet for dagen var å «finne, utforske og kjenne igjen blad, insekt og andre småkryp i skogen. Pedagogen samla barna og informerte dei om kva aktivitetar dei skulle gjere. Bl.a. leite etter insekt og blad. Pedagogen hadde med mykje utstyr barna kunne ta i bruk (t.d insektkoppar, luper, trådlaust mikroskop (Easi Scope), ulike bestemmingsdukar og handbøker).

Både pedagogen og assistenten tok aktivt del i leitinga etter småkryp og løfta på steinar, pallar og presenningar som låg i nærleiken. Barna var ivrige i å leite etter småkryp og viste stort engasjement. Dei tok og i bruk både luper og insektskoppar. Etter ei tid delte barnegruppa seg, og nokre av barna gjekk til basen for å studere vidare det dei hadde funne. Enkelte barn gjekk over til fri leik på området, og nokre av barna heldt fram med å leite etter småkryp.

Etter kvart kopla pedagogen Easy-Scopet til ein berbar PC slik at barna fekk sjå på det dei hadde funne. Dette engasjerte barna og alle ville sjå, og både soppar, edderkoppar og også føflekkar og sår barna hadde vart studert. Pedagogen tok og initiativet ein aktivitet der barna samla blad som dei så skulle artsbestemme ved hjelp av ein bestemningsduk. Dette var det derimot berre nokre få av barna som tok del i. Dei andre barna var saman med assistenten eller leika fritt.

Det var gjennomgåande eit høgt aktivitetsnivå på barn og også på pedagogen dei om lag tre timane turen varte. Pedagogen var aktivt deltagande og føreslo aktivitetar og følgde opp barna sine ønsker og innspel. Barna kom ofte til læraren for å vise fram det dei hadde funne, for å be om hjelp eller lurt på kva læraren gjorde eller hadde funne.

#### **4.2.2.3 Skule 1**

Skule 1 er ein offentleg barneskule der elevane på 2. trinn har ein fast utedag i veka. Denne dagen (tidleg i mai) skulle elevane besøke eit ferskvatn ca. 20 minutt gange gjennom eit skogsområde. Vatnet ligg i eit mykje brukt turområde, med stiar rundt. Det var to klassar på tur denne dagen (til saman 25 elevar). Elevane vart delte i to ulike grupper av 12 og 13 elevar der den eine gruppa, som utgjer deltakrane i denne studien (7 gutter og 5 jenter, 7-8 år, 1 lærar og 2 assistentar), hadde aktivitetar ved eit skogsvatn medan den andre gruppa hadde ulike naturfaglege oppgåver på eit eige område like ved. Deretter bytta dei to gruppene aktivitetar. Det er berre aktiviteten ved innsjøen som vart filma.

Målet med dagen for gruppa som var nede ved innsjøen var å «Bli kjent med fisk». Læraren har på førehand sett ut to ruser som eitt av barna får dra opp. Alle elevane har

redningsvest. I rusene er det mange abbor som læraren legg over i ein stor balje. Barna vert oppmoda til å halde og kjenne på fisken og viser stort engasjement rundt denne aktiviteten. Ettersom det er mange barn samla rundt baljen med fisk, vert det tidvis trøngt om plassen og også mange barn som snakkar samstundes, noko som kan gjere det vanskeleg for lærar å oppfatte alle innspela frå barna. Læraren held fram ein abbor og fortel barna om fisken og stiller også barna enkelte spørsmål om denne. I den eine rusa er det også ein stor kreps som blir lagt i ein balje med vatn slik at barna får sett på denne. Etter å ha studert fiskane og krepsen ei stund tek lærarane og elevane med seg fisken til eit ope område ved stien der barna seg i ein stor ring. Læraren viser og fram ein karuss ho har hatt med seg slik at barna får sjå ulike fiskar. Dei får utdelt ei skjerefjøl, ein kniv og ein fisk kvar som dei så skal dissekerere. Dei har og ei laminert teikning av ein fisk med indre organ som dei kan sjå etter. Læraren fortel korleis dei skal gå fram når dei dissekerer fisken, og både læraren og assistentane hjelper barna undervegs dersom dei treng det. Barna jobbar konsentrert, og det synest å vere ein gjennomgåande roleg og god stemning i gruppa under denne aktiviteten.

#### **4.2.2.4 Skule 2**

Skule 2 er ein offentleg barne- og ungdomsskule som har både eit skogsområde med bålpllass og ei elv like ved. Elevane ved 2. trinn har i all hovudsak utedag ein gong i veka. Denne dagen, tidleg i juni, skal elevane frå to klassar (totalt 31 elevar) leite etter småkryp i elva, som ligg like ved skulen. Elevane er delte i tre grupper, der den eine av gruppene (10 elevar) utgjer deltakarane i denne studien, i tillegg til ein lærar.

Elevane er samla ved elvebreidda, der det er ei lita sandstrand. Lærar informerer om kva målet med aktiviteten er :«Bli kjent med småkryp i vatn» og viser fram og demonstrere utstyret elevane skal ta i bruk. Elevane vert delt i grupper med to elevar i kvar gruppe. Kvar gruppe får utdelt ein håv, lupe og ein liten plastbalje som dei fyller med vatn. Lærar viser og legg fram ulike plansjar med oversikt over småkryp barna kan finne i elva. Desse plansjane er lett tilgjengeleg for barna.

Elevane kjem raskt i gang med aktiviteten og synest å jobbe både ivrig og konsentrert med å leite etter dyr som dei så legg i plastbaljen med vatn. Det høyrest stadig utrop frå barn som har funne noko eller som vil sjå på kva andre har funne. Dei ulike gruppene er fordelt over eit avgrensa område og lærar er i stor grad tilgjengeleg for elevane. Læra går mellom dei ulike gruppene og ser kva dei ulike gruppene har funne og kjem med innspel til barna undervegs. Barna vekslar mellom å hente nye småkryp i elva og å studere småkrypa dei har funne. Etter om lag 45 minutt vert aktiviteten avslutta med at elevane og lærar samlast og samtalar om kva dei ulike gruppene har funne.

### **4.3 Datainnsamling**

Denne studien er ein kvalitativ studie der eg har følgd grupper av 4-6-åringar i to ulike barnehagar og elevar ved 2. trinn (6-8 år) ved to ulike barneskular ein dag dei hadde fokus på naturfaglege tema/naturfagundervisning ute i naturen.

Data er samla inn ved hjelp av videoopptak og observasjonar av barn og lærarar. Lærarane sto fritt i utforming av det pedagogiske opplegget og kva målet for dagen skulle vere. Lyd- og videoopptak er gjort ved hjelp av fem actionkamera (GoPro Hero/Hero+) festa til overkroppen til tre barn, ein lærar og til forskar. I ein av barnehagane vart det brukt seks kamera, der to pedagogar hadde på seg kamera. Tabell 1 viser ein oversikt over tal på deltakarar, kamera og innhald og materiale på uteaktiviteten. Bakgrunn for val av actionkamera og metide vert utdjupa i delkapittel 4.4. Det var på førehand innhenta samtykkeerklæring frå foreldra til alle barna som skulle ta del i datainnsamlinga, og forskar hadde besøkt barnehagen i forkant av datainnsamlinga og vist fram utstyr og informert om kva som skulle skje, og korleis ein kunne skru av kamera dersom barna ønska å stoppe filminga.

Resultata som er presenterte i artikkel II omfattar også datamateriale som vart samla inn i samband med doktorgradsstudien til medretteliaren min, Eli Munkebye (2012). Dette materialet omfattar lydopptak av samtalar mellom lærarar og elevar ved 3. trinn og 4. trinn ved fire ulike barneskular ein dag elevane hadde uteundervisning i naturfag. Opptak av samtalane er gjort ved hjelp av lydopptakar festa til lærar. Utval av deltakarar,

beskriving av kontekst m.m. kjem fram i Munkebye (2012). Tabell 2 viser ein oversikt over datagrunnlag for artikkel I, II og III.

*Tabell 1. Oversikt over og informasjon om deltagarar, kamera og innhald og materiale på uteaktiviteten. Data innsamla av Skalstad.*

	Barnehage 1	Barnehage 2	Skule 1 2. trinn	Skule 2 2. trinn
Dato for datainnsamling	20.06.17	22.09.17	09.05.18	07.06.18
Alder barna	5-6 år	4-5 år	7-8 år	7-8 år
Tal på barn	Gutar	6	4	7
	Jenter	2	5	5
	Totalt	8	9	12
Tal på vaksne	Lærarar	2	1	1
	Assistentar	0	1	2
Tal på kamera	Barn	3	3	3
	Pedagogar	2	1	1
	Forskar	1	1	1
	Totalt	6	5	5
	Samla tid videoopptak	11 t 46 m	11 t 18 m	5t 50 m
	Utetid totalt	2 t 50 m	3 t 20 m	ca. 4 t
	Tema	Utforske naturen	Småkryp (på land) og blad	Fisk i ferskvatn
	Utstyr	Faktabøker	Div. luper, bøker, PC, bestemmingsdukar, lupekopper, faktabøker	Håv, bøtter, kniv, plansje
	Uteområdet	Skog	Skog	Ferskvatn
				Elv

*Tabell 2. Oversikt over datagrunnlag for artikkelen I, II og III.*

	Bhg 1	Bhg 2	Skule 1	Skule 2	Skule 3	Skule 4	Skule 5	Skule 6
Alder/trinn	5-6 år	4-6 år	2. trinn	2. trinn	3. trinn	3. trinn	3. og 4. trinn	4. trinn
Metode	Action-kamera på tre barn og 2 lærarar	Action-kamera på tre barn og 1 lærarar	Action-kamera på tre barn og 1 lærarar	Action-kamera på tre barn og 1 lærarar	Lyd-opptakar festa til lærar			
Oppnak av samtalar mellom	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar	Barn-lærarar
Oppnak av samtalar mellom	Barn-barn	Barn-barn	Barn-barn	Barn-barn	-	-	-	-
Samla inn av	Skalstad	Skalstad	Skalstad	Skalstad	Munkebye	Munkebye	Munkebye	Munkebye
Grunnlag for artikkelen	I, II og III	II og III	II og III	II og III	II	II	II	II

#### 4.4 Bakgrunn for val av metode

Det er mange omsyn å ta når ein skal velje kva metode ein skal ta i bruk for å samle inn data som skal gje svar på forskingsspørsmåla. Forskingsdesignet og forskingsspørsmåla i dette prosjektet samsvarar i stor grad med det konstruktivistiske paradigmet slik m.a. Denzin og Lincoln (2018) presenterer dette. Forskingsspørsmåla er alle av kvalitativ art, og det vil difor vere naturleg å ta i bruk kvalitative metodar for å samle inn data. Innan konstruktivismen er observasjonar, intervju og dokumentanalyse dei framherskande metodane i så måte (Mertens, 2010). I mitt forskingsprosjekt er det vesentleg at eg klarer å registrere samhandling/interaksjon mellom barn og vaksne. Sosiale interaksjonar vil kunne skje verbalt, men også non-verbalt gjennom t.d. kroppsspråk, gestar, haldningar. Når det gjeld vanlege/rutinemessige sosiale interaksjonar har det vist seg at desse er "flyktige" og vanskelege å studere for forskarar. Informasjonen ein får om desse sosiale interaksjonane vert upresis dersom ein tek i bruk eigne observasjonar og feltnotatarar i datainnsamlinga (Erickson, 2006).

Denne utfordringa vert ytterlegare forsterka ved at eg skal observere pedagog og fleire barn samstundes, i tillegg til at barna er i aktivitet ute i naturen. Fysiske hindringar på uteområdet (t.d. topografi, vegetasjon) vil kunne gjere det vanskeleg å få eit overblikk og følgje og observere barna når dei bevegar seg på området. Eg vil ikkje kunne klare å

registrere og notere ned alt som skjer i feltsituasjonen og vil måtte gjere eit utval både med tanke på kven eg skal observere og kva situasjonar eg skal velje å registrere.

Kva situasjonar eg finn relevant vil også vere prega av min bakgrunn, fagleg ståstad og kunnskapar. Dette vil medføre at eg, bevisst eller ubevisst, vil ha gjort eit utval av data allereie før analysane finn stad. Kva om det er vesentlege hendingar og situasjonar eg ikkje klarer å fange opp eller som eg vurderer som uaktuelle i det dei skjer?

Mest mogeleg nøyaktig og utfyllande informasjon om korleis den sosiale interaksjonen føregår kjem best fram gjennom å gjere audiovisuelle opptak av situasjonane. Detaljerte transkripsjonar av interaksjonane kan seinare analyserast eller kodast "augneblink for augneblink" (Erickson, 2006). Eg vil framleis måtte gjere eigne tolkingar og vurderingar, men eg vil ha god tid til å gjere vurderingane og eventuelt drøfte desse med andre dersom det skulle vere aktuelt, noko som vil auke reliabiliteten i studien.

På bakgrunn av dei behova og utfordringane eg har nemnt over, har eg difor valt å ta i bruk videoopptak som observasjonsmetode/observasjonsinstrument. Ved å ta i bruk videoopptak som observasjonsinstrument vil eg kunne gjere opptak av situasjonar som oppstår i ein heilskap og ha god tid i etterkant til å gå gjennom data og vurdere kva som er relevante data for mitt prosjekt.

#### **4.4.1 Actionkamera som forskingsverktøy i naturfagutdanninga**

I seinare tid har actionkamera i større grad blitt nytta som forskingsverktøy innan naturfagutdanninga, både inne i klasserommet (Blikstad-Balas & Sørvik, 2014; Remmen & Frøyland, 2014), og under feltarbeid og aktivitetar som føregår i utandørs settingar (Frøyland, Remmen, Mork, Ødegaard & Christiansen, 2015; Stolpe & Bjørklund, 2012). Studiane omfattar både elevar frå barneskule (Blikstad-Balas & Sørvik, 2014) og vidaregåande elevar (Blikstad-Balas & Sørvik, 2014; Remmen 2014; Remmen & Frøyland, 2014).

Actionkamera har i liten grad blitt nytta som datainnsamlingsverktøy innan barnehageforsking, men i ein nyare norsk studie utført av Hov og Neegaard (2020), vert ulike aspekt rundt bruk av actionkamera som datainnsamlingsverktøy innan

barnehageforskning belyst og drøfta. I studien kombinerer dei bruk av hand-halde videokamera og GoPro actionkamera montert til overkroppen til barnehagebarn (3-6 år) som er i aktivitet ute i naturen.

Eg vil i det følgjande kort gjere greie for kva litteraturen seier om bruk av actionkamera som forskingsverktøy i skulen og i barnehagen. Deretter gjer eg greie for bakgrunnen for val av kamera og av kven som skal bere kamera før, eg til slutt beskriv eigne erfaringar med bruk av actionkamera som forskingsverktøy i denne studien.

#### ***4.4.1.1 Fordelar med bruk av actionkamera som forskingsverktøy***

Undersøkingane, både frå barnehage og skule, viser at bruk av actionkamera i utdanningsforskning opnar opp for at forskrar kan undersøke nærmare ulike aspekt ved barna og elevane sine aktivitetar og læringsprosessar. Hov og Neegaard (2020) fann m.a. at actionkamera bidreg til at forskrarar får naturlege data om barn sine interaksjonar, leik og kommunikasjon, og ein får dermed samla inn data ut frå barna sitt perspektiv. Dette samsvarar med Remmen (2014) som fann at bruk av actionkamera bidreg til å sikre at ein får eit visuelt perspektiv på elevar og lærarar under feltarbeid i vidaregåande skule, men også innan klasseromsundervisining (Blikstad-Balas & Sørvik, 2014).

Frøyland et al. (2015) påpeikar også at bruk av actionkamera gjer det mogeleg for forskrarar å undersøke nærmare ulike aspekt ved elevane sine læringsprosessar, og å få ny innsikt i dei individuelle og sosiale prosessane elevane går gjennom under naturfaglege aktivitetar. Både Hov og Neegaard (2020), Remmen (2014) og Frøyland et al. (2015) fann at barna/elevane fort gløymde at dei hadde på seg actionkamera. Dette gjer at deltakarane i mindre grad vert distrahert og/eller påverka av opptakssituasjonen og av at forskaren er til stades, og at dei dermed også i større grad oppfører seg naturleg samanlikna med når hand-halde videokamera vert nytta.

#### ***4.4.1.2 Utfordringar med bruk av actionkamera som forskingsverktøy***

Samstundes skapar desse situasjonane der deltakarane gløymmer at dei gjer opptak også etiske utfordringar. Sjølv om barna og elevane vert informerte om at dei kan skru av kamera når dei måtte ønske, viser det seg likevel at det oppstår situasjonar det det vart

gjort opptak av t.d. private samtalar, toalettbesøk (Brown, Dilley & Marshall, 2008; Frøyland et al., 2015; Hov & Neegaard, 2020). Det er difor viktig at forskarar tek omsyn til desse utfordringane. Dette gjeld i særleg grad forsking retta mot dei yngste barna. Hov og Neegaard (2020) framhevar etiske omsyn for å vere hovudutfordringa når actionkamera vert nytta i undersøkingar i barnehagen. Dette skuldast m.a. at ein ikkje kan forvente at barn forstår kva dei gir samtykke til.

I tillegg til dei etiske utfordringane, kan forskarar oppleve tekniske utfordringar med bruk av utstyret (Brown et al., 2008; Hov & Neegaard, 2020), som t.d. at kameraet vil kunne vere usett for hard medfart i leik og uteaktivitet og teknikken vil kunne svikte (Hov & Neegaard, 2020). Vidare kan kvaliteten på lydopptak bli dårlig pga. vind- og vær-forhold og gnissing av tøy (Hov & Neegaard, 2020). Dette synest derimot ikkje å utgjere store utfordringar hos forskarane.

I delkapittel 4.4.5 beskriv eg eigne utfordringar knytt til bruk av actionkamera som forskingsverktøy.

#### 4.4.2 Val av kamera

Eg hadde i starten planlagt å ta i bruk lydopptakar festa til barn og pedagogar og sjølv ta opp film gjennom bruk av eit handhalde videokamera, men det ville likevel vere vanskeleg å fange opp aktiviteten til barna som flyttar seg på eit større område (jf. Frøyland et al. 2015). Eg vil framleis måtte gjere eit utval av kva situasjonar eg gjer opptak av, og om eg filmar barn eller pedagog. Eit enkelt handhalde kamera ville difor vere utilstrekkeleg i så måte.

Eg har difor valt å ta i bruk actionkamera (type GoPro Hero og Hero +) festa til overkroppen til tre barn i kvar gruppe og til pedagog. Desse kameraa tek opp lyd samstundes som det vert tatt videooppdrag av kva barna og pedagogen gjer og kvar dei bevegar seg. Sidan barna var relativt små valte eg å feste kamera til overkroppen ved å bruke ein eigen sele («Chest Mount»). Eg kunne valt å feste kamera til hovudet, men dette vil kunne bli tungt for dei minste barna og etter kvart ubehageleg å ha på.

#### 4.4.3 Utval av barn som skal ha på seg kamera

Når det gjeld val av kva barn som skal ha på kamera under datainnsamlinga er utgangspunktet at begge kjønn skal vere representerte. Det er fleire grunnar for dette. Det kan m.a. vere at jenter og gutar har ulike måtar å uttrykke seg på, og det vil difor vere viktig at eg gjer registreringar av begge kjønn. Vidare erfarte eg i pilotprosjektet at jentene og gutane etter kvart delte seg i kvar sine grupper i den frie leiken. Ved å fordele kamera på begge kjønn ville eg minske sjansen for at alle tre kamera filmar dei same hendingane.

Fordi eg ikkje kjende barnegruppene og det kunne vere grunnar for eventuelt ikkje å ha kamera på enkelte av barna, drøfta eg i forkant med pedagogane kva barn som skulle veljast ut. I den eine barnehagen hadde pedagogen forslag til eitt barn som ofte var nysgjerrig og kunnskapsrikt, medan dei to andre barna representerte meir «gjennomsnittet» av barnegruppa og vart valde ut på bakgrunn av kriteria nemnd over. Samtykke frå foreldra var innhenta i forkant og barna vart også spurde om dei hadde lyst til å ha på kamera eller ikkje. Dei fleste barna ønska å ha på kamera, medan enkelte sa nei til dette.

#### 4.4.4 Møte med barna i forkant av datainnsamlinga

Norsk senter for forskingsdata (NSD) stilte krav om at barna skulle ha høve til å seie nei til å delta i studien sjølv om foreldra hadde gitt samtykke. Eg hadde difor eit møte med barna/elevane i forkant av datainnsamlinga der eg informerte dei om dette, snakka om kva som skulle skje og viste dei kamera. Barnehagebarna fekk òg prøve kamera.

Eg forklarte kva som kunne vere utfordringar med å bruke actionkamera, og informerte barna om at sjølv om foreldra hadde samtykka til at dei kunne delta, kunne barna likevel seie nei. Ettersom ein ved bruk av actionkamera kjem innanfor intimsona til barna og kan risikere å få opptak av situasjonar og samhandlingar med andre barn som er av meir privat karakter (Hov & Neegaard, 2020), la eg difor vekt på å formidle desse utfordringane til barna på ein måte dei kunne forstå. Me samtala om kva som kunne vere «dumt» med å ha på kamera, t.d. ved toalettbesøk. Eg fortalte dei også at dersom dei fortalte

hemmelegheiter til kvarandre, så ville eg høre det på filmen etterpå, men at dersom eg hørde slike hemmelegheiter, så hadde eg ikkje lov å seie dei til nokon andre, og at eg skulle eg slette dette frå filmen. Eg presiserte at dette også kunne vere ei utfordring for dei som ikkje hadde kamera sjølv, men som var saman med, eller i nærleiken av eit barn som gjorde videoopptak.

#### 4.4.5 Eigne erfaringar ved bruk av actionkamera

Erfaringane eg gjorde meg ved bruk av actionkamera er i all hovudsak positive både når det kjem til praktiske og tekniske, men også etiske forhold.

##### 4.4.5.1 *Erfaringar med praktisk gjennomføring*

Under sjølve datainnsamlinga vart barna og pedagogane viste korleis dei kunne skru av og på kamera, og eg minna dei på at dette kunne dei gjere når dei måtte ønske det. Barna vart også informerte om at dei kunne seie frå til oss vaksne dersom dei ikkje ønska å filme lenger og ønska å ta av kameraet. Enkelte av barna i barnehagen nytta seg av nettopp dette, og det skjedde fleire kamerabyte undervegs. Dette skjedde i all hovudsak i samband med situasjonar der barna skulle ta av/på klede eller ryggsekkar og dermed også måtte ta av/på kamera sidan dette var festa til overkroppen og dei vart dermed «minna på» at dei hadde på kamera. I skulen, derimot, var det ingen barn som uttrykte ønske om å ta av seg kamera. Dette kan kanskje skuldast at ein i skulen i større grad enn kva som er tilfelle i barnehagen, er vande med å skulle utføre oppgåver og «gjere som ein vert fortald» av lærar, og at elevane dermed såg dette som «si» oppgåve. Alle barna som hadde kamera var på førehand spurde om dei hadde lyst til å ha på kamera. Ikke alle barna hadde ønske om å ha på kamera.

Når det gjeld bruk av brystmontert actionkamera for datainnsamling, samsvarar mine erfaringar i stor grad med erfaringar frå andre undersøkingar som viser at barna fort gløymmer at dei har på seg kamera (t.d. Frøyland et al., 2015; Hov & Neegaard, 2020). Enkelte av barna hadde ein del fokus på at dei tok opp film dei første minutta, men deretter verka det som om kamera fort vart gløymt. Dette vart bekrefta av pedagogane i etterkant av filminga. Besøket i barnehagen, der barna fekk bli kjende med meg som

forskar, og der dei som ville det også fekk prøve kamera, kan også ha vore med på å «normalisere» sjølve opptakssituasjonen.

#### *4.4.5.2 Erfaringar med det tekniske utstyret*

Kvalitet på bilet og lyd var god, men det viste seg derimot at etter lengre tids bruk kunne kamera svikte. Det var difor ein fordel å ha eit ekstra kamera tilgjengeleg som kunne erstatte kameraet som ikkje lenger fungerte.

### **4.4.6 Etiske refleksjonar rundt bruk av actionkamera i datainnsamlinga**

#### *4.4.6.1 Barna si intimsone*

Trass i at ein ved bruk av actionkamera kjem innafør barna si intimsone (jf. t.d. Hov & Neegaard, 2020), opplevde eg få situasjonar der det vart gjort opptak av hendingar eller samtalar av privat karakter. Erfaringane eg har gjort meg, er at desse situasjonane først og fremst oppstår ved toalettbesøk, men både i barnehage- og skulesituasjon tok derimot barna kontakt med ein voksen for å spør om hjelp/lov til å gå på toalettet. Dette auka sjansen for at kamera vart skrudd av i dei tilfella der barna eventuelt sjølv ikkje hadde skrudd av kamera.

Samstundes vil eg likevel påpeike at sjølv om foreldra har gitt samtykke til at barna kan ta del i undersøkinga, og barna også ønsker å ta del i undersøkinga, har ein som forskar eit stort ansvar for å beskytte barna, ettersom barna ikkje nødvendigvis sjølv forstår kva dei gir samtykke til, noko også Hov og Neegaard (2020) understrekar.

#### *4.4.6.2 Barn utan samtykke frå føresette*

Ei anna utfordring med bruk av actionkamera festa til barn ute i naturen er at det er vanskeleg å unngå å gjere opptak av barn som ikkje har fått samtykke frå foreldra når det gjeld filmopptak. I barnehagen vart denne utfordringa løyst ved at barn utan samtykke hadde eit eige opplegg saman med barn på ei anna avdeling. I dei to skulane vart aktivitetane gjennomførte i mindre grupper som veksle mellom ulike aktivitetar. Dei elevane som ikkje skulle bli filma vart då samla i den eine av gruppene og det vart ikkje gjort videoopptak av denne gruppa. Enkelte elevar stilte då spørsmål om kvifor dei ikkje

fekk vere på gruppa der det skulle bli gjort videoopptak, og i eit par tilfelle gav elevane som då visste dette skuldast at dei ikkje hadde «fått lov» av foreldra uttrykk for at dei ikkje tykte dette var greitt. Dette kan skuldast at dei også ville ta del i noko som verka som morosamt, eller fordi dei ikkje ville skilje seg ut frå dei andre elevane.

#### 4.4.7 Møte med andre barnegrupper eller turgåarar

Ei utfordring knytt til bruk av actionkamera oppsto når ein i løpet av turen møtte andre barnegrupper eller vaksne som også var på tur denne dagen, og som dermed kom med på videoopptak. Dette var ikkje noko barna sjølv tenkte på, naturleg nok, og heller ikkje pedagogane kom alltid på dette. I desse situasjonane oppsøkte eg alle med kamera og passa på at desse vart skrudde av. Det vart likevel vanskeleg å unngå at det vart gjort opptak av andre, ettersom barna er i aktivitet på ulike stader og eg må oppsøke kvart enkelt barn. Det var likevel ikkje ofte dette skjedde, og slike opptak vart også sletta frå videoopptaka i etterkant.

#### 4.4.8 Observasjon av lærar

For å sjå nærrare på kva strategiar pedagogen tok i bruk for å stimulere barna til å ta del i utforskande samtalar, vil det vere viktig å ha også ha eit særleg fokus på pedagogen. Gestar, haldningar, kroppsbruk er vesentleg også her. Desse registreringane vert gjort ved hjelp av to actionkamera. Eitt kamera var festa til pedagogen og tok då opptak av samtalar mellom pedagog og barn, og gav nærbilete av situasjonar/samhandlingar mellom barn og pedagogar. Ein ser kvar pedagogen bevegar seg og eventuelt brukar av t.d. faktabøker, naturelement og liknande.

Eit anna actionkamera var festa til meg som forskar. Dette kameraet gav eit bilet av pedagogen i «heilfigur» der kroppsbruk som gestar og positur kom fram. I tillegg var ein større del av området pedagogen bevega seg i og kvar han/ho var i forhold til dei andre barna synleg. Ulempa med å bruke actionkamera for å filme pedagogen er at ein ikkje kan zoome inn og få nærbilete av ansiktet til pedagogen. Det er difor vanskelegare å tyde mimikken, noko som vil kunne vere relevant å sjå på i forhold til korleis pedagogen uttrykker seg og kommuniserer med barna. Eg kunne ha valt å bruke eit handhalde

videokamera for å filme pedagogen. Eg ville då kunne halde ein viss avstand til pedagogen og samstundes ”zoome inn” for å få nærbilete der mimikken/ansiktsuttrykk vil kunne kome tydelegare fram.

Ei utfordring med bruk av eit handhalde videokamera vil vere at dette vil kunne vekke merksemd hos barna og det kan opplevast forstyrrende for pedagogen, og på denne måten gjere situasjonen mindre «normal». Ved å bruke actionkamera festa til hovudet eller overkroppen vil dette kanskje vere lettare å ”gløyme” for deltakarane og eg vil i større grad kunne vere til stades utan å ta mykje merksemd frå aktivitetane/undervisninga. Eg vurderte det slik at det var viktigare at situasjonen rundt datainnsamlinga verka minst mogeleg forstyrrende for barna og pedagogen slik at denne i størst mogeleg grad vart lik ein normalsituasjon, medan mimikken til pedagogen var av mindre betydning for på finne svar på forskingsspørsmåla mine.

Eg erfarte at det var stor aktivitet i barne-/elevgruppene. I tilfelle der pedagogen måtte bevege seg raskt mellom dei ulike barna, og der terrenget var ulendt og med mykje vegetasjon, kunne det blitt utfordrande å filme pedagogen på nært hald trass i muleheit for zooming. Ved bruk av actionkamera kunne eg lettare følgje etter læraren og ha hendene frie når eg skulle bevege meg gjennom høg vegetasjon og liknande.

Vidare kan ein diskutere om ein skal feste actionkamera til hovudet eller overkroppen. I pilotforsøket valte eg å teste ut actionkamera festa til overkroppen. Eg erfarte at ved å feste actionkameraet til overkroppen gav det meg større rom for å skrive notatar undervegs, då kan eg bøye hovudet utan å måtte ta bort filminga av pedagogen. I tillegg kunne eg innimellom sjå kva dei andre barna gjorde/kva som skjedde rundt utan at dette påverka filminga av pedagogen, sidan kamera kunne rettast mot pedagogen sjølv om eg snudde hovudet ein annan retning. Dette hadde ikkje vore mogeleg dersom eg hadde festa kamera til hovudet slik eg først hadde tenkt.

## 4.5 Rolla som observatør

Val av kamera får også innverknad på rolla mi som observatør. Ein kan som observatør vere fullstendig observatør, deltagande observatør, fullstendig deltagande observatør

eller fullstendig uavhengig observatør (Tjora, 2010). I mitt prosjekt har eg hatt eit ønskje om å påverke situasjonen i minst mogeleg grad. Samstundes var situasjonane eg skulle observere baserte på samhandling, samtalar og barn som uttrykker interesse for noko. Det vil då vere naturleg å tenkje seg at dette også vil kunne kome til uttrykk ved at barna som ønskjer å dele noko han/ho har funne eller ønskjer å få svar på noko vil kunne kome til meg, og at eg responderer på dette. I slike situasjonar vil eg få ein større grad av deltaking som observatør. Eit handhalde videokamera vil kunne skape ein distanse til deltakarane og bidra til at eg lettare kan ha ei rolla som fullstendig observatør, medan eit actionkamera vil kunne gjere situasjonen meir "normal" for deltakarane, men samstundes dreie observatørrolla meir mot "deltakande observatør".

Under datainnsamlinga hadde eg fokus på pedagogen, og tok ikkje sjølv initiativ til samtalar med barna. I situasjonar der barna og/eller pedagogane viste interesse og engasjement for noko dei hadde funne, observerte eg dette utan å ta aktivt del i situasjonen. Men der barn oppsøkte meg for å vise fram noko dei hadde funne, eller stilte meg spørsmål, responderte eg på dette. Ein kan dermed seie at eg i utgangspunktet hadde ei rolle som fullstendig observatør, men at denne av og til vart deltagande.

Erfaringane eg gjorde meg under datainnsamlinga var at barna i liten grad kom til meg med spørsmål eller andre førespurnader. I den grad dei kom til meg, kom barnehagebarna oftare enn elevane på 2. trinn. Dette kan skuldast at opplegget for 2. klassingane var tydelegare definert og dei hadde klare oppgåver dei skulle løyse, medan barna i barnehagen hadde ein større grad av fri leik og kunne velje sjølve kva dei ville gjere. Skiljet mellom dei ulike vaksne i barnehagen er òg mindre tydeleg i barnehagen enn i skulen der læraren har ei tydeleg leiande rolle.

## 4.6 Dataanalyse

Nokre av fordelane med å analysere videodata samanlikna med analyse av t.d. eigne observasjonar og feltnotatar er m.a. at videoteknologien gjer det mogeleg å granske, "fryse" og sjå om att situasjonar og hendingar i detalj. Videoopptak er dessutan varige og kan redigerast og kombinerast på ulike måtar. Videoopptak har også den fordelen at ein

kan observere og lytte til interaksjonar mellom deltakarane i studien uforstyrra og ein kan overhøyre samtalar og dialogar mellom t.d. lærarar og elevane utan at ein sjølv er ein del av situasjonen (Klette, 2009).

Ulempene med analyse av videoopptak er den store datamengda ein som forskar får tilgang til. Dette krev at forskaren klarer å handtere den store mengda av data og informasjon på ein måte som både er systematisk og transparent og som på same tid tek omsyn til den utfyllande/rike data som er samla inn (Klette, 2009). For å få dette til vil det vere nødvendig å kategorisere og kode data. Denne avhandlinga omfattar tre ulike studiar som alle har hovudfokus på samhandlinga, og så særleg den verbale kommunikasjonen i form av samtalar, som finn stad mellom barn og pedagogar og som omhandler naturfaglege tema (t.d. plantar, dyr, søledammar, vind og vær). Desse samtalane vert omtala som «naturfaglege samtalar» og er, saman med konteksten rundt samtalane, utgangspunkt for analyse i dei tre studiane.

Rådata vart difor kategorisert i samtalar som omhandler naturfaglege tema og samtalar som ikkje omhandla naturfaglege tema. *Samtalar* omfattar i denne studien samtalar som strekker seg over to eller fleire ytringar. Samtalar beståande av berre to ytringar kan knapt kallast samtalar, men er likevel tatt med, sidan det i denne studien er relevant å sjå nærmare på kva som gjer at ein samtale eventuelt stoppar opp. Denne definisjonen av samtale omfattar dermed også samtalar i form av eit spørsmål frå t.d. eit barn som vert respondert på med ei enkelt ytring av lærar, noko som er særleg sentralt i artikkelen II.

Ein *samtale* vert rekna frå når eit barn eller lærar introduserer eit tema (t.d. kjem med ei ytring knytt til ei naturelement) og til fokuset endrar seg og eit nytt tema vert introdusert, eller når ein eller begge samtalepartane går over til andre aktivitetar.

#### 4.6.1 Transkripsjon

Alle samtalane mellom barn og pedagogar som har eit naturfagleg fokus er transkriberte i heilskap. Samtalane vart transkriberte ordrett, dvs. slik dei vart uttalte av barn og lærarar, men i presentasjon i artiklane er desse omsette til standard nynorsk eller (britisk) engelsk. Pausar vart markerte med «...» og tonefall, latter og kroppsspråk vart skrive i

parentes. T.d. «(stigande tonefall)» eller «(set seg på huk)». Barna og pedagogane vart kalla «gut/jente 1, 2, 3 etc.» eller «Ped 1 evt. 2». I dei tilfella der noko ord var vanskeleg uklare eller uhøyrlege, vart dette markert med «xxx». Det var derimot sjeldan dette førekomm ettersom samtalane ofte kom fram eitt av dei andre kameraa og eg dermed kunne supplere med opptak frå eitt av dei andre kameraene.

Eg har undervegs skrive korte kommentarar for å beskrive konteksten rundt samtalen og situasjonen. Alle samtalane er transkriberte i analyseverktøyet NVivo.

#### 4.6.2 Utval av samtalar

Eg har brukt ulik kategorisering og analytiske rammeverk i dei tre artiklane. I artikkell I er det dei naturfaglege samtalane mellom barn-lærar og barn-barn som utgjer analyseeingane (totalt 106) og som vert kategoriserte vidare i ulike kommunikative prosjekt. I artikkell II, derimot, er det samtalane som *inneheld naturfaglege spørsmål frå barna* som utgjer analyseeingane. Enkelte samtalar kan innehalde fleire spørsmål, anten frå eit eitt eller fleire barn. Ettersom kvart enkelt spørsmål vert analysert enkeltvis, vil ein samtale og konteksten rundt denne difor i enkelte tilfelle utgjere fleire analyseeingar (t.d. dersom det vert stilt tre spørsmål i ein samtale vil samtalens gjenstand for tre ulike analysar, og dermed utgjere tre analyseeingar). Totalt utgjer dette 457 analyseeingar fordelt på to barnehagar (B1 og B2) og seks skular (S1-S6).

Når det gjeld artikkell III, der målet er å finne gode eksemplar på korleis lærarar kan støtte barn si interesseutvikling, har alle transkripta (dvs. dei naturfaglege samtalane) frå dei to barnehagane og skulane som tok del i studien blitt nytta for å identifisere sekvensar der barn si nysgjerrigkeit og interesse kjem til syne. Ettersom barna si interesse vert utvikla over tid, dette kan omfatte fleire ulike samtalar over eit lengre tidsintervall (dvs. frå heile utedagen). I denne studien har det blitt gjort eit utval av samtalar for å vise typiske eksempler på korleis lærarar kan støtte barna si interesseutvikling, men og der ein viser eksempler på strategiar som ikkje fungerer. Det samla datagrunnlaget utgjer her transkript frå videoopptak utført av lærarar (totalt 355 minutt, ca. 6 timer). I tillegg er samtalane supplerte med samtalar og kontekstar frå enkelte av barna sine kamera der dette har

vore nødvendig for å kunne identifisere barnet si interessefase eller for å kunne beskrive konteksten utover det som kjem fram på lærar sitt kamera.

Det er dermed dei naturfaglege samtalane mellom barn og lærarar og kontekstane rundt desse som er i fokus i denne studien, og ikkje det enkelte barnet eller læraren. Det samla videomaterialet som ligg til grunn for denne studien utgjer om lag 32 timer videoopptak.

#### 4.6.3 Analytisk rammeverk

I analysane av dei tre delstudiane har eg nytta ein kombinasjon av deduktiv og induktiv tilnærming. *Induktiv analyse* vert av Thomas (2006) definert som at ein i hovudsak nyttar rådata for å utvikle/utleie omgrep, tema eller ein modell ut frå tolkingar som er gjort av forskar sine rådata. Forskaren utviklar teori ut frå data. *Deduktiv analyse* viser til dataanalysar som har som mål å prøve ut kor vidt data er konsistent med tidlegare antakingar, teoriar eller hypotesar som er konstruert av ein forskar. Ein går frå teori til empiri og tilbake igjen. Ein kan og kartlegge empiri i lys av teori. Mange evalueringsprosjekt nyttar, i følgje Thomas (2006) både induktive og deduktive analysar.

I analysen av dei naturfaglege samtalane i artikkel I har eg tatt utgangspunkt i Matre (2000) si kategorisering av samtalar i ulike *kommunikative prosjekt*, dvs. deduktiv tilnærming. I tillegg har det gjennom analysane kome fram ein induktivt utvikla kategori «påkalle merksemd». I artikkel II har eg nytta Chin og Brown (2002) si kategorisering i *grunnleggjande informasjonsspørsmål* (basic information questions) og *undringsspørsmål* (wonderment questions) som utgangspunkt for kategorisering og analyse av barna sine spørsmål. I tillegg vart det utvikla to kategoriar induktivt («handlingssøkande spørsmål» og «informere»). Når det gjeld artikkel III vert Hidi og Renninger (2006) sin *4-fase-modell for interesseutvikling* og teori knytt til denne nytta som utgangspunkt for å identifisere barna si interesseutvikling. Teori knytt til lærarane sin *faglege ekspertise, sosiale kongruens* og *kognitive kongruens* vert nytta for å identifisere strategiar lærarar kan ta i bruk for å fremje barna si interesseutvikling.

Dei ulike teoretiske perspektiva og analyserammeverka som nytta i dei deduktive analysane i dei ulike studiane vert utdjupa i dei tre artiklane. Her vert også dei induktivt utvikla kategoriane og teoriane presenterte og utdjupa.

## **4.7 Truverd, avgrensingar og etiske refleksjonar i forskinga**

Når forsking er kvalitativ, betyr det vanlegvis at ein interesserer seg for *korleis* noko vert gjort, sagt, opplevast, står fram eller vert utvikla, medan ein i kvantitativ forsking undersøker *kor mykje* som finnast av noko (Brinkmann & Tanggaard, 2012).

Denne studien er ein kvalitativ studie, men med enkelte innslag av kvantitative data (i artikkel I og II) i form av presentasjon av førekomst av og tal på m.a. ulike former for samtalar og spørsmål. Dei kvantitative data vert i hovudsak nytta for å synleggjere eventuelle likskapar og/eller ulikskapar i datamaterialet som igjen vert gjenstand for tolking og analyse. Hovudtyngda i dei tre artiklane ligg difor på den kvalitative analysen av samtalar og samhandlingar mellom pedagogar og barn.

All forsking, både innan kvalitativ og kvantitative undersøkingar, er opptatt av at kunnskapen som kjem fram er gyldig (*valid*) og påliteleg (*reliable*) og at denne er gjennomført på ein etisk måte (Merriam & Tisdell, 2015). Det er særleg viktig at fagfolk i praksisfeltet, t.d. i skulen, kan stole på forskingsresultata ettersom ein i praksisfeltet grip inn i folk sine liv (Merriam & Tisdell, 2015). Dette vil gjelde for denne studien, som dreier seg om både barnehage- og skulepraksisfeltet. Det vert, i følgje Denzin og Lincoln (2018) og Lichtman (2013), nytta ulike kriterier og også terminologi knytt til korleis ein kan oppnå nøyaktigkeit i kvalitativ forsking (Merriam & Tisdell, 2015). I følgje Lincoln og Guba (1985) omfattar truverd i forskinga å kunne etablere *kredibilitet*, *overføringsverdi* og *dependability* (også kjent som *reliability*). Merriam og Tisdell (2015) skil mellom indre og ytre validitet, der *indre validitet* samsvarar med kredibilitet, truverd, medan *ytre validitet* samsvarar med omgrepet overføringsverdi, som m.a. omfattar generalisering av ein studie. Eg har valt å nytte Merriam og Tisdell (2015) sin inndeling i indre og ytre validitet og vil i det følgjande gjere greie for og belyse ulike sider ved desse omgrepene og korleis det vert tatt vare på i denne studien.

## 4.7.1 Validitet

### 4.7.1.1 Indre validitet

Ettersom ein i kvalitativ forsking ikkje kan oppnå ei objektiv sanning eller verkelegheit, vil det vere viktig å ta i bruk ulike strategiar som kan bidra til at forskingsresultata i størst mogeleg grad samsvarar med verkelegheita. Det vil seie, metodar som sikrar ein best mogeleg indre validitet (Merriam & Tisdell, 2015). Ein mykje brukt metode for å auke den indre validiteten og truverda av funna i ein studie er *triangulering* (Merriam & Tisdell, 2015; Patton, 2002). Triangulering inneber at forskaren brukar fleire ulike metodar (*metodetriangulering*), datakjelder (*kjeldetriangulering*), forskarar (*forskartriangulering*) eller teoriar (*teori/perspektivtriangulering*) for å understøtte funna (Patton, 2002).

I følgje Patton (2002), omfattar triangulering av datakjelder at ein samanliknar og kryss-sjekkar kor konsistent informasjon er til ulike tider og ved å ta i bruk ulike metodar, t.d. ved at ein samanliknar personar sitt perspektiv frå ulike synsvinklar. Ettersom eg i denne studien tek i bruk av fleire actionkamera festa til både pedagog og barn, bidreg dette til at ein får belyst situasjonar og kontekstar frå både barna og pedagogane sine perspektiv. Sjølv om det er brukt same metode for datainnsamling, bidreg dette til at ein likevel får eit utfyllande bilet av både situasjonane, kontekstane og bakgrunnen for aktivitetane, samtalanane og spørsmåla som finn stad i denne studien, noko som kan seiast å samsvare med kjeldetriangulering. Bruk av fleire ulike kamera gjorde det også mogeleg å supplere data frå eitt kamera der samtalar og aktivitetar var utydelege og ikkje kom klart fram, med data frå eit anna kamera.

I artikkel I vart også forskartriangulering nytta ved at delar av datamaterialet vart gjennomgått av ein annan forskar med erfaring innan analyse av samtalar mellom barn og pedagogar. I artikkel II og III, der eg skriv saman med ein annan forskar, tok begge forskarane del i analysearbeidet og data vart nøyne vurdert og drøfta, noko som kan ha bidratt til å auke den indre validiteten.

Den indre validiteten kan også bli styrka gjennom fagfellevurderingar («peer review») eller når kollegaer som les gjennom og kommenterer data og funna («peer examination»)

(Merriam & Tisdell, 2015). Kollegaane kan då anten vere kjende med temaet frå før, eller også nye innan fagfeltet. Per i dag har artikkel I og II blitt vurdert av fagfelle, og alle artiklane har blitt lesne og kommenterte av både rettleiarar og andre kollegaer, noko som dermed bidreg til å auke validiteten i denne studien.

Ettersom delar av datamaterialet har blitt nytta i fleire av undersøkingane i denne doktorgradsstudien, har dette datamaterialet også blitt analysert ut frå fleire ulike perspektiv og ved bruk av ulike teoretiske rammeverk. Dette samsvarar med teori/perspektivtriangulering slik dette vert beskrive av Patton (2002).

#### 4.7.1.2 Ytre validitet

Ytre validitet, også kalla overføringsverdi (transferability), handlar om i kor stor grad funna i ein studie kan nyttast i andre situasjonar (Merriam & Tisdell, 2015). Det vil seie, i kor stor grad er forskingsresultata generaliserbare. Ei vanleg forståing av omgrepet generalisering innan kvalitativ forsking er, i følgje Merriam og Tisdell (2015), ei såkalla «*reader or user generalizability*» der ein overlet til personen som les studien å avgjere kor vidt funna i studien kan overførast til hans/hennar situasjon.

Ulike metodar kan nyttast for å auke forskingsresultata sin overføringsverdi. M.a. ved bruk av såkalla *rike beskrivingar* der ein gir utfyllande beskrivingar av konteksten i studien som gjer det mogeleg for leсaren å sjølv vurdere kor vidt hans/hennar situasjon samsvarar med forskingskonteksten og, dermed også, kan vurdere om funna kan overførast til deira situasjon eller ikkje (Lincoln & Guba, 1985; Merriam & Tisdell, 2015).

Brinkmann og Kvale (2015) diskuterer tre ulike former for kvalitativ generalisering: *naturalistisk generalisering*, *statistisk generalisering* og *analytisk generalisering*. Naturalistisk generalisering tek utgangspunkt i personlege erfaringar og «taus kunnskap» om korleis ting heng saman. Statistisk generalisering bygger på eit tilfeldig utval som er representativt for ein populasjon. Når det gjeld analytisk generalisering, omfattar denne vurderingar som er begrunna ut frå i kva grad funna i ein studie kan nyttast som rettesnor for kva som kan skje i andre situasjonar (Brinkmann & Kvale, 2015; Stake, 1995).

I denne avhandlinga oppnår eg analytisk generalisering gjennom å knyte empiriske funn til teoretiske perspektiv knytt til m.a. *kommunikative prosjekt* (artikkel I), *kategoriar av spørsmål* (artikkel II) og *teoriar/modell for korleis interesse vert utvikla* (artikkel III) og diskutere desse funna i forhold til funn i liknande studiar og eksisterande litteratur.

Også utval av deltagarar i forskingsstudien vil kunne ha betyding for kor vidt resultata i studien har overføringsverdi til andre studiar eller ikkje. I denne studien har målet med studien vore å sjå korleis pedagogar, gjennom samtalar, kan følgje opp barn som er i utforskande naturfaglege aktivitetar ute i naturen. Det har ikkje vore knytt spesifikke krav til verken pedagogane sin faglege bakgrunn, korleis aktiviteten skulle gjennomførast eller kva målet med aktiviteten skulle vere.

Utval av deltagarar har blitt gjort ut frå kjennskap til barnehagar og skular ein visste hadde tilgang til, og også tok aktivt i bruk naturen som erfarings- og læringsarena. Det kan då tenkjast at desse pedagogane i større grad har naturfagleg bakgrunn enn pedagogar i barnehagar som i mindre grad nyttar seg av uteområdet. Læraren sin faglege bakgrunn vil også kunne spele inn når det gjeld kva læringsmuleheter pedagogane ser og legg til rette for ute i naturen. Ettersom fokuset i denne studien i hovudsak er retta mot korleis pedagogane støttar barna gjennom dialog, og ikkje direkte på kva aktivitetar dei gjennomfører, og sidan det er viktig å få fram eksempel på både strategiar som fremjar utforskande samtalar, barn sine spørsmål og interesse, men også kva strategiar som *ikkje* fungerer, vil læraren sin faglege bakgrunn ha mindre betyding og har dermed ikkje blitt vurdert som analysefaktor.

#### 4.7.2 Reliabilitet

Reliabilitet handlar om kor vidt ein studie kan bli gjentatt, og med same resultat (Merriam & Tisdell, 2015). Omgrepet er derimot omdiskutert, særleg innan samfunnsvitskapleg forsking, ettersom studiar av menneskelege oppførsel ikkje er statisk, og der det kan førekome fleire ulike tolkingar av dei same data, noko som gjer det vanskeleg å gjenta studien med same resultat (Merriam & Tisdell, 2015). Innan kvalitativ forsking handlar reliabilitet difor om å vise at resultata er konsistente med data som er samla inn (Lincoln & Guba, 1985; Merriam & Tisdell, 2015).

I følgje Merriam og Tisdell (2015) bidreg m.a. *audit trail* til å sikre konsistens og reliabilitet i ein studie. *Audit trail*, handlar om at ein kan følgje forskaren i prosessen frå data til resultat. Eg har difor lagt vekt på å gje detaljerte beskrivingar av m.a. korleis kategoriane vart utvikla og kva teoriar som ligg til grunn for analysen. I artikkel III bidreg dei detaljerte beskrivingane av analysane av transkripta til at lesaren kan følgje forskaren sine steg langs vegen. Dette betyr at lesaren kan kome til andre konklusjonar, og også stille spørsmål ved bevisa som funna er baserte på.

I følgje Erickson (2006) har transkript frå videoopptak sterke posisjon når det kjem til reliabilitet samanlikna med t.d. feltnotatar. Reliabiliteten i artikkel I og III er også styrka av at fleire kamera frå både barn og pedagogar er lagt til grunn for transkripta og for konteksten. Dette bidreg til å sannsynleggjere konklusjonane.

I følgje Creswell og Poth (2018) kan truverd i ei undersøking også aukast ved at fleire forskrarar tek del i kodingsprosessen og i analysen av transkripta. Dette vart gjort i artikkel I der delar av datamaterialet vart gjennomgått av ein annan forskar med erfaring innan analyse av samtalar mellom barn og pedagogar. Dette gjer det mogeleg å drøfte kvifor ein eventuelt tolkar data ulikt og dermed kunne klargjere betre kriteriene for dei ulike kategoriane som ligg til grunn for dei vidare analysane. I artikkel II og III, som eg skriv saman med ein annan forskar, har begge forskarane tatt del i alle analysane, og kategoriar og resultat har blitt utvikla etter mange og grundige drøftingar.

Når det gjeld artikkel I og III er det underteikna som har tatt del i og gjennomført datainnsamlinga og har sett gjennom og transkribert datamaterialet, og er dermed den som kjenner konteksten best. I artikkel II, derimot, har data blitt samla inn og transkribert delvis av underteikna og delvis av ein annan forskar (medforfattar). Dette kan vere ei utfordring ettersom forskaren som ikkje har tatt del i datainnsamlinga dermed ikkje kjenner til konteksten i same grad som forskaren som har gjennomført datainnsamlinga. I analysearbeidet har det difor vore blitt lagt vekt på å gje den andre forskaren best mogelege beskrivingar av dei ulike kontekstane for på denne måten å få til ei så konsistent tolking og kategorisering som mogeleg.

Vidare har eg også lagt vekt på å gje grundige beskrivingar av teorien som ligg til grunn for dei ulike analyseverktøya som er nytta i dei tre artiklane, noko som bidreg til auke transparensen i denne studien. Samstundes er nettopp det å kunne gje grundige beskrivingar av teori og kontekst særleg utfordrande når det kjem til publisering av artiklar ettersom dei ulike tidsskrifta tillét eit avgrensa tal på ord.

## 4.8 Etiske refleksjonar

Det er viktig at ein i all forsking gjer seg etiske vurderingar både når det gjeld innsamling av data, utval, analysar og rapportering. Datamaterialet i denne studien omfattar videoopptak av pedagogar og barn, noko som utløyser meldeplikt hos NSD (Norsk senter for forskningsdata) ettersom det då kjem fram persondata. Det vart difor søkt om og innhenta løyve frå NSD til å gjennomføre undersøkingane. Vidare vart det utarbeidd og sendt ut eit informasjonsskriv til foreldra med informasjon om studien, om anonymitet og konfidensialitet og om at både barna (og foreldra) kunne trekke seg frå studien når dei måtte ønske det.

Videoopptak er lagra på sikkert område som berre underteikna har tilgang til, og datamaterialet vil også bli sletta når studien er avslutta. Data som er presenterte i artiklane og i avhandlinga er anonymiserte.

Det er knytt ulike etiske utfordringar til bruk av actionkamera i datainnsamlinga. Desse er utdjupa og drøfta i kapittel 4.4.6.

### 4.8.1 Etiske utfordringar knytt til observasjon av lærar

Medan barna i stor grad uttrykte glede over, og hadde eit ønske om å ha på seg kamera og gjere filmopptak, gav lærarane uttrykk for at dei var spente på sjølve opptakssituasjonen. Lærarane som har blitt spurt om å delta i prosjektet, og som har takka ja, har alle uttrykt at dei meiner dette er eit interessant og viktig felt, og ønsker å bidra. Samstundes kan vere utfordrande å vite at alt ein seier og gjer vert tatt opp på film, og ein dermed «utlevere» seg sjølv fagleg.

Ettersom alle samtalane som kjem fram i denne studien er spontane, vil det sjølvsagt vere enkelte samtalar som kan vere meir eller mindre «gode» med tanke på fagleg innhald. Ettersom mitt fokus er på å finne ulike strategiar som fremjar utforskande naturfaglege samtalar, spørsmål, og utvikling av interesse, vil det også vere aktuelt å vise kva som *ikkje* fungere sett frå ein naturfagdidaktisk ståstad. Det kan derimot hende at dette ikkje var læraren sin intensjon med samtalen. Det førekjem svært mange samtalar i løpet av 1-3 timars utedag, og det vil vere naturleg at det vil vere samtalar som har ulike formål. Det vert då etisk betenkeleg når eg som forskar skal tolke og analysere samtalane og aktivitetane ut frå eitt bestemt fokus. Både korleis legge til rette for naturfaglege læringssituasjoner, korleis få barn til å stille spørsmål og også korleis støtte barna si naturfaglege interesse. Det har difor vore viktig å få fram eksempel på at den same læraren har både «gode» og «mindre gode» samtalar sett i eit naturfagdidaktisk perspektiv. Det ligg då eit ansvar på forskaren om å få dette fram og ikkje «utleverer» lærarane. Dette gjeld særleg i artikkel I som tek utgangspunkt i ein enkelt barnehage med to pedagogar til stades. I artikkel II og III der fleire lærarar tek del er denne utfordringa noko mindre.

## 5 Oppsummering av artiklane

I dette kapitlet gir eg ei kort oppsummering av dei tre artiklane som dannar grunnlaget for det påfølgjande diskusjonskapitlet. Alle artiklane har utgangspunkt i samtalar og samhandling som finn stad mellom barn og lærarar som har fokus på naturfaglege tema ute i naturen, og deltakarane i dei ulike undersøkingane overlappar delvis. Den første artikkelen er ein *singel-case* studie og går i djupna på dei naturfagelge samtalane som finn stad mellom barn og pedagogar. Artikkel II er ein *multicase* studie der data frå to ulike barnehagar og seks ulike barneskular (2.-4. trinn) vert samanlikna med tanke på kva spørsmål barna stiller til læraren og korleis læraren kan stimulere barna til å stille spørsmål. Studien som vert presentert i artikkel III er ein case-studie der fokus er retta mot korleis barna i dei to barnehagane og dei to 2. klassane si naturfaglege interesse kjem til syne og korleis lærarane kan støtte elevane i den vidare interesseutviklinga.

### 5.1 Artikkel I

Skalstad, I. (2020). *Oi! Sjå på den!* - Funn av naturelement som utgangspunkt for utforskande naturfaglege samtalar mellom barn (5-6 år) og pedagogar. *NorDiNa*, 16(2), 199-214. doi: <https://doi.org/10.5617/nordina.7396>

I denne studien undersøker eg kva situasjonar som kan vere gode utgangspunkt for utforskande naturfaglege samtalar mellom barnehagebarn og pedagogar ute i naturen, og kva som fremjar utviklinga av desse samtalane. Studien har følgjande tre forskingsspørsmål:

- 1) Kva er det kommunikative prosjektet i dei naturfaglege samtalane som finn stad der naturen er erfarings- og læringsarena?
- 2) Kva initierer dei utforskande naturfaglege samtalarne mellom barn og pedagogar, der barnet tek initiativet til samtalen?
- 3) Kva pedagogiske strategiar synest å fremje utviklinga av utforskande naturfaglege samtalar der naturen er erfarings- og læringsarena?

Studien er gjennomført med ein barnehage som case, og data i form av lyd- og videoopptak (totalt ca. 11 timer) er henta frå ei gruppe på åtte barn (5-6 år) og to pedagogar ein dag barnehagegruppa hadde fokus på naturfaglege tema ute i naturen. Data er innhenta ved bruk av actionkamera festa til overkroppen til dei to pedagogane og til tre av barna. Alle samtalane som omhandlar naturfaglege tema (t.d. plantar, dyr, søledammar, vind og vêr) vart transkriberte og deretter analyserte med tanke på kva som er det kommunikative prosjektet (føremålet) i samtalane.

Resultata viser at dei naturfaglege samtalane (totalt 106) har tre ulike kommunikative prosjekt: *utforske, presentere/informere* og *påkalle merksemd*. Desse kategoriane er utvikla delvis deduktivt med utgangspunkt i Matre (2000) si inndeling i ulike kommunikative prosjekt, og delvis induktivt. Dei utforskande naturfaglege samtalane utgjer 72% av alle dei naturfaglege samtalane som finn stad. Vidare viser det seg at 60% av dei naturfaglege samtalane har utgangspunkt i barn sine funn av naturelement (planta, dyr, steinar etc.). Barn sine affektive ytringar som «Sjå på den!» er ofte utgangspunktet for desse samtalane. Næranalysane av samtalane viser at lærarane kan forlenge samtalet ved å stille oppfølgande spørsmål og å oppmode barna til å ta i bruk sansane når dei utforskar naturelement. Det er også viktig å gje barna tid til å observere og utforske. Studien peikar også på at ved å besøke eit naturområde som er rikt på vegetasjon og naturelement vil dette kunne stimulere barn til å ta del i utforskande naturfaglege samtalar.

## 5.2 Artikkell II

Skalstad, I. & Munkebye, E. (Akseptert med «minor revisions» i *International Journal of Science Education*). «Young children's questions about science topics when situated in a natural outdoor environment: A qualitative study from kindergarten and primary school».

Målet med denne studien er å undersøke kva som kjenneteiknar kontekstar der barn i barnehagen og i barneskulen stiller læraren spørsmål om naturfaglege tema ute i naturen. Følgjande forskingsspørsmål vert undersøkte:

- 4) What characterizes the children's questions about nature science topics asked to the teacher when situated in a natural outdoor environment?

- 5) Which contexts facilitate children's questions about subject matter in a natural outdoor environment?
- 6) How might different contexts in a natural outdoor environment affect children's question-asking in school?

Datagrunnlaget for denne empiriske case-studien er opptak av samtalar mellom lærarar og barn (4-6 år) i to ulike barnehagar og seks ulike barneskular (2.-4. trinn) ein dag barnehagegruppa/klassen hadde fokus på naturfaglege tema ute i naturen. Data er samla inn ved hjelp av actionkamera og lydopptakar. Alle samtalane mellom barn og lærarar som omhandla naturfaglege tema (f.eks. plantar, dyr, søleddammar) vart transkriberte, og sekvensane som inneholdt spørsmål stilt av barn til læraren vart identifiserte. Spørsmåla vart delte inn i *faglege spørsmål*, t.d. kva eit fenomen er, eller kvifor/korleis eit fenomen oppstår (totalt 212) og *praktiske spørsmål* om ein naturfagleg prosedyre eller oppgåve (totalt 245). Dei faglege spørsmåla vart analyserte vidare og kategoriserte delvis med utgangspunkt i Chin og Brown (2002) sine to hovudkategoriar *grunnleggjande informasjonsspørsmål* (*basic information questions*) og *undringsspørsmål* (*wonderment questions*), og delvis induktivt i dei to kategoriane *handlingssøkande spørsmål* og *informere*. Konteksten rundt situasjonane der barna stilte spørsmål vart også undersøkt. Funna i denne studien viser at medan barnehagebarna stiller flest faglege spørsmål (74-95%) stiller elevene oftare praktiske spørsmål. Resultata indikerer også at læraren kan stimulere barn til å stille faglege framfor praktiske spørsmål ved å legge til rette for at barna ta del i aktivitetar og oppgåver som er *enkle å utføre* og der barna *har ein viss fridom* når det gjeld korleis oppgåva skal utførast. Det viser seg og at barna stiller fleire faglege spørsmål dersom får høve til å utforske *fleire ulike naturelement*, noko som indikerer at naturen er ein god arena i så måte.

Analysen av dei faglege spørsmåla barna stiller viser at dei fleste av desse etterspør grunnleggjande informasjon om naturelement, og at dersom barna får svar på desse spørsmåla kan dette føre til at barna stiller spørsmål av eit høgare kognitivt nivå (undringsspørsmål). Kva målet med oppgåva er, kva utstyr som er tilgjengeleg for barna, tid og kor tilgjengeleg læraren er kan påverke i kor stor grad barna stiller spørsmål.

Resultata viser at det er sentralt at læraren er merksam på barna og aktivt følgjer opp barna sine aktivitetar og gjerne sjølv også tek del i utforskinga saman med barna.

### 5.3 Artikkel III

Skalstad, I. & Munkebye, E. (Manuskript). «How to support young children's interest development during exploratory natural science activities in outdoor environments».

I denne studien er fokus retta mot korleis barnehagebarn (4-6 år) og barneskuleelevar (2. trinn) si interesse for naturelement (t.d. plantar, insekt) kjem til syne og utviklar seg når barn tek del i utforskande aktivitetar ute i naturen, og korleis lærarar kan støtte barna i desse settingane. Studien har følgjande to problemstillingar:

- 1) How does children's (4-8 years) interest in nature elements appear and develop during exploratory activities in a natural outdoor environment?
- 2) How can teachers support young children (4-8 years) in developing their interest in science topics from being a triggered to a more-developed interest?

Undersøkingane var gjennomførte i to barnehagar og ved to barneskular ein dag barnegruppa/klassen tok del i utforskande naturfaglege aktivitetar ute i naturen. Totalt 39 barn, 5 lærarar og 3 assistenter tok del i studien.

Data er samla inn ved hjelp av actionkamera festa til overkroppen til 1-2 lærarar og 3 barn i kvar gruppe/klasse. Det samla datamaterialet utgjer om lag 32 timer med videoopptak, der 8 timer og 15 min er opptak utført av lærar. Alle naturfaglege samtalar som føregår mellom lærar og barn er transkriberte, og samtalar der kjenneteikn på interesse, slik desse er beskrive av Hidi og Renninger (2006) er identifiserte og analyserte vidare.

Resultata viser at barna si interesse for naturelement i utforskande aktivitetar utviklar frå ein før-interessefase der barna oppdagar eit naturelement (som initierer barnet si interesse) og til ei individuell interesse (jf. Hidi & Renninger, 2006) gjennom tre fasar, der kvar fase kan identifisert ut frå korleis barna relaterer seg til naturelementet dei har oppdaga og har fokus på. I den første fasen, som samsvarar med Hidi og Renninger (2006) sin «triggered situational phase of interest», innhentar barna førstehandserfaringar med

naturelementet. I fase to (jf. «maintained situational phase of interest») er barna mottakelege får å tilegne seg faktakunnskapar om naturelementet og i den tredje fasen (jf. «situational phase of interest») reflektere barna over, og tek i bruk kunnskapane dei har tileigna seg om naturelementet.

Analysane av samtalane mellom barn og lærar og dei tilhøyrande kontekstane viser at lærarane kan støtte barna si interesse ved vise fagleg ekspertise og ved å skape sosial og kognitiv kongruens mellom barn og lærarar. Kva betyding dei ulike samhandlande karakteristikkane har varierer mellom dei ulike fasane. Funna i denne studien viser at for å kunne støtte barna slik at interessa dei har for naturelement skal kunne utvikle seg, må lærarane kunne kjenne att kva interessefase barna er i, og samstundes ha faglege kunnskapar og ferdigheter som gjer dei i stand til å skape både eit sosialt og kognitivt samsvar mellom barna og lærarane.



## 6 Diskusjon og implikasjonar

I dette kapitlet drøftar eg funna i dei tre artiklane og korleis desse bidreg til å svare på hovudproblemstillinga:

*Korleis kan lærarar stimulere til og følgje opp barn (4-8 år) si nysgjerrigkeit over og utforsking av naturfaglege tema ute i naturen slik at barna utviklar ei djupare interesse for og kunnskap om naturfaglege tema?*

Eg belyser først ulike aspekt rundt naturen og naturelement som utgangspunkt for barn si utforsking og interesse. Deretter drøftar eg kva betyding læraren si støtte i form av fagleg ekspertise, sosial kongruens og kognitiv kongruens har når det gjeld å støtte barn si interesse for naturelement. Vidare drøftar eg ulike aspekt rundt korleis barna i denne studien bygger naturfaglege kunnskapar om naturelementa dei finn og utforskar. Eg ser og m.a. barna si kunnskapsbygging i lys av kjenneteikn på utforskande arbeidsmåtar (jf. Knain & Kolstø, 2019) og Dewey (1910) sin doble refleksjonsteori. Vidare drøftar eg betydinga av at lærarar presenterer faktakunnskapar for barna og stimulerer barn til å stille eigne spørsmål og kva betyding læraren si støtte i form av m.a. utforskande samtalar har i denne samanheng. Til sist presenterer eg implikasjonar for barnehagen, skulen, for lærarutdanninga og for vidare forsking.

### 6.1 Naturen som arena for undring, utforsking og læring

Ivrige utrop, barn som bøyjer seg ned for å sjå nærrare etter, og hender som rører ved meitemarkar, myrull og froskar for å kjenne på og kanskje også for å vise fram til andre er tydelege teikn på at barna sitt møte med naturelement engasjerer og vekker nysgjerrigkeit og interesse hos barna. Barna si interesse og nysgjerrigkeit for dyr, planter og andre naturelement kjem fram i artikkel I gjennom at barna sjølv tek initiativet til dei fleste naturfaglege samtalane som førekjem mellom barna og pedagogane, og i artikkel II der resultata viser at når barn (i særleg grad barna i barnehagen og elevane ved 2. trinn) får høve til å utforske naturen og naturelement, stimulerer dette barna til å stille naturfaglege spørsmål knytt til naturelementet. I artikkel II kjem det også fram at barna

stiller spørsmål som viser at dei ønskjer førstehandserfaringar (t.d. «Kan eg sjå?» og «Kan eg halde den?»).

Dette understrekar at naturen stimulerer barna si interesse og engasjement for naturfaglege tema, noko som samsvarar med mellom anna Waters & Maynard (2010) og Skarstein & Skarstein (2020) sine undersøkingar i barnehagen. Det støttar opp under tidlegare forsking på uteskule som viser at når undervisninga føregår utanfor klasserommet (t.d. i eit naturmiljø) oppstår det ofte spontane og uførutsette hendingar som er med på å vekke nysgjerrigkeit og skapar engasjement hos elevane (Jordet, 2010), noko som også vert bekrefta av Mygind (2005) og Mygind et al. (2019).

Funna i denne studien viser at når barna får tid og høve til å utforske naturelementa vidare, bidreg dette til at barna får personlege opplevingar og erfaringar med naturelementet. Barna får dermed førstehandserfaringar med naturelementa. Ved å ta utgangspunkt barnet sine førstehandserfaringar når ein skal presenterer naturfagleg kunnskap for barna vert den nye kunnskapen relatert til noko barna har personleg interesse og kjennskap til, noko som, i følgje m.a. Deci (1992) og Hidi (1990) verkar motiverande på barna si læring.

I følgje Hammer (2012) og Lynngård (2015) vert nettopp barna sine opplevingar og undring lagt vekt på i barnehagen. Funna i denne studien støttar dermed opp under kor viktig det er at barna får opplevingar og får høve til å undre seg over og utforske ute i naturen, slik m.a. Ejbye-Ernst (2012) og Hammer (2012) fann at er tilfelle i dei nordiske barnehagane.

Samstundes viser funna i artikkel III at dersom barna si nysgjerrigkeit og begynnande interesse for eit naturelement skal utvikle seg vidare til å bli ei djupare interesse, krev dette at barnet får informasjon og kunnskapar ut over det førsthandserfaringane kan gje dei. Her spelar dialogen, men også barnet sine førstehandserfaringar med naturelement og læraren si evne til å samhandle med barnet ei sentral rolle, noko som samsvarar med Dewey (1938) sitt prinsipp om kontinuitet og samhandling. Han hevdar at for at ei erfaring skal ha ein verdi pedagogisk sett, må denne bli knytt til tidlegare erfaringar og samstundes

ha konsekvensar for framtidige erfaringar. Vidare må erfaringane bli knytte opp til ei overføring mellom individet og det som utgjer omgivnadene rundt han eller henne (Dewey, 1938). Det må vere ei samhandling mellom individ (*barnet*), objekt (*naturelement*) og andre personar (*lærarar*).

## **6.2 Korleis støtte barn si interesse- og kunnskapsutvikling i utforskande aktivitetar ute i naturen?**

I artikkel III vert læraren si evne til å samhandle med barna knytt til læraren sin kompetanse i å utøve *sosial kongruens, kognitiv kongruens og fagleg ekspertise*. Nettopp læraren si evne til å samhandle med barnet gjennom å ha naturfaglege kunnskapar om naturelement og ved å vise sosial og kognitiv kongruens, viser seg å vere sentralt for at barnet si interesse for, og også kunnskapar om naturelementet skal kunne utvikle seg vidare.

### **6.2.1 Sosial kongruens**

Når det gjeld sosial kongruens, er dette ein kompetanse som omfattar at læraren må kunne legge til rette for at barna skal oppleve at deira kjensler, opplevingar og merksemd (som i denne studien er knytt til eit naturelement) samsvarar med læraren sine kjensler, opplevingar og merksemd. Når læraren viser sosial kongruens vil dette kunne bidra til eit godt sosialt klima (jf. Rotgans & Schmidt, 2011; Yew & Yong, 2014) og at barna m.a. opplever at deira bidrag til samtalen vert verdsett og at barna og lærarane er likeverdige samtalepartnarar. Nettopp likeverdige samtalepartnarar og eit godt sosialt klima vert framheva som faktorar som fremjar utforskande samtalar og gode læringsmulegheiter (jf. t.d. Munkebye, 2012). Lærarane kan då støtte barna ved å uttrykke kjensler og delt merksemd både verbalt (affektive ytringar, autentiske spørsmål etc.) og gjennom kroppsspråk (t.d. uttrykke kjensler, ha ei aktiv kroppshaldning), slik dette kjem fram i artikkel I og III.

Når det gjeld det sosiale klimaet i dei to barnehagane og dei to skulane som tek del i denne studien, synest dette å vere gjennomgåande godt. Det er svært få konfliktar og

barna synest å lett ta ordet både når dei er saman med andre, men også i forhold til læraren. Dette kan skuldast at lærarane som tek del i denne studien har god evne til å vise sosial kongruens, men det kan også vere at det at aktivitetane føregår ute i naturen spelar ei rolle i så måte ettersom fleire undersøkingar viser at det førekjem færre konfliktar når barna tek del i undervisning ute i naturen (jf. m.a. Bølling et al., 2019; Rickinson et al., 2004).

Andre faktorar som kan spele inn er gruppestørleiken og vaksentettleiken. Dette skuldast at for å kunne utøve sosial kongruens krev dette at læraren har tid og høve til å følgje dei enkelte barna tett opp. Dette vil kunne vere utfordrande når barnegruppene er store og/eller når vaksentettleiken er låg. Når det gjeld dei to barnehagane og to skulane som tek del i artikkel III kan barnegruppene seiast å vere relativt små, dvs. frå 8-12 barn. I tillegg har tre av desse ein eller to assistenter i tillegg. Ettersom sosial kongruens omhandlar m.a. å skape eit godt sosialt klima, vil ein større vaksentettleik m.a. kunne bidra til at det er fleire vaksne som kan ta tak i problem som skulle oppstå undervegs, og på denne måten kunne bidra til at barna opplever eit trygt miljø og dermed lettare kan kome med eigne tankar og meiningar enn i eit meir utsiggt miljø. I tillegg vil større barnegrupper føre til at læraren, naturleg nok, har fleire barn som skal følgjast opp og vil dermed kunne få mindre tid og høve til å følgje opp kvart enkelt barn.

Som det kjem fram i tidlegare undersøkingar (m.a. Kassab, Al-Shboul, Abu-Hijleh & Hamdy, 2006; Rotgans & Schmidt, 2011) omfattar sosial kongruens også at læraren deler merksemd og kjensler med barna. I artikkel III kjem det fram at kva form for sosial kongruens som er best eigna for å støtte barnet avheng av kva interessefase barnet er i. Medan t.d. eit barn som er i ein tidleg interessefase kan ha behov for støtte i form av at læraren dele barnet sine kjensler, engasjement og merksemd, kan barn som har ei meir utvikla interesse bli støtta ved at lærar legg til rette for eit godt sosialt klima for utforskande samtalar. I artikkel III i eksempelet med døgnfluga har guten behov for støtte i form av at læraren deler opplevelinga over funnet med guten, medan dei to jenten treng støtte i form av at læraren deler merksemd om sjølve døgnfluga og presenterer informasjon om denne.

Dette illustrerer nokre av utfordringane lærarar møter når barnegruppene er store og skal følgje opp barna som er i ulike interessefasar. Her vil ein kunne tenkje seg at dersom det er stort sprik i alder og også kunnskapsnivå på barna vil dette auke læraren sine utfordringane ytterlegare når det gjeld å måtte gjere individuelle tilpassingar knytt til ulike typar sosial kongruens.

Samstundes finn ein i artikkel III eksempel på samtalar som stoppar raskt opp og ikkje utviklar seg vidare, trass i ei lita barnegruppe, som i eksempelet med frosken der gruppen består av åtte barn og to lærarar. Her presenterer læraren fakta om frosken, medan barna er opptatt med å observere frosken og høyrer tilsynelatande ikkje på kva læraren seier.

Gjennom denne studien kjem det dermed fram at sosial kongruens er sentralt når det gjeld å støtte barna si interesseutvikling, samstundes som dette er ein kompetanse som kan vere både utfordrande å utøve, også når tilhøva rundt situasjonen ligg godt til rette for det. Dette viser at det er nødvendig å få øving i denne kompetansen, og også å kjenne att kva interessefase eller før-interesse barnet er i.

### 6.2.2 Kognitiv kongruens

Kognitiv kongruens handlar om at læraren tek i bruk eit språk som barna kognitivt kan forstå, men det handlar og om at læraren må gjere seg ei vurdering av *korleis* kunnskapen best skal presenterast (jf. Rotgans & Schmidt, 2011; Schmidt & Moust, 1995). Ettersom det i artikkel III kjem fram at barnet vil ha behov for ulik støtte ut frå kva interessefase barnet er i, omfattar kognitiv kongruens at læraren kan kjenne att kva interessefase barnet er i. Dette kjem m. a. fram i artikkel III der læraren og barna begge har fokus på frosken, men medan barna er opptatt med å *observere* og *undersøke* frosken har lærarane fokus på fakta om frosken. Samtalen, og dermed barna si vidare interesseutvikling stoppar dermed opp. I eksempelet med larven i artikkel III, derimot, bidreg læraren sin sosiale kongruens i form av å stille opne spørsmål til at læraren viser at han/ho er interessert i barnet, som dermed vil kunne oppleve å bli tatt på alvor og interessa deira vert då oppretthalden og utviklar seg vidare. Her vert det illustrert kor

viktig det er at læraren kan kjenne att kva interessefase barnet er i, noko som samsvarar med sosial kongruens, dvs. å identifisere kva som er fokus for det enkelte barnet og dele merksemd om dette.

I artikkel I kjem det fram at læraren gjennom utforskande samtalar kan knyte barna sine tidlegare erfaringar og kunnskapar til nye faglege kunnskapar, som t.d. i eksempelet med «bærblad» der barnehagelæraren knyter barnet sitt funn av «bærblad» til omgrepet og planten blokkebær. Dette samsvarar med m.a. Rotgans og Schmidt (2011) og Schmidt og Moust (1995) sine beskrivingar av kognitiv kongruens som m.a. handlar om å stille barna spørsmål for å rettleie dei og hjelpe dei til å strukturere tankane sine. Kognitiv kongruens handlar også om å kunne vurdere korleis kva form for støtte barna har behov for (t.d. oppmode til utforskning og undring, presentere faktakunnskapar eller ta del i utforskande samtalar). Dette vert utdjupa i delkapittel 1.3.

I artikkel III kjem det og fram at å utøve kognitiv kongruens også omfattar å kunne presentere faglege kunnskapar for barna når dei er i ein interessefase der dei er mottakelege for informasjon om naturelementet. Kor vidt læraren har kompetanse i å utøve kognitiv kongruens heng difor saman med kva kompetanse læraren har i å utøve sosial kongruens og fagleg ekspertise, slik også Rotgans og Schmidt (2011) påpeikar.

### 6.2.3 Fagleg ekspertise

I denne studien kjem det fram at læraren si støtte i form av språket og samtalens sentralt for at barna skal kunne tilegne seg faglege kunnskapar om larvar, froskar og myrull som dei finn ute i naturen. I artikkel III kjem det fram at dersom barna ikkje tileignar seg ny fagleg kunnskap om naturelementet vil også læringsprosessen stoppe opp. I artikkel II viser resultata at ved å svare på barna sine faktaspørsmål og ved å presentere informasjon kan dette bidra til at barna stiller fleire spørsmål av høgare kognitivt nivå (undringsspørsmål). Dette viser at den faglege ekspertisen til læraren er sentral i for å kunne støtte barna si interesse- og kunnskapsutvikling.

Når det gjeld den faglege ekspertise til lærarane som tek del i denne studien, finn ein eksempel på at lærarar både i barnehagen og i skulen presenterer naturfaglege

kunnskapar for barna. Betydinga av å presentere faktakunnskapar vert utdjupa i delkapittel 1.3.

#### 6.2.4 Fagleg ekspertise, sosial kongruens og kognitiv kongruens i barnehagen og i skulen

Kor vidt lærarane i barnehagen og i skulen skil seg frå kvarandre når det gjeld å ha og vise fagleg ekspertise, sosial - og kognitiv kongruens kan eg ikkje seie noko om ettersom det ikkje har vore fokus i denne studien. Det er likevel interessant å sjå nærare på korleis desse ulike samhandlande kompetansane eventuelt kjem til syne i skulen og barnehagen sine ulike læringsteoretiske tradisjonar.

Ettersom ein i barnehage har fokus på heilskapleg læring, der sosial læring og sosialisering, og i mindre grad kognitive ferdigheiter bli vektlagt (Bae, 2018; Korsvold, 2005), vil ein kunne tenkje seg at barnehagelærarar har god kompetanse i å utøve sosial kongruens m.a. ved vise personleg interesse og omsorg for barna og skape eit godt klima for utforskande samtalar (jf. m.a. Rotgans & Schmidt, 2011; Yew & Yong, 2014) og dermed også legg til rette for utforskande samtalar og gode læringsmulegheiter. Det kan også tenkjast at når forsking viser at barnehagelærarar i dei nordiske barnehagane legg meir vekt på leik og utforskning og mindre grad på fagleg læring når dei er ute i naturen saman med barna, kan dette ha samanheng med nettopp dette ulike fokuset på den faglege kunnskapen.

Ettersom kognitiv kunnskap, i følgje Bae (2018) og Korsvold (2005) vert mindre vektlagt i barnehagen, kan det også tenkjast at når forsking viser at barnehagelærarar i liten grad har fokus på naturvitenskapleg kunnskapar slik m.a. Ejbye-Ernst (2012) såg i sine undersøkingar, kan dette indikere at barnehagelærarane i mindre grad *utøver fagleg ekspertise*. Det vil ikkje nødvendigvis seie at barnehagelærarane ikkje innehar naturfaglege kunnskapar, men gir eit signal om at dette ikkje er fokus i møte med barna.

I skulen, derimot, der faget tradisjonelt har stått i fokus, og der det er mindre fokus på heilskapleg læring (jf. Kunnskapsdepartementet, 2017) vil ein kunne tenkje seg at dette vil kunne avspegle seg i ei større vekt på fagleg ekspertise og mindre grad på sosial

kongruens i samhandlinga med barna. Dette vil særleg kunne gjelde for dei eldste klassane.

Ettersom eg i denne studien ikkje har hatt fokus på kor vidt lærarane nyttar faglege omgrep i samtalane med barn, eller kor vidt lærarane svarar barna med fakta eller undring t.d., kan eg ikkje seie noko om dette. I artikkel II får ein likevel indikasjonar på at faget står meir i fokus i 3. og 4. trinn ved at målet med aktivitetane er retta mot eit bestemt naturfenomen eller å identifisere bestemte artar, medan målet for aktivitetane i barnehagen og ved 2. trinn er dermed meir ope der skal barna utforske og «bli kjent med» naturen eller ulike naturelement.

Funn frå tidlegare undersøkingar viser indikasjonar på at fagleg fokus synest å vere viktig i skulen, ettersom fleire lærarar nemner usikkerheit rundt kva utbyttet av undervisninga vil bli (Glackin, 2018), mange læringsmål og auka press på testing i skulen (t.d. Mygind et al. 2019) som grunnar for ikkje å ta i bruk uteskule i undervisinga. I artikkel III kjem det fram at for at barna si interesse for naturelement skal utvikle seg frå å vere ei begynnande interesse til å bli ei djupare interesse, er det viktig av barn får presentert naturfaglege kunnskapar om naturelementet barnet har oppdagat.

### **6.3 Barn si naturfaglege kunnskapsbygging i utforskande aktivitetar ute i naturen**

Når barna som tek del i denne studien får tid og høve til å utforske naturelement og vert støtta av lærar gjennom å utøve fagleg ekspertise og sosial og kognitiv kongruens, viser funna i denne studien at barna sitt fokus på naturelementet endrar seg frå ein før-interessefasen til ein individuell interessefasen gjennom tre ulike fasar.

I før-interessefasen har barnet fokus på sjølve opplevinga av å oppdage naturelementet. I den første interessefasen, «triggered situational interest» er fokus er retta mot å innhente førstehandserfaringar med naturelementet, medan i fase to, «maintained situational interest» er barna mottakelege for faktakunnskapar. I den siste fasen, «individell interessefasen», reflekterer barna over og tek i bruk kunnskapen dei tileigna seg

om naturelementet. I det følgjande delkapitlet relaterer eg barna si kunnskapsbygging knytt til naturelementet dei har fokus på til dei ulike stega som kjenneteiknar utforskande arbeidsmåtar slik desse er presenterte av Knain og Kolstø (2019) og også til Dewey sin doble refleksjonsmodell.

### 6.3.1 Barn sine oppdaginger og spørsmål som utgangspunkt for kunnskapsbygging

Når barna som tek del i denne studien får tid og høve til å oppdage og utforske planter, dyr og andre naturelement ute i naturen, stimulerer dette barna si nysgjerrigkeit og interesse. I rammeplan for barnehagen vert det lagt vekt på at barna skal «få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Kva betyding kan så sanseopplevelingane barna får med naturelement i denne studien ha å seie for barna sin læringsprosess og kunnskapsbygging?

Funna i artikkkel II viser at når barna får førstehandserfaringar med naturelementa bidreg dette til at barna stiller både grunnleggjande informasjonsspørsmål (t.d. «Kva er det?») og undringsspørsmål («Kvífor bit ikkje mauren?»). Barn si undring er sentralt i Dewey (1910) sin doble refleksjonsmodell ettersom er barna då, i følgje Dewey, vil prøve å finne forklaringar på det dei undrar seg over. Når barna får tid og høve til å ta i bruk sansane og observere og undersøke naturelementa nærmare, vil dette kunne føre til at barna sansar noko nytt. Dei vil då kunne oppleve eit *følt problem*, som kan vere eit utgangspunkt for vidare tolkingar (jf. Dewey, 1910).

Det følte problemet kan kome til uttrykk i form av eit spørsmål som så læraren kan respondere på. Men kan det og vere at barna som sansar noko nytt ikkje nødvendigvis uttrykker dette verbalt? Enkelte av barna som tek del i denne studien er relativt små (4 år) og er kanskje ikkje i stand til å formulere spørsmålet verbalt. Eller kanskje barna ikkje nødvendigvis klarar å setje ord på kva dette nye dei opplever eller undrar seg over er? Kanskje undringa kjem til uttrykk t.d. kroppsspråk eller kanskje også gjennom kommentarar knytt til naturelementet («Den var diger» og «Den går sakte») slik det kjem

fram i artikkelen III når barna i ein tidleg fase av interesseutviklinga (jf. Hidi & Renninger (2006) sin fase 1, *triggered situational interest*)?

Kanskje kommentarane barna kjem med om naturelementet, slik det kjem fram i både artikkelen I og II er eit uttrykk for at barnet sansar noko som er nytt, og at barna dermed også er mottakelege for naturfaglege kunnskapar relaterte til det dei har observert og erfart? Dersom læraren er merksam på desse situasjonane kan han/ho vere den som verbaliserer eit spørsmål knytt til det barnet er opptatt av som så kan vere utgangspunkt for ei felles undring. Opne og autentiske spørsmål kan vere ein «døropnar» i så måte, og utforskande samtale kan vere eit verktøy læraren kan ta i bruk for å støtte barnet si vidare læring. I artikkelen I stiller t.d. læraren spørsmålet «Oi. Kva slags blad er det da, tru?», noko som viser seg å bli starten på ein lengre samtale der barnet sine førstehandserfaringar og kunnskapar om «bærblad» vert knytt til det faglege omgrepene og planten «blokkebær».

Barn sine spørsmål vert framheva som sentralt for barn si læring også av t.d. Thulin (2010), og er eit viktig utgangspunkt det gjeld ei utforskande aktivitetar (Knain & Kolstø, 2019). Det vil difor vere viktig å identifisere situasjonar der også u-uttalte spørsmål førekjem.

### **6.3.2 Førstehandserfaringar og naturfaglege faktakunnskapar som grunnlag for vidare tolking**

I følgje Dewey (1910) er barna si tolking grunnlaget for læring. For å kunne tolke, må ein ha noko ein kan tolke ut frå – ein treng «data». Eitt av kjenneteikna på ei utforskande tilnærming er i følgje Knain og Kolstø (2019) nettopp at barna innhentar data som dei seinare legg til grunn for forklaringane og tolkingane. I denne studien utgjer data barna sine eigne erfaringar med naturelement skaffa gjennom observasjonar og utforskning, eller naturfaglege fakta presentert frå lærar eller andre barn, eventuelt gjennom bøker.

Medan data i form av eigne observasjonar avgrensar seg til observerbare og sansemessige erfaringar som t.d. utsjånad, korleis eit naturelement kjennest, ser ut, eventuelt kan gjere, utgjer *samtalen* med lærar den viktigaste kjelda til data som er i form av naturfagleg kunnskap. Ettersom enkelte av barna i denne studien i liten grad kan lese

(m.a. 4-5-åringane i barnehagen), er dialogen med lærar sentral for at barna skal kunne skaffe seg ny naturfagleg kunnskap. Spørsmåla barna stiller vil vere viktige i så måte, ettersom barnet då gir tydeleg uttrykk for at dei ønsker å vite noko meir om naturelementet. I artikkel II viser resultata at barna etterspør fakta, som t.d. «Kva er dette?».

Kva så med eventuelle u-uttalte spørsmål og verbaliserte spørsmål som ikkje får eit klart svar? Dersom læraren ikkje klarar å identifisere ikkje-verbaliserte spørsmål, eller dersom ikkje læraren støttar barnet i form av å gje barnet svar på det dei spør om, vil dette kunne føre til at barnet gjer seg sine eigne forklaringar på det dei undrar seg over og vil dermed kunne gjere seg kvardagsførestillingar om ulike naturfaglege fenomen. Dersom kvardagsførestillingane skil seg mykje frå dei naturvitakaplege forklaringane vil dette i følgje Driver et al. (1994) kunne skape utfordringar for barna si læring.

Dette viser at det er viktig å stimulere barna til å stille spørsmål og også å identifisere ikkje-verbaliserte spørsmål, samstundes som det understrekar kor viktig det er at barna får svar på spørsmåla dei stiller ettersom svara dei får vil kunne utgjere «datagrunnlaget» for den vidare tolkinga og forklaringane barna gjer seg (jf. Dewey, 1910; Knain & Kolstø, 2019).

### *6.3.2.1 Korleis svare på barna sine spørsmål? – Fakta eller undring – eller kanskje begge deler?*

Når det gjeld spørsmålet eller problemstillinga utforskande aktivitetar tek utgangspunkt i, vert det lagt vekt på at spørsmålet må kunne tolkast (Knain & Kolstø, 2019). Kva så når funna i denne doktorgradsstudien viser seg at dei fleste faglege spørsmåla barna stiller er av lågare kognitivt nivå, som t.d. faktaspørsmål, medan dei stiller få spørsmål av høgare kognitivt nivå (undringsspørsmål) som let seg undersøke og som stimulerer til tolking? Kva betyding kan dei mange faktaspørsmåla ha i den utforskande læringsprosessen barna tek del i? – og skal læraren gje barna eit faktasvar på desse spørsmåla eller skal han/ho undre seg saman med barna?

På den eine sida vil eit faktasvar kunne bidra til at barnet tileigner seg naturfagleg kunnskap som seinare kan føre til at barnet tek til å reflektere og stille undrande spørsmål, noko som indikerer djupare kunnskap og også interesse. På den andre sida kan eit faktasvar føre til at undringa til barnet stoppar opp etter som han/ho ikkje lenger vil oppleve eit «følt problem». I så fall vil dette kunne føre til at læringsprosessen- og også interessa til barnet stoppar opp. Korleis kan ein løyse dette dilemmaet? Er det mogeleg å få både «i pose og sekk»? Svaret på dette spørsmålet er: *ja, det er det.* Dersom læraren gir barnet eit faktasvar, for så å legge til ytterlegare faktakunnskapar som kan bidra til at barna vert forundra over og får sett naturelementet i eit nytt lys, kan dette føre til barna opprettheld undringa. Læraren kan og kome med eit oppfølgjande spørsmål til faktakunnskapen, eller t.d. oppmode barnet til å undersøke naturelementet nærrare. På denne måten får barnet presentert naturfagleg kunnskap samstundes som fokuset og undringa knytt til naturelementet vert oppretthalde.

I litteratur knytt til naturfag i barnehagen vert det lag vekt på at læraren skal ha ei undrande tilnærming og undre seg saman med barnet (Broström, 2016; Elfström et al., 2016; Fischer & Madsen, 2002), og læraren sin bruk av faktakunnskapar vert problematisert. Ved å ikkje gje barnet eit klart svar, men undre seg saman med barnet vil ein kunne tenkje seg at barnet si nysgjerrigkeit, barnet sitt «følte problem», vil kunne oppretthaldast. Gjennom ei undrande tilnærming, som t.d. gjennom bruk av utforskande samtalar, kan læraren knyte barna sine tidlegare erfaringar til ny kunnskap, som tidlegare skrive. Dette talar for ei undrande tilnærming. Eg har tidlegare løfta fram autentiske spørsmål som «Kva er det, tru?» som sentrale i så måte.

Læraren kan også presentere faktakunnskapar sjølv om dette ikkje vert direkte etterspurt av barna, men dette krev, som det kjem fram i denne studien, at læraren både kan vurdere *kor tid* og også *korleis* kunnskapen bør presenterast for at barna skal kunne tileigne seg denne kunnskapen. Dette omfattar m.a. at læraren, i tillegg til å ha faglege ferdigheiter, også har evne til å skape eit godt samhandlande klima.

Ut frå resultata som kjem fram i denne doktorgrasstudien vil eg hevde at lærarar bør presentere faktakunnskapar for barna ettersom dette viser seg å vere eit viktig steg i

barnet sin læringsprosess, og også sentralt for at interessa til barnet skal kunne utviklast vidare. Læraren sin sosiale og kognitive kongruens er då sentral ettersom det er viktig at kunnskapen vert presentert på ein måte som er tilpassa barnet både kognitivt, men og barnet sin interessefase, slik dette er omtala i kapittel 1.2.

### *Korleis svare på barna sine faktaspørsmål?*

Spørsmål av lågare kognitivt nivå, som t.d. faktaspørsmål, gir ikkje rom for tolking og undring ettersom det berre er eitt svar som er rett. Det vil seie, barnehagelæraren kan gjerne undre seg saman med barnet over kva dette, og saman oppsøke t.d. faktabok eller ta i bruk ein app og saman finne svar på kva dette kan vere. Men dersom barnet skal gå vidare i læringsprosessen, dvs. bygge vidare kunnskapar, er det nødvendig at barnet får svar på det han/ho spør om.

Kva målet med aktiviteten eller samtalen er har også betydning for korleis læraren responderer på barna sine spørsmål. Dersom målet med aktiviteten derimot er retta mot sjølve undringa, som i barnehage 1, vil ei undrande tilnærming kunne vere godt eigna. Det kan og vere at barn som har utvikla ei djupare interesse for naturelement lettare vil kunne tilegne seg faktakunnskapar samanlikna med barn som er i ein tidleg fase av interesseutviklinga, noko denne studien indikerer.

### *Å legge til rette for barn si utforsking og undring*

Dewey peikar på at det å sanse og få førstehandserfaringar er ein sentral del av læringa, noko som også vert lagt stor vekt på i barnehagen. I denne studien synest nettopp møtet med naturelement å engasjere barna, og funna i artikkel II viser også at når barn får tid og høve til å gjere seg førstehandserfaringar og utforske naturelement, stimulerer dette barna til å stille spørsmål. Ved å få høve til å undersøke naturelementa vil dette opne opp for at barn kanskje ser noko nytt, ein ny eigenskap ved planten eller dyret dei ikkje visste om frå før. Dei opplever eit følt problem som anten vert uttalt i form av eit spørsmål, eller gjennom aktiv kroppshaldning og tydeleg fokus på naturelementet, som beskrive over.

Sjølv om det i denne studien kjem fram at mange av barna som tek del i denne studien engasjerer seg i og viser nysgjerrigkeit over ulike naturelement dei finn, er det ikkje slik

at eitkvart møte med naturelement fører til at barna nødvendigvis undrar seg over det dei ser og opplever eit *følt problem*. Kanskje barna har sett frosk mange gonger før, og veit både kva dyr det er og let seg ikkje forundre over kor høgt eller langt frosken kan hoppe. Eller kanskje dei har sett eit lønneblad mange gonger før og veit både korleis det kjennest og ser ut. Dersom dei ikkje sansar noko som er nytt for dei, vil dei kanskje heller ikkje stille spørsmål. Dersom læraren då oppmodar barna til å kjenne på eller halde frosken, eller kan oppmode barna til å samanlikne lønneblad med eit anna blad, vil barna kunne oppleve noko som er nytt for dei og dermed kanskje også ta til å undre seg og stille spørsmål (både ikkje-uttalte og uttalte). I barnehagen er nettopp fokuset på samanlikning og bruk av spørsmål som fremjar utforskning sentralt (Elfstrøm et al. 2016). Dette samsvarar også med Kolstø (2016) som peikar på m.a. overraskande observasjonar og variasjon i data som avgjerande for at barn skal kunne sjå mønster og fenomen. Dette viser at det å legge til rette for at barn skal få utforske naturelement er ein sentral del av barna i denne studien sin læringsprosess.

### 6.3.3 Betydinga av samtalen for barna si læring

Funna i denne studien viser at læraren si støtte i form av *samtale* er sentral for barna si kunnskapsbygging. Den utforskande samtalen er her sentral, men også dei enkelte språklege handlingane i seg sjølv, som t.d. å stille spørsmål eller å presentere fakta, bidreg til å støtte barna i dei ulike fasane av læringsprosessen. I artikkel III kjem det fram at læraren, gjennom samtalen med barna m.a. kan:

- Bidra til at barna opprettheld fokus på naturelementet dei engasjerer seg i.
- Oppmode barna til å utforske vidare og presentere ny fagleg kunnskap som kan fremje vidare undring og utforskning hos barna.
- Identifisere barna sine tidlegare erfaringar, kunnskapar og kvardagsførestillingar og knyte desse til ny kunnskap.
- Stimulere barna til å reflektere og stille undringsspørsmål.

Dette viser at samtalen er viktig gjennom heile læringsprosessen, og at utan støtte frå læraren i form av samtale vil læringsprosessen, og også høvet til å utvikle barnet si interesse vidare kunne stoppe opp og barnet.

For barn som er i ein tidleg fase i utforskinga, der dei endå ikkje opplever eit «følt problem», eller der dei kanskje opplever følt problem men der ikkje læraren er tilgjengeleg og ikkje kan støtte barnet gjennom samtalen, vil barna då sitje kunne att med ei *oppleving* av naturelementet, og utan at det vert knytt til faglege kunnskapar til naturelementet.

Det som derimot ikkje kjem frå i denne undersøkinga, er kor vidt barna støttar *kvarandre* i læringsprosessen. Ein kan t.d. tenkje seg at barna i fellesskap, eller eit barn som viser seg å vere særleg kunnskapsrikt, kan bidra til at barna opprettheld fokus og undring, og også kjem med forklaringar som kan drive læringsprosessen vidare. Ein får indikasjonar på at dette kan vere tilfelle i eksempel 3a i artikkkel II der ein av gutane i samtalen omtalar kvaet frå treet som «treblod». Den same guten kjem med fleire faktaopplysningar gjennom samtalane både i artikkkel I og III og viser ei særleg interesse for ulike naturfaglege tema. Det vil då kunne vere ei utfordring knytt til kor vidt barna sine eigne forklaringar utgjer kvardagsførestillingar som kan seinare kan gjere at barna opplever det vanskeleg å lære (jf. Driver et al., 1994).

I denne studien kjem det fram at barna si utvikling interesse er nært knytt opp til barna si kunnskapsbygging, noko også tidlegare forsking viser (t.d. Krapp, 2002). Ser ein nærmare på korleis barna i denne studien relaterer seg til naturelementet i dei ulike interessefasane, ser ein at dette i stor grad samsvarar med typiske kjenneteikn på utforskande arbeidsmåtar og den utforskande læringsprosessen. I den første fasen har barna fokus på å *innhente førstehandserfaringar* med naturelementet. Det er her barna kan få dei første opplevingane av noko nytt som kan føre til eit *følt problem* (jf. Dewey, 1910), som så kan bli *verbaliserte spørsmål* og utgjere det første steget i ein utforskande læringsprosess. I fase 2 i barna si interesseutvikling kjem det fram i denne studien at barna er *mottakelege for faktakunnskapar* om naturelementet – dei *innhentar «data»*. I fase 3 tek barna til å *reflektere* over, og *tek i bruk*, kunnskapen dei har tileigna seg om

naturelementet ved å stille undringsspørsmål og presentere informasjon. Barna tek då i bruk «data» dei har innhenta og nyttar dette i å «tolke» det dei ser. Dei deler også tankane sine med andre, noko som er i tråd med det tredje steget i den utforskande læringsprosessen, slik dette vert presentert av m.a. Knain og Kolstø (2019). Dette visere og at barna si utforskning ligg nært opp til naturvitskaplege arbeidsmåtar, noko også m.a. Broström og Frøkjær (2016) og Elfström et al. (2016) peikar på.

## 6.4 Utfordringar og avgrensingar

For å kunne identifisere kva barna sine interesser er, og for å støtte barna i å utvikle kunnskapar og interesse, krev det at pedagogane følgjer barna tett opp. Dette kan vere utfordrande, særleg i skulen der barnegruppene er større enn i barnehagen, og der det er færre vaksne til stades. Når aktivitetane i tillegg føregår ute i naturen der rammene for det som skal utforskast er friare enn inne i klasserommet kan dette vere meir krevjande enn i ein meir «ordna» klasseromsetting. I denne studien har eg tatt utgangspunkt i dei yngste elevane i skulen, noko som forsterkar behovet for vaksne ytterlegare.

Det er vanskeleg å måle kor vidt barna lærer fagleg kunnskap i dei undersøkingane eg har gjort. Det har heller ikkje vore det som er fokuset i denne studien. Samstundes ligg det implisitt, og det er også eit mål hos pedagogane i barnehage 2 og i dei to skulane at barna lærer fag («bli kjent med...»). I barnehage 1 er derimot målet å «utforske naturen».

Ein får derimot indikasjonar på at barna lærer. Det kjem fram i artikkelen 2 der barna stiller høgare ordens spørsmål som baserer seg på informasjon og faktaopplysningar som læraren tidlegare har presentert for eleven. Det er likevel svært få tilfelle at desse spørsmåla førekjem. Samstundes viser det seg at det tek tid før desse spørsmåla kjem, og forholda skal også ligge til rette for at spørsmåla skal kome. Pedagogen må vere tilgjengeleg og også fange opp desse spørsmåla.

I undersøkingane kjem det også fram at enkelte barn kan inneha mange kunnskapar i form av erfaringar. Desse erfaringane vert ikkje nødvendigvis verbaliserte, men kjem fram gjennom samtale som t.d. i eksempelet om «bærblad» i artikkelen 1. Det ein derimot kan seie noko om, er kor vidt det ligg til rette for gode *læringssituasjonar*. Det kan også

tenkast at dersom ein i barnehagen og i skulen følgjer opp uteaktiviteten vil det kunne tenkast at ein betre kunne få fram kor vidt elevane har fått auka kunnskapen sin gjennom uteaktiviteten.

## 6.5 Konklusjonar og implikasjonar

Denne avhandlinga viser at utforskande naturfaglege aktivitetar ute i naturen kan bidra til at barna i barnehagen og i småskulen (1.-4. trinn) tileignar seg naturfaglege kunnskapar og interesse på ein måte som er prosessorientert og som tek utgangspunkt i barna sine eigne interesser. Funna i denne studien viser at lærarar kan stimulere barn si nysgjerrigkeit og interesse for naturelement ved å stimulere og legge til rette for at barna skal kunne få førstehandserfaringar med naturelementa.

Det er og sentralt at læraren presenterer ny faktakunnskap for barna, og koplar denne til barnet sine tidlegare erfaringar og kunnskapar, t.d. gjennom utforskande samtalar. Naturfaglege faktakunnskapar kan t.d. presenterast i form av tilleggsinformasjon eller ved å svare på barn sine spørsmål. Samstundes viser funna i denne avhandlinga at det er avgjerande at læraren kan kjenne att kva interessefasen barna er i, ettersom kva støtte barnet treng varierer mellom dei ulike fasane.

Denne studien bidreg med ny kunnskap om korleis lærarar, gjennom å utøve fagleg ekspertise og sosial og kognitiv kongruens kan støtte barna slik at dei utviklar ei djupare interesse for og kunnskapar om naturfaglege tema ute i naturen. Dette har betydning for vidare forsking ettersom det vil vere aktuelt å undersøke korleis ein kan auke lærarar si kompetanse i m.a å utøve sosial kongruens og også kognitiv kongruens.

### 6.5.1 Implikasjonar for barnehagen

Tidlegare undersøkingar viser at mange barnehagar i stor grad nyttar naturen som nettopp ein arena for opplevingar og undring, men at dei i mindre og varierande grad legg til rette for situasjonar som fremjar læring om naturfaglege tema (Ejbye-Ernst, 2012; Hammer, 2012; Kaarby og Tandberg 2017; Lynngård, 2015; Thulin & Gustavsson, 2017). Funna i denne studien viser at ved å presentere naturfagleg kunnskap for barna gjennom

å ta i bruk utforskande samtalar og å stimulere barna til å stille eigne spørsmål knytt til barna sine førstehandsopplevelingar, legg læraren til rette for at barna si interesse og utforskning kan bli utvikla vidare. Læringa vert Barnesentrert og prosessorientert og læraren viser også at han/ho tek barnet på alvor ved at ei allereie begynnande interesse kan utvikle seg vidare. Dette viser at barnehagar og kan ta i bruk naturen også som ein læringsarena samstundes med at fokuset på barnet sine interesser og utforskning vert tatt vare på.

### 6.5.2 Implikasjonar for skulen

Funna i denne studien viser at når barna tek del i utforskande naturfaglege aktivitetar utgjer barna sine førstehandserfaringar eit viktig steg i barna si naturfaglege kunnskapsbygging. Det kjem og fram at når barna tek del i ein utforskande læringsprosess er denne nært knytt opp til barna si interesseutvikling. Dette talar dette for at ein i skulen i større grad enn det som synest å vere tilfelle i dag (jf. Almendingen et al., 2003), bør ta i bruk naturen og uteområdet som læringsarena.

Gjennom denne studien kjem det fram at dersom barn som tek del i utforskande aktivitetar ute i naturen vert støtta i tråd med deira behov og interesse, vil dette kunne føre til at barna utviklar ein djupare kunnskap om, og også interesse for blomar, insekt og andre naturelement som er gjenstand for barna si merksemd. I den nye læreplanen som vart innført hausten 2020 er det eit auka/tydleg fokus på å utforske (Utdanningsdirektoratet, 2019). Denne studien bidreg med kunnskapar om korleis lærarar kan legge til rette for at gode læringsituasjonar kan oppstå når, særleg dei yngste, elevane tek del i utforskande aktivitetar. Læraren sin faglege ekspertise og evne til å utøve sosial og kognitiv kongruens er då avgjerande.

### 6.5.3 Implikasjonar for barnehagelærar- og lærarutdanninga

I denne studien kjem fram at lærarane sin faglege ekspertise og sosiale og kognitive kongruens spelar ei viktig rolle for at barn si interesse for naturelement skal utvikla seg vidare. Det er difor av stor betyding at barnehagelærarstudentar og lærarstudentar får øving i nettopp desse samhandlande kompetansane.

Dette vil kunne innebere at ein gir studentane (både i undervisningssamanheng og i praksisperiodar) erfaringar med å vere ute i naturen. Ved å få konkrete opplevinga saman med barn ute i naturen vil dette både kunne føre til at studentane får erfaringar med kva betyding den faglege kunnskapen deira har.

#### *6.5.3.1 Sosial kongruens og kognitiv kongruens*

Som det kjem fram i Rotgans og Schmidt (2011) sine undersøkingar, og også i artikkel III, påverkar sosial kongruens (og også faglege ekspertise) læraren sin kognitive kongruens. Medan fagleg kunnskap kan tileignast gjennom t.d. lesing av fagstoff, er det derimot meir utfordrande å tileigne seg kompetansar innan sosial og kognitiv kongruens.

Når det gjeld sosial kongruens, hevdar Rotgans og Schmidt (2011) at dette er ein kompetanse som vanskeleg kan tileignast, og er noko ei person innehavar i større eller mindre grad og som kan vere utfordrande å påverke gjennom korte intervensionar. Det vil då vere viktig at ein i lærarutdanninga legg til rette for at studentane får erfaringar med å samhandle med barn ute i naturen. I artikkel III kjem det fram at læraren gjennom å stille autentiske spørsmål m.a. bidreg til at barnet opplever å bli sett og at barnet sitt bidrag i samtalen er av betyding, noko som samsvarar med å utøve ein type sosial kongruens. I artikkel I, og indirekte i artikkel III, kjem det fram at utforskande samtalar er eit verktøy lærarar kan nytte for å knyte tidlegare erfaringar og kunnskapar til nye kunnskapar. Utforskande samtalar er, som tidlegare presentert, dermed eit verktøy lærarar kan ta i bruk for å utøve kognitiv kongruens. Eg vil difor hevde at ved å få øving i nettopp å stille m.a. opne og autentiske spørsmål og ta del i utforskande samtalar, vil læraren dermed samstundes også kunne få ein auka kompetansar innan visse typar sosial kongruens og kognitiv kongruens når det kjem til å handtere og følgje opp barn i utforskande situasjonar ute i naturen.

Dersom studentane får høve til å gjere opptak av og lytte til eigne samtalar med barn og deretter gå gjennom og også analysere samtalane saman med andre vil dette kunne bidra til å gjere studentane meir bevisste betydinga av deira eigen respons har på barna sitt engasjement og interesse for naturelementet. Kvifor stoppar samtalane opp, kva kunne

ein gjort annleis etc. Dette kan derimot vere utfordrande ettersom opptak av samtalar krev samtykke frå foreldra, men og fordi mange studentar berre er i praksis i korte periodar. Gjennomføring og analyse av naturfaglege samtalar med barn kan t.d. knytast til eit arbeidskrav, noko som også er praksis ved enkelte studiar i dag. Også analysar av skriftlege samtalar eller samtalar utført av andre kan bidra til at studentane vert meir bevisste si eiga rolle, men det vil likevel vere av størst nytte, slik eg ser det, at studentane sjølv tek del i samtalar med barna.

Samstundes viser denne studien (artikkel III) at sosial kongruens også omfattar å vere merksam på kva som er i fokus hos barna i den gitte situasjonen. Her vil det vere av betyding at læraren kan kjenne att kva interessefase barnet er i, eventuelt om det er i ein før-interessefase ettersom barnet har behov for ulik støtte i dei ulike fasane. For å få god øving i å kjenne att interessefasar og ta del i utforskande samtalar vil dette kunne innebere at studentane er saman med barna over tid, noko som vil vere utfordrande i undervisningssamanhang.

Sjølv om eg i denne studien har hatt fokus på situasjoner som oppstår spontant ute i naturen, vil betydinga av å utøve fagleg ekspertise og sosial og kognitiv kongruens også kunne gjelde i situasjoner som førekjem i meir planlagde settingar t.d. inne i barnehagen.

